

Årsmelding 2025

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- LEIF OVE MIKKELSEN, signert 08.04.2026 med ID-Porten: BankID
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, signert 08.04.2026 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Årsmelding 2025 - Kvinnherad Kommune

Dokumentet er signert digitalt av:

- LEIF OVE MIKKELSEN, 08.04.2026
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, 08.04.2026

Forseglet av



Posten Norge

Kommunedirektøren si oppsummering

Gode lesarar!

Gjennom denne nettbaserte årsmeldinga ynskjer kommunen å gje deg som lesar eit innblikk i det viktige arbeidet og den gode innsatsen våre tilsette i dei ulike tenesteområda har stått for, og kva kommunen har klart å få til med dei ressursane me rår over, både dei tilsette og økonomisk.

Årsmeldinga skal ivareta dei krava som kommunelova set i høve rapportering til kommunestyret. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet. Årsmeldinga gjev ikkje ei uttømande oversikt over alle aktivitetar og resultat i løpet av året, men den gir eit godt oversyn kring kommunen sine aktivitetar.

Før eg går vidare i oppsummeringa vil eg aller først takka alle tilsette i kommunen, tillitsvalde, hovudtillitsvalte, verneombod og hovudverneombod for det gode arbeidet som vert utført kvar einaste dag, kveld, natt og helg. Den samhandlinga eg ser og opplever gjennom trepartssamarbeidet er viktig for utvikling av kommunen som organisasjon.

Takk også til ordførar, varaordførar og folkevalde for engasjement, samarbeid og alle avgjersler som blir tatt gjennom året.

Visjon og verdiar

Visjonen «Saman om utvikling og gode tenester» og dei fire verdiane våre «Respekt, Omsorg, Tydeleg og Ærleg» legg grunnlaget for korleis me kan byggja felles identitet og skapa eit godt samfunn.

Berekraftig samfunns- og tenesteutvikling

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i 2022. Samfunnsplanen legg saman med handlings- og økonomiplanen grunnlaget for ei samfunns- og tenesteutviklinga gjennom året. I tillegg til handlings- og økonomiplanen byggjer dei ulike tema- og fagplanane på måla i kommuneplanen. Planane definerer og konkretiserer politiske innsatsområde og strategiar for samfunns- og tenesteutviklinga innafor dei ulike områda. Desse planane vert evaluert og oppdatert jamleg, der ein kontinuerleg jobbar for å få berekraftig drift og god balanse mellom innsatsfaktorar og resultat.

Målsetningane i planane er konkretisert i handlings- og økonomiplan gjennom indikatorar for å synleggjere måloppnåinga. I denne årsmeldinga er det rapportert på desse indikatorane for å synleggjere om vi er på rett veg.

Organisasjonen

Organisasjonen har framleis jobba med internkontroll, utarbeiding og oppdatering av rutinar og reglement. Det har også blitt jobba med ny organisasjonsplan. Vidare har kommunen hatt stort fokus på datatryggleik, og det er sjekka ut korleis ein på ulike måtar kan ta i bruk kunstig intelligens (KI) på ein trygg og effektiv måte.

Kommunebarometeret viser at Kvinnherad kommune stort sett går fram på dei fleste område. Kommunen ligg no på 120 plass. Pleie og omsorg har beste resultat med nummer 21 i landet.

Økonomi og finans

Resultatet for 2025 vart budsjettert til eit underskot på 42,2 millionar kroner. Rekneskapen for 2025 syner ved årsslutt eit netto driftsresultat eksklusiv premieavvik på 0,2 %, som er under fastsett måltal på



2,75 %. Resultatet vart betre enn budsjettert takka vere god avkastning frå Kraftfondet og gode resultat på pensjonsforvaltninga.

Auke i tenestebehovet og stort meirforbruk på drifta trakk resultatet i negativ retning. Det er viktig å snu denne trenden for at kommunen ikkje skal vere avhengig av gode år på dei ekstraordinære inntektene for å gå i balanse. I åra som kjem er det budsjettert med store investeringar og påfølgjande auke i lånegjeld som vil redusere dei tilgjengelege rammene ytterlegare. Dette vil forsterke behovet for å tilpasse driftsnivået til dei fastsette finansielle måltala for å skape ei økonomisk berekraftig framtid i Kvinnherad kommune.

Litt om stort og smått i 2025

- Helsehuset vart vedtatt
- Skarveland skule og Valen skule vart slått saman
- Satsing på arbeidsklede for tilsette i kommunen
- Den politiske arbeidsgruppa for framtidens heildøgnsomsorg vart etablert
- Stormen Amy testa kommunen sitt beredskapsarbeid og gav nyttige erfaringar
- Ei rekke kraftsatsingar i kommunen
- TV- aksjonen 2025 var til Atlas-alliansen. Kvinnheringane bidrog mellom anna både gjennom kommunestyrevedtak, skuleinnsamlingar, næringsliv, private gåver og bøsseinnsamling til at kring kr 730 tusen vart samla inn i kommunen.
- Det har vore fleire kvinnheringar som har vist igjen med sterke prestasjonar på mange arenaer
- Heildagsskulen på Hatlestrand vart vidareført
- Husnes barneskule stod ferdig i løpet av året, slik at elevane kunne ta til på ny skule etter årsskiftet
- Det vart vedtatt totalberedskapsplan
- Stimuleringsmidlar for bustadutvikling vart tildelt for første gang
- Grøn Næringspark har verkeleg markert seg som eit attraktivt næringsområde, og byggestart av biogassanlegget samt gjennomfartsveg tok til
- Hovudplan for kommunale vegar vedtatt
- Bustadsosial handlingsplan vedtatt

Utfordringar framover:

Årsmeldinga handlar om året som gjekk, men det er også viktig å sjå på kva moglegheiter og utfordringar som ligg framfor oss.

Stødig økonomistyring saman med god og effektiv tenesteyting og utvikling må prioriterast vidare i økonomiplan-perioden. Kommunestyret har i handlings- og økonomiplanen vedtatt innsparingar fram mot 2029, slik at drifta av kommunen skal ha eit berekraftig nivå. Det har såleis vore fokus på å velja nøkterne og funksjonelle løysingar, gjerne uttrykt ved at ein i større grad skal velja hyllevarer meir enn skreddarsaum.

Kommunen legg bak seg eit år med folketalsauke. Denne gledelege utviklinga vil vonleg halda fram, og vil vera ein nøkkelfaktor kring rekruttering i arbeidslivet. Til liks med fleire andre kommunar er rekruttering av naudsynt kompetanse utfordrande på fleire fagområde. Stikkord for vidare arbeid er mellom anna samarbeid med utdanningsinstitusjonar, nok bustader til tilreisande arbeidskraft, å kunna tilby robuste fagmiljø er viktig. Marknadsføring og synlegheit av det gode kvardagslivet som kommunen kan tilby skal styrkast ytterlegare. Vidare vil tydeleg arbeidsgjeverprofil, kompetanseutvikling av eigne tilsette, satsing på mangfald og inkludering vera viktige moment for å sikra riktig og tilstrekkeleg rekruttering. Lærlinggarantien må også nemnast som ein viktig rekrutteringsarena. Kommunen treng fleire fagarbeidarar.



Demografiske endringar vil gi utslag i tenestebehovet, og organisasjonen er i gang med omstillingar og tilpassingar for at innbyggjarane også i framtida skal få gode tenester. Kommunen sine tilsette skal ha trygge og gode arbeidstilhøve, og det er eit mål om at flest mogleg går i heile stillingar. Å inkludera frivillige til å bidra inn i tenestene kan vera utruleg verdifullt for lokalsamfunnet, og det vil vera viktig for kommunen å ha gode system på plass for å rekruttera, trenar og støtta dei frivillige for å sikra at deira innsats er effektiv og vert opplevd meningsfullt for alle.

Årsberetning

Driftsrekneskapen i 2025

Kvinnherad kommune leverer eit resultat på -28,4 millionar kroner i 2025. Høgare avkastning frå Kraftfondet enn budsjettert og lågare pensjonskostnader enn venta trekk resultatet i positiv retning. Meirforbruk på drifta grunna bemanningsutfordringar og bruk av vikarbyrå er hovudårsaka til det svake resultatet.

Netto driftsresultat eksklusiv premieavvik utgjorde 0,2 % av brutto driftsinntekter, som er under målet på 2,75 %.

Kostnadsveksten i drifta var på 1,0 % utover løns- og prisvekst. Årsaka til veksten er grunngeve under.

Disponering av resultat

Kommunestyret skal disponere kommunen sitt resultat i 2025. Netto driftsresultat var på -28,4 millionar kroner. Avsettingar og bruk av bundne driftsfond må takast omsyn til før disponering av mindreforbruket. Mindreforbruket som kommunestyret skal disponere kjem fram av tabellen under.

Kommunedirektør skal leggje fram rekneskapen der eventuelt mindreforbruk er avsett til disposisjonsfond, i tråd med kommunelova. Det visast til vedlegg til årsrekneskapen "Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner §5-9".

Disponering av overskot	2025
Netto driftsresultat	-28 358 007
Avsetning til bundne driftsfond	- 8 881 919
Bruk av bundne driftsfond	9 306 239
Overføring til investering	- 17 740 258
Bruk av disposisjonsfond	45 673 945



Det er sett av 17,7 millionar kroner til investeringsfond. Dette inkluderer budsjettert auke av eige kapitalfond til Kraftfondet. Etter avsetjing og bruk av fond står det igjen eit meirforbruk på 45,7 millionar kroner som må dekkast opp. I samsvar med kommunelova er meirforbruket dekket med bruk av disposisjonsfond som vist i tabellen over. Kommunedirektør vil i innstilling til vedtak føreslå ytterlegare disponeringar.

Kapitalfond

I finansreglementet til Kvinnherad står det at den indeksregulerte grunnkapitalen til Kraftfondet er urørleg for kommunestyret. Grunnkapitalen i dette tilfellet er den delen av salssummen frå salet av SKL-aksjar som vart nytta til å stifte Kraftfondet. Det er sett av 16,884 millionar kroner til dette i budsjettet. For å følgje finansreglementet bør kommunestyret sette av ytterlegare 1,1 millionar kroner til indeksregulering av grunnkapitalen.

Kraftfondet	
Indeksregulert grunnkapital	578 853 754
Balanseført grunnkapital	560 860 832
Differanse	17 992 922

Bundne driftsfond

Kommunedirektør føreslår også andre fondsføringar som ikkje var inkludert i årsoppgjeret som vart sendt til revisor:

Gåve til Omvikdalen barnehage på 50.000 som vart ikkje sett av på fond.

Midlar til toppa bemanning i barnehage som vart ikkje brukt i 2025 på 476.790 kr.

Forslag - avsetting til fond	
Gåve til Omvikdalen barnehage	50 000
Midlar til toppa bemanning - barnehage	476 790
SUM	526 790

Disposisjonsfond

Ytterlegare avsetting til kapitalfond og driftsfond medfører at bruk av disposisjonsfond aukar med 1.635.712 kroner frå 45.673.945 kroner til 47.309.657 kroner.



Frie inntekter

Skatt og inntektsutjamning

Skattetala for 2025 viser at kommunane i Noreg fekk inn 236,5 mrd. kroner i skatt på inntekt og formue. Dette er 10,8 %, høgare enn for inntektsåret 2024.

Høg sysselsetting og lønsvekst gav ein auke i innbetalt forskotstrekk i 2025 og dermed ein god auke i inntektsskatt til kommunane i 2025.

Inkludert inntektsutjamning har Kvinnherad kommune i 2025 ein skatteinngang på 98,3% av landsgjennomsnittet (96,5 % i 2024) . Utan inntektsutjamning var den same prosenten 98,0 % (94,0 % 2024).

Kvinnherad kommune hadde ein auke i skatteinngangen på 15,3 % frå 2024 til 2025 (budsjett 15,2 %) , medan kommunane samla hadde ein auke på 10,8 %. I november månad hadde Kvinnherad kommune ein auke på 22,6 mill (32%) samanlikna med november 2024. Dette skuldast i stor grad korreksjon- og marginoppgjær samt vekst i forskotstrekk.

Skatteinntekt - Kvinnherad kommune (heile tusen)	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Rekneskap 2024
Skatt	544 459	544 144	472 255
Inntektsutjamning	4 163	0	11 721
Skatt per innbyggjar i snitt av landet (uten inntektsutjevning)	98 %		94 %
Vekst frå året før (uten inntektsutjevning)	15,3 %		-1,4 %

Sidan skatteinntektene i Kvinnherad var lågare enn gjennomsnittet i landet, vart inntektsutjamninga positiv. Samla sett vart skatteinntektene, inkludert inntektsutjamning, 4,5 millionar kroner høgare enn budsjettet i 2025.

Rammetilskot

Rammetilskotet skal jamne ut forskjellar mellom kommunar slik at alle skal kunne tilby likeverdige tenester.

Faktorar som er med å bestemme rammetilskotet:

- Innbyggjartal
- Aldersamansetning i kommunen
- Kostnadsnivå (utgiftsutjamning)
- Skatteinntekter (inntektsutjamning)



	Rekneskap	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett
Rammetilskot 2025	524 963	524 162	509 030

Tabellen under syner dei forskjellige elementa av rammetilskotet i 2025.

Rammetilskot - Kvinnherad kommune (heile tusen)	
Innbyggjartilskot (grønt hefte)	477 334
Distriktstilskot (grønt hefte)	18 906
Tilleggsnummer til statsbudsjett	10 594
Budsjettsaldering (økt bemanning SFO og barnehage samt komp red skatteanslag)	2 997
Revidert nasjonalbudsjett (pensjon, inntektsbortfall barnehage, vekst frie inntekter)	15 132
SUM	524 963

Tillegg til statsbudsjettet vart gitt grunna lågare skatteinntekter enn forventa samt høgare utgifter i kommunane (økt realvekst). Stortingets saldering er justering av budsjettet slik at det balanserer. Her fastset Stortinget endeleg bruk av pengar (inkl. oljepengar). RNB justerer budsjettet etter korleis økonomien faktisk utviklar seg gjennom året (BNP, inflasjon, arbeidsledighet).

Samla sett var dei frie inntektene 5,3 millionar kroner høgare enn budsjettet. Dette skuldast i stor grad inntektsutjamning.

Eigedomsskatt

Kvinnherad kommune vedtok i 2023 å ta vekk eigedomsskatt for hus, hytter og næring. Eigedomsskatt for kraftanlegg, kraftnett og oppdrettsanlegg i sjø vil halda fram.

Inntekter frå eigedomsskatten fordeler seg følgjande.



Eigedomsskatt	2024	2025
Kraftanlegg og kraftnett	62 701 695	63 732 339
Havbruk	1 071 532	1 071 849
SUM	63 773 227	64 804 188

Kraftprisane er med å danne grunnlag for eigedomsskatt for kraftverk. Sjølv om kraftprisane har auka dei siste åra har ikkje eigedomsskatten frå kraftanlegga auka i same grad. Dette grunna takseringsreglane for kraftanlegg i Eigedomsskattelova § 8B-1, der ein har nådd maksimal takstverdi for anlegga etter dagens regelverk.

Eigedomsskatt	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Opphavleg budsjett 2025
	64 804 188	64 000 000	64 000 000

Konsesjonskraft

SKL og Statkraft pliktar å levera ein del av krafta (konsesjonsstraum) som vert produsert i Kvinnherad til kommunen. Kvinnherad kommune får tildelt 160,5 GWh i konsesjonsstraum pr år. Tak uttaksmengd er avgrensa til alminneleg forbruk i kommunen. Prisen for konsesjonskraft (ED-pris) var i 2025 12,89 øre/kWh. Legger vi til kostnader med å levere kraft inn på strømnettet vert prisen 14,95 øre/kWh.

Ishavskraft forvalta konsesjonskrafta til Kvinnherad kommune i 2025 (ny forvaltar frå 2026, Entelios AS) . Selskapet nytta to modellar ved forvaltning av konsesjonskraft i 2025. Opptappingsmodellen og budsjettprismodell. I opptappingsmodellen vert krafta sikra fleire år fram i tid med bestemte sikringsintervall. I leveringsåret skal 90-100 % av krafta vere prissikra. Budsjettmodellen tar utgangspunkt i ein referansepris som forvaltar skal styre etter (stop - loss). Handlingsrommet er at det budsjetterast med ein minimumspris som er 90% av referansepris. I 2025 vart halvparten av mengda i budsjettprismodellen (43,2 GWh) solgt til spotpris (NO2). Dette skuldast sikringsavtalar der kraftselskapa må stille sikkerheit i markedet. Høge terminprisar, store sikkerheitkrav har gitt likviditetsproblem og dermed vanskelegare å inngå nye sikringsavtalar.

16 GWh av konsesjonskrafta vert levert internt til kommunen. Prisen var i 2025 sett til 31,71 øre/kWh. Dette gav ein mindrekostnad for dei kommunale bygningane på kr 7,8 mill. mot spotpris og tilsvarende mindreinntekt for sal av konsesjonskraft.

Tabellen under viser inntekter og utgifter ved konsesjonskrafta til Kvinnherad kommune i 2025 og 2024.



Sal av konsesjonskraft	2025	2024
Sal av konsesjonskraft	118 727 207	97 451 192
Finansielt resultat	-324 263	58 251 565
SUM inntekter	118 727 207	155 702 757
Differanseoppgjør mot intern fastpris	7 804 847	6 340 774
Honorar	1 115 330	311 851
Kjøp av konsesjonskraft og innmating	21 738 850	20 727 002
SUM kostnader	30 659 027	27 379 627
Netto inntekt konsesjonskraft	88 068 180	128 323 129

Inntekter av netto konsesjonskraft kr 88,1 mill var i 2025 kr 1,5 mill høyere enn budsjettert.

Andre inntekter

Havbruksfondet

1,4 milliarder kroner vart utbetalt kommunar og fylkeskommunar gjennom Havbruksfondet i 2025. Dette var ein god del lågare enn 2024. Havbruksfondet får inntekter frå sal av ny tillatelseskapasitet til oppdrett, samt frå produksjonsavgifta på oppdrett av laks. Det har ikkje vore auksjon av nye oppdrettstillatelser i 2025. Utbetalinga er derfor lågare enn året før. Auksjon vert haldne anna kvart år, og det er derfor naturleg å sjå utbetalingane gjennom Havbruksfondet i samanheng over to år. Fondet fordel 80 prosent til kommunar og 20 prosent til fylkeskommunar.

Ein del av kommunane sin andel går særleg til kommunar som har lagt til rette for oppdrett gjennom å klarere areal i 2023 til 2025. Desse kommunane vart tilgodesett ved utbetaling i 2025.


Kvinnherad kommune sin del av lokalitets-MTB var i 2025 1,61% (akvakulturregisteret 1.september 2025).



Kvinnherad kommune si tildeling frå Havbruksfondet:

Havbruksfondet	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2024
	18 061 842	9 600 000	61 029 715

Utbetaling frå Havbruksfondet til kommunane i periode 2018 til 2025:



Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift pliktar eigarane av vasskraftverk å betale til kommunar som kompensasjon for dei skader og ulemper som følgjer av utbygging av kraftverka. NVE berekne mengde konsesjonsavgifter og fordelinga mellom dei berørte kommunane. Kraftgrunnlaget for det enkelte kraftverk vert berekna ut i få regulert vassføring og kraftverket si fallhøgde. Satsen vert regulert kvart 5. år basert på utviklinga i SSB. Dette vart sist gjort i 2024.

Konsesjonsavgift	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2024
	11 991 004	10 400 000	11 946 461

Løn

Totale lønskostnader i 2025 var 1.090 millionar kroner etter refusjonar, noko som er 1,4 % mindre enn budsjett.

Forklaringar til tabell:

- Mindreforbruk på fastløn på om lag 12 millionar kroner grunna bemanningsutfordringar og vakante stillingar



Årsmelding 2025

- Dette har ført til bruk av variabel løn(vikar, overtid, ekstrahjelp etc), som er 53 millionar kroner høgare enn budsjett
- Dette meirforbruket vart om lag utlikna av høgare refusjon enn budsjettert(sjukelønsrefusjon og refusjon grunne svangerskapspermisjon)"
- Pensjonskostnader vart lågare enn budsjettert

Lønnskostnader 2025	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjettavvik
Fast løn	787 349 311	798 310 852	-1,4 %
Variabel løn	175 025 091	121 780 976	43,7 %
Pensjon	124 680 297	145 384 714	-14,2 %
Arbeidsgjevaravgift og forsikring	110 947 156	112 115 619	-1,0 %
Refusjonar	-107 122 578	-70 991 591	50,9 %
SUM lønskostnader	1 090 879 277	1 106 600 570	-1,4 %

- Fast løn fekk eit mindreforbruk på 11,0 millionar kroner(-1,4 %), dette er ei auke frå -1,2 % i 2024. Dei ulike sektorane har god kontroll på fast-lønnsbudsjettet og alle faste årsverk er dekkja i budsjettet. Mindreforbruket skuldast vakansar særleg innan Omsorg, Helse og Sosial samt Samfunnsutvikling. Dette fører til auka bruk av vikarar, overtid og innleige frå vikarbyrå, som er dyrare løysingar.
- Variabel løn fekk eit meirforbruk på 53,2 millionar kroner(+43,7 %), hovudsakleg som følgje av bemanningsutfordringar i omsorgssektoren, noko som resulterte i omfattande bruk av vikarar og overtid. Dette er ein auke frå 32,9 % i 2024. Lønsrefusjon frå NAV er betydeleg høgare enn budsjettert, som går mot dette meirforbruket.
- Pensjonskostnadane blei 20,4 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette er omtala meir detaljert i kapittelet under.
- Refusjonar var 36,1 millionar kroner høgare enn budsjett(-50,9 %). Dette omfattar refusjonar for langtidssjukemelding, foreldrepermisjonar og lønstilskot. Avviket skuldast høgare langtids-sjukefråvær og fleire svangerskapspermisjonar enn forventa.

Som tabellen viser, er høg vikar- og overtidsbruk i 2025 i stor grad dekkja av auka refusjonar, noko som gjer at totale lønskostnader er nær budsjett. Den største utfordringa framover er bemanningssituasjonen. Mindreforbruket på fast løn har auka frå 0,6 % til 1,4 % på to år.

For å dekke tenestebehovet vert det nytta vikarar, overtid og innleige frå vikarbyrå. Kostnader til bruk av vikarbyrå kjem ikkje fram av tabellen over og er den største grunnen til det totale meirforbruket i kommunen. I 2025 var kostnadene til vikarbyrå i sektor Omsorg, Helse og Sosial på 33,2 millionar kroner, auke frå 27,5 millionar kroner året før. Ein stor del av dette gjekk til innleie av fastlegar, men også til anna helsepersonell. For å redusere talet på vakante stillingar og dermed bruken av vikarar må kommunen effektivisera drifta og samstundes styrke rekrutteringa av kvalifisert personell.



Pensjon

Samla premieavvik, inklusiv arbeidsgjevaravgift, var kr 68.574,- i 2025. Det betyr at innbetalt premie (inkl. bruk av premiefond) var omtrent lik den pensjonskostnaden SPK og KLP har berekna for 2025. Amortisert premieavvik (kostnadsføring av tidligare års premieavvik) var i 2025 på 35,5 millionar kroner. Samla sett er premieavviket som kommunen har i balansen redusert med 35,4 millionar kroner, inklusiv arbeidsgjevaravgift. I balansen har kommunen eit "krav" på 137,6 millionar kroner som skal utgiftsførast dei neste åra.

Avsett pensjon i budsjettet var i 2025 høgare enn betalt premie, grunna god avkastning av pensjonsmidlane og bruk av premiefond. Dette gav ein positiv resultatteffekt på 22,6 millionar kroner.

Tabellen under viser ei oversikt over akkumulerte premieavvik for høvesvis KLP og SPK.

Pensjon	Premieavvik		Arbeidsgjevaravgift	
	2025	2024	2025	2024
KLP Felles	102 383 479	114 754 755	10 852 650	12 187 991
SPK	6 646 216	8 266 641	704 512	877 931
KLP Sjukepleiere	15 345 578	33 374 013	1 626 632	3 539 686
	124 375 273	156 395 409	13 183 794	16 605 608
	Endring	32 020 136	Endring	3 421 814
	Premieavvik		Arbeidsgjevaravgift	
Årets premieavvik 2025	-62 002		-6 572	
Amortisert premieavvik 2025	32 082 138		3 428 386	
	32 020 136		3 421 814	

Finans

Kraftfondet

Kraftfondet sin verdi auka med 6,0 % i 2025, noko som tilsvare ein avkastning på 61,8 millionar kroner. I desember vart det gjennomført eit nedsal på 30,0 millionar kroner, noko som reduserte verdien på Kraftfondet ved årsslutt til 1.070 millionar kroner. Alle aktivaklasser gav positiv avkastning, med særleg sterke resultat frå aksjefonda og eigedom. Private Equity og hedgefondet leverte skuffande resultat. Utviklinga i Kraftfondet er nærare omtala i årsrapporten til Kraftfondet.



Avkastninga fordelt på aktivaklasser var som følger:

Kraftfondet	Verdi	Avkastning
Globale aksjar	230 568 952	13,5 %
Nordiske aksjar	117 033 383	17,8 %
Private Equity	236 790 777	-5,2 %
Hedgefond	61 831 736	4,2 %
Eigedom	149 135 506	9,1 %
Obligasjonar	104 385 532	5,6 %
Pengemarknad	109 162 637	5,3 %
Høgrentefond	61 098 476	9,4 %
SUM	1 070 006 999	6,0 %

Renteinntekter og utbyte

Renteinntektene til kommunen var på 12,2 millionar kroner i 2024, ei auke på 305 tusen kroner frå året før.

Renteinntekter	2024	2025	Endring
Bank	5 911 774	7 408 808	1 497 034
Startlån	6 021 652	7 712 681	1 691 029
Næringsliv	57 143	55 347	-1 796
Fond VA	216 053	246 206	30 153
SUM	12 206 622	15 423 042	3 216 420

Renteinntekta frå bankinnskott er auka grunna høgare rente. Renteinntektene frå startlån fortsett å auke i takt med at rentebindingar på låntakarar går ut og må fornyast på høgare nivå, i tillegg til stor auke i utbetalt startlån. Grunna tap på VA-området dei to siste åra er VA-området i gjeld til kommunen som det vert betalt rente av.

Kvinnherad fekk i 2025 utbyte på 9,5 millionar kroner frå Eviny(tidlegare BKK) og 5,5 millionar kroner frå Kvinnherad Energi. Samla utbyte var på 15,3 millionar kroner, i tråd med revidert budsjett.



Rentekostnader

Rentekostnadane hamna på 83,6 millionar kroner i 2025, omtrent 1,2 million kroner over budsjett. Rentekostnadane har auka betydeleg dei siste åra, men i 2025 vart snittrenta til kommunen redusert frå 4,33 % til 3,90 % grunna reduksjon i den flytande renta. Gjeldsnivået i Kvinnherad kommune auka med 148 millionar kroner i 2025 som førte til at det totale gjeldsnivået har bikka 2 milliardar kroner. Auken er grunna i store investeringar i Husnes barneskule, Heradstun og Kvinnheradpakken.

	2022	2023	2024	2025
Gjennomsnittleg rentesats	2,11 %	3,64 %	4,33 %	3,90 %
Låneportefølje	1 750 586 023	1 733 058 299	1 909 735 639	2 057 569

Det er venta at den flytande renta vil gå opp i løpet av 2026 før den går ned og stabiliserer seg på eit nivå som er likt med kommunen si snittrenta i dag. Dette betyr at kommunen må tilpasse seg dagens rentenivå, som er betydeleg høgare enn rentenivået dei seinare åra. I tillegg er det budsjettert at gjelda vil stige i perioden 2026-2029 til nærare 2,3 milliardar kroner. Rentekostnadane vil difor ta stadig større del av dei kommunale midlane som står til disposisjon og krev ein effektivisering på andre områder.

Dei fastrenteavtalene som kommunen har pr årsskiftet er:

Fastrenteavtaler pr 31.12.2025			
Bank	Beløp	Utløpsdato	Rentesats
Kommunalbanken	215 000 000	14.02.2031	4,390 %
Kommunalbanken	100 000 000	09.08.2030	3,990 %
Kommunalbanken	326 192 000	26.09.2029	2,161 %
Kommunalbanken	195 700 000	16.03.2038	3,650 %

Kommunedirektør forvaltar gjeldsportefølja etter dei rammene som er vedteke i finansreglementet. Ved utgangen av året var gjeldsportefølja i tråd med reglene i finansreglementet. Del fastrente av portefølja er auka i løpet av året frå 45 % til 51 %.

Verdi	Grenseverdier	31.12.2025
Gjenværende rentebinding skal være mellom 1 og 5 år	1,00 - 5,00	3,05
Min 1/3 fastrente, min 1/3 flytende rente	33,00 - 67,00	51 %
Renteløpetid skal være 3 år	2,00 - 4,00	3,05



Verdi	Grenseverdier	31.12.2025
Et enkeltlån skal ikke overstige 30 % av låneporteføljen	Maks. 1,00	0

Sektorane sine resultat

Drifta hadde i 2025 eit meirforbruk på 49,0 millionar kroner. Dette tilsvarer eit avvik mot budsjett på 3,9 %.

Driftsbudsjett	Rekneskap	Revidert budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Samfunnsutvikling	51 603 704	54 447 592	- 2 843 888	-5,2 %
Oppvekst	412 319 617	405 520 296	6 799 321	1,7 %
Omsorg, Helse og Sosial	655 229 608	607 571 774	47 657 834	7,8 %
Teknikk og Miljø	105 160 083	105 235 665	- 75 582	-0,1 %
Administrasjon	48 731 555	51 929 269	- 3 197 714	-6,2 %
Kommunedirektør	19 396 591	19 839 695	- 443 104	-2,2 %
Politikk	10 897 114	9 757 536	1 139 578	11,7 %
Kvinnherad kommune	1 303 338 272	1 254 301 827	49 036 445	3,9 %

Meirforbruket i 2025 er ein auke frå meirforbruket frå 2024(2,3 %) og er den største utfordringa til økonomien til kommunen. Som tabellen over syner er meirforbruket innan sektor Omsorg, Helse og Sosial. Det vert jobba aktivt med å tilpasse drifta til budsjetttrammene og med å avdekke kostnadsreducerande tiltak i andre sektorar for å dempe det totale meirforbruket. Årsakene til meirforbruket i 2025 vert forklara under.

Forklaringar til dei største avvika

Samfunnsutvikling

Sektoren leverte eit mindreforbruk på 2,8 millionar kroner (-5,2 %). Mindreforbruket kjem hovudsakleg av vakansar på faste stillingar der det ikkje har vore leigd inn vikar.

Som omtala i tidlegare årsmeldingar har sektoren merka betydeleg inntektssvikt på byggesak og oppmåling. Dette har ført til at desse områda har gått med tap dei siste åra. I tillegg er fonda som skal dekke tap på desse sjølvkostområda i løpet av eit kalenderår tømt. Tapa dei tre siste åra har difor



redusert resultatet til kommunen. Det positive er at inntektene frå byggjesak auka frå 2,2 til 3,1 millionar kroner i fjor. Inntektene frå oppmåling blei derimot redusert frå 2,2 til 1,3 millionar kroner.

Oppvekst

Sektoren leverte eit meirforbruk på 6,8 millionar kroner (1,7 %), ein klar reduksjon frå 5,1 % i 2024. Meirforbruket kjem i hovudsak av:

- Aukande kostnader til tilrettelegging i barnehage
- Aukande kostnader til individuell tilrettelegging på skule

Årsakane til budsjettoverskridinga er vanskeleg å forutsjå, men sektoren må ta grep for å ta høgde for aukande kostnader til desse områda.

Den ordinære drifta til sektoren er i balanse og dei fleste skular og barnehagar leverer eit rekneskap med mindreforbruk eller nær balanse. Dei siste åra har budsjettet til sektoren blitt redusert i takt med reduksjon i elevtal på skulane. Det er merkbart vanskelegare for skulane å innarbeida kutta i drifta, særleg for dei minste skulane.

Omsorg, Helse og Sosial

Sektoren leverte eit meirforbruk på 47,7 millionar kroner (7,8 %), ei stor auke frå 2,0 % i 2024. Meirforbruket skuldast i hovudsak

- Bruk av vikarbyrå, vikarbruk og overtid på institusjonane
- Bruk av vikarbyrå, vikarbruk og overtid i heimetenestene
- Bruk av vikarbyrå og aukande bruk av overtid i legetenesta

Stor vekst i eigenbetaling for langtids plassar på institusjon bidrog til å redusere meirforbruket.

Den store bruken av vikarbyrå og anna bruk av vikarar og overtid kan i hovudsak knyttast til:

- Bemanningsutfordringar
- Fleire ressurskrevjande pasientar
- Høgt sjukefråvær

Teknikk og Miljø

Sektoren leverte eit rekneskap i balanse(-0,1 %) i 2025, som sektoren også gjorde i 2024.

Meirforbruk innan Brann og Veg og park er blitt dekkja opp med mindreforbruk innan Reinhald og sektorkontoret.

Sektoren har vist god budsjett disiplin gjennom året ved å dekke opp for dette meirforbruket gjennom å redusere kostnader på andre områder.

Administrasjon

Administrasjon leverte eit mindreforbruk på 3,2 millionar kroner (-6,2 %). Mindreforbruket i 2024 var på 8,6 %.



Administrasjonen har lukkast med å halda låge kostnader til eksterne konsulentar. Ved fråvere grunna permisjonar eller sjukmeldingar har oppgåver blitt omfordelte internt. Det er ikkje nytta vikarar, noko som har bidrege til god økonomistyring.

Alle kostnader knytt til kurs og innkjøp vert grundig vurderte og prioriterte for å sikra fornuftig bruk av offentlege midlar.

Kommunedirektør

Området Kommunedirektør leverte eit mindreforbruk på 2,2 % i 2025. Ingen spesielle avvik å merke seg.

Politikk

Politikk leverte eit meirforbruk på 1,1 millionar kroner (11,7 %), etter mindreforbruk på 8,8 % i 2024. Hovudgrunnane til meirforbruket er:

1. Auke i godtgjersle utvalsleiar som var ikkje innarbeidd i budsjett
2. Møtegodtgjersle for 2. halvår 2024 vart utbetalt i 2025.
3. Høgare kostnader til valgjennomføring enn budsjettet

Investeringar i 2025

Investeringar 2025	
Alle investeringar (heile tusen)	262 818
Vatn	8 740
Avløp	8 820
Veg, park og idrett	16 316
Bygg	146 300
Eigendom	1 601
Teknikk og Miljø	10 333
Vedlikehald bygg	9 987
Vedlikehald veg, park og idrett	12 203
Andre prosjekt	49 408

Kvinnherad kommune investerte for 262,8 millionar kroner i 2025. Dei største investeringane har vore bygging av Husnes barneskule, Heradstun og bidrag til Kvinnheradpakken.



Investeringar 2022 - 2025 (heile tusen)	2025	2024	2023	2022
Alle investeringar	262 818	302 156	132 353	259 297

Tabellen under syner dei største investeringane i 2025 (over kroner 5,0 mill):

Store investeringsprosjekt 2025 (heile tusen)	
Ny Husnes skule	117 934
Kvinnheradpakken	33 000
Omsorgsbustader Heradstun	23 413
Kunstgrasbane Husnes	9 757
Ombygging kommunale bygg	8 621
Kommunale vegar/kaier	6 819
Kunstgrasbane Rosendal	6 559
Avløpssantering Røssland område B og C	6 423
Grøn Næringspark	5 427

Balansen

Kommunen sin samla balanse (sum einedeler) var verdt 6,8 milliardar kroner ved utgangen av 2025, ei auke på 0,4 milliardar kroner frå året før. Dette skuldast i stor grad ein auke i driftsmidlar (investeringar) samt pensjonsmidlar (berekna avsett pensjon ansatte). Kraftfondet har i balansen ein auke på 31,7 mill.

Eigendelar	2025	2024
Varige driftsmidler	2 657 439 258	2 557 975 682
Aksjer og andeler	275 513 256	271 245 661
Pensjon	2 221 527 224	1 964 088 408
Utlån	240 220 713	199 695 035
Bank	97 218 960	105 115 394



Årsmelding 2025

Eigendelar	2025	2024
Kraftfondet	1 070 543 114	1 038 757 559
Kortsiktige fordringar	106 921 350	109 620 473
Premieavvik	137 559 067	173 001 017

Finansiering av egedeler (passiva):

Eigenkapital og gjeld	2025	2024
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	419 015 155	464 723 358
Bundne driftsfond	74 965 741	74 429 564
Ubundne Investeringsfond	165 163 267	169 249 352
Bundne investeringsfond	434 571 503	434 855 723
Kapitalkonto (anna EK)	1 112 786 918	1 123 631 694
Gjeld		
Husbanken	219 379 406	171 544 882
Anna gjeld	1 838 189 800	1 738 190 757
Pensjonsforpliktelseser	2 320 522 486	2 019 567 951
Kortsiktig gjeld	236 700 461	237 691 393

Den langsiktige gjelda, som består av banklån og husbanklån, auka med 148 millionar kroner i 2025. Pensjonsforpliktelsane har gjennom året auka med 300 millionar kroner.

Dei kommunale fonda er redusert med 49,5 mill i 2025. Kommunen har brukt kr 45,6 mill av disposisjonsfond i 2025 for å saldere drifta (budsjett 58,0 mill.)

Disposisjonsfondet i % av brutto driftsinntekter viser 23,6%. Dette er ein nedgang frå 2024 (27,2%). Kostragruppe 8 som vi samanliknar oss med ligg på 9,4%.



Arbeidskapital:

Arbeidskapital viser kommunen si kortsiktige økonomiske handlefridom det vil sei kor mykje pengar kommunen har tilgjengelig til å betale løpande utgifter.

Arbeidskapital vert ofte definert som omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld.

I oversikten under er kraftfondet samt premieavvik trekt ut av omløpsmidlar. Dette er beløp som vi reknar har ein lengre tidshorisont enn eit år.

Reell arbeidskapital	2025	2024
Bank	97 218 960	105 115 394
Kortsiktige fordringar	106 921 350	109 620 473
Kortsiktig gjeld	-236 700 461	-237 692 023
Arbeidskapital	-32 560 151	-22 956 156
Unyttta lånemidlar	94 509 206	59 461 544

Arbeidskapitalen er negativ 32,5 mill. mot minus 22,9 inn i året. Dette vert dekt opp gjennom unyttta lånemidlar (ub 94,5 mill). Kommunen har i tillegg ein kassakreditt på 50,0 mill.

Eit budsjettmessig meirforbruk, bruk av unyttta lånemidlar samt bruk av fond vil gi kommunen likviditets problem. Dette må då dekkast gjennom nedsal av kraftfondet.

Kraftfondet hadde ein verdi på 1.070 millionar kroner ved utgangen av året. I balansen er 1.003 millionar kroner av verdien finansiert gjennom avsette fond knytt som er knytt opp i mot verdiauken av kraftfondet sidan 1997. Vi kan dermed sei at 67 millionar av kraftfondet er lånefinansiert (gjennom unyttta lånemidlar).



Finansiering av Kraftfondet		
	31.12.2025	31.12.2024
Verdi Kraftfondet	1 070 543 114	1 038 757 557
Finansiert med:		
Kapitalfond	559 292 171	564 360 833
Disposisjonsfond	444 049 414	428 365 922
SUM	1 003 341 585	992 726 755
Avvik	67 201 523	46 030 802

Finansielle måltal og handlingsreglar

Kommunane si drift omfattar eit breitt spekter av tenester og oppgåver. Det samla tenestnivået er eit resultat av både statlege føringar og retningslinjer, og lokale prioriteringar. Tenestebehovet endrar seg over tid, mellom anna som følgje av endringar i krav og demografi.

Finansielle måltal og handlingsreglar er enkle og nyttige styringsverktøy for å gjere driftsnivået målbart og samanliknbart over tid og med andre kommunar. Dei kan vere til hjelp for å vurdere driftsnivå og resultat opp mot andre, og gir samstundes eit bilete på utviklinga i kostnadsnivået og berekrafta i forholdet mellom kostnader og inntekter.

Denne typen måltal er særleg nyttig for kommunar som Kvinnherad, der store delar av inntektene kjem frå kraft og havbruk, og dermed varierer meir enn andre kommunale inntekter. Sidan 2021 har Kvinnherad kommune hatt høge inntekter frå desse kjeldene. Inntektene er nytta til å redusere gebyrnivået til innbyggjarane, finansiere store investeringsprosjekt og auke driftsnivået.

Utviklinga dei siste åra og resultatet for 2025 viser at det no er behov for å justere driftsnivået ned. Forholdet mellom inntekter og utgifter er for svakt, noko som kjem til uttrykk i dei finansielle måltala. Utan tilstrekkelege tiltak vil dette svekke den økonomiske stabiliteten som er bygd opp dei siste 5 åra.

Kostnader i % av inntekter

2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
102 %	102 %	94 %	86 %	102 %	105 %	105 %

Etter åra 2021 og 2022, då kraftprisane var ekstraordinært høge, har dei ekstraordinære inntektene dempa seg. Samstundes har både renteberande gjeld og driftskostnader auka meir enn dei statlege



overføringane. Dette gjev utslag på likviditeten som utfordrar både drifta og berekrafta i den økonomiske forvaltninga av Kraftfondet. Dei tre siste åra har kostnadsnivået vore 195 millionar kroner høgare enn inntektene. Dette aukar avhengigheita til Kraftfondet og utfordrar handlingsregelen om at Kraftfondet skal forvaltast til beste for framtidige generasjonar.

Auke sidan 2021

Driftsinntekter	17 %
Driftskostnader	30 %
Renteberande gjeld	22 %

Utviklinga har ført til at Kvinnherad kommune i 2025 leverer eit rekneskap under dei fastsette måltala, og det første negative netto driftsresultatet på 15 år. Aukande driftskostnader er hovudårsaka til at kommunen oppfyller berre eitt av fire finansielle måltal i 2025, og utgjør den største utfordringa for økonomien framover.

Kommunestyret har i handlings- og økonomiplanen for 2026-2029 vedteke eit effektiviseringskrav på 62 millionar kroner i planperioden. For å sikre ein berekraftig økonomi må desse krava realiserast, i tillegg til at meirforbruket i tenestene må fjernast. Arbeidet med dette er i gang og vil gje resultat allereie frå 2026. Resultata vil bli rapporterte til kommunestyret i løpet av 2026.


Finansielle måltal	Mål	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat eksl premieavvik	2,75 %	5,5 %	2,1 %	15,2 %	3,1 %	2,1 %	5,1 %	0,2 %
Likviditetsresultat	1,00 %	-3,1 %	-1,7 %	4,6 %	3,7 %	-3,3 %	-1,0 %	-3,3 %
Renteberande gjeld	100 %	89 %	89 %	77 %	66 %	72 %	77 %	80 %
Avkastning Kraftfondet utover risikofri rente	2,50 %	13,8 %	6,1 %	15,8 %	-3,9 %	5,9 %	7,1 %	2,0 %

Finansielt måltal 1: Netto driftsresultat(eksl. premieavvik) i % av brutto driftsinntekter

Mål: 2,75 %

Dette måltalet skal sikre at kommunen har lågare kostnader enn inntekter, slik at ein kan handtere svingingar og samstundes skape handlingsrom for politiske prioriteringar. Resultatet for 2025 er 0,2 %, som er betre enn budsjettert, men framleis langt under målet. Hovudårsaka til avviket frå budsjett er høgare avkastning frå Kraftfondet og lågare pensjonskostnader enn venta.






Finansielt måltal 2: Likviditetsresultat i % av brutto driftsinntekter

Mål: 1,0 %


Avkastninga frå Kraftfondet har stor påverknad på det samla resultatet. Likviditetsresultatet viser resultatet utan denne avkastninga, og gir dermed eit uttrykk for kor avhengig drifta er av fondet. Eit positivt likviditetsresultat inneber at drifta ikkje er avhengig av nedsal frå Kraftfondet. Dei tre siste åra har likviditetsresultatet vore negativt med til saman 127 millionar kroner. Utan tiltak vil denne situasjonen krevje store nedsal frå Kraftfondet.



Finansielt måltal 3: Renteberande gjeld i % av brutto driftsinntekter

Mål: 100 %

Gjeldsnivået er framleis handterbart, trass i auke dei siste åra. I perioden 2019-2023 vart den renteberande gjelda redusert med 75 millionar kroner, og auke driftsinntekter bidrog til ein tydeleg reduksjon i gjeldsgraden. Sidan 2023 har gjelda auka med 261 millionar kroner, noko som har ført til at gjeldsgraden har auka frå 72 % til 80 %.




Finansielt måltal 4: Avkastning Kraftfondet utover risikofri rente

Mål: 2,5 %

I 2025 var avkastninga i Kraftfondet lågare enn målet, hovudsakleg som følgje av svak utvikling i private equity-marknaden og mindreamkastning i enkelte aksje- og hedgefond. Målalet skal sikre at avkastninga i Kraftfondet er høg nok til å forsvare at midlane vert forvalta i finansmarknaden. Det er samstundes viktig å sjå på denne avkastninga over tid. Sidan 2019 gjennomsnittleg meiravkastning vore 3,2 %, som er over målet på 2,5 %.





Dokumentet er signert digitalt av:

- LEIF OVE MIKKELSEN, 08.04.2026
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, 08.04.2026

Forseglet av



Posten Norge

Personal og organisasjon

Organisasjon og styring

Organisasjonen:



Organisasjonen Kvinnherad kommune bygger på nokre prinsipp. For at organisasjonen skal fungera er det viktig at alle har ei felles forståing av prinsippa som me ynskjer å byggja organisasjonen rundt. I 2024 og 2025 har vore jobba med revidering av organisasjonsplan utan at arbeidet har vorte ferdigstilt. Arbeidet fortset.

Prinsippa er:

- Organisasjonen som eit heile
- Organisering med utgangspunkt i tenestene
- Tydeleg leiing og meir bruk av prosjektorganisering på tvers av tenesteområde
- Rett og plikt til å delta i organisasjonen
- Rett og plikt til samhandling
- Vekt på fellesskapsløysingar
- Fokus på organisasjonen sin bruk av fellesskapsløysingar
- Laga system for ein lærande organisasjon



Administrasjon - organisasjonen


Kommunedirektør er kommunen sin øvste administrative leiar og er ansvarleg for saksutgreiingar for folkevalde organ og iverksetjing av politiske vedtak. Kommunedirektøren sitt ansvar og mynde er nærare skildra i delegeringsreglementet som er vedteke av kommunestyret.

Sektorleiarane er ansvarlege for sine sektorar/tenestekområde innfor ramma av dei fullmakter som er delegert frå kommunedirektøren. Det inneber at sektorleiarane har mynde til å sikra einingane si drift, både når det gjeld faglege, økonomiske, personalmessige og organisatoriske høve.

Einingsleiarane for dei einskilde einingane skal ha fokus på drift og tenesteproduksjon. Kvalitetsutvikling skal stå sentralt. Einingsleiarane/Avdelingsleiarane har også ansvar for oppfølging av kvar einskild tilsett. Personalarbeid skal vera prioritert.

Kommunen skal både sikra effektiv drift og ivaretaking av tilsette, syta for gode tenester til innbyggjarane, og samtidig ha fokus på nødvendig utviklingsarbeid og innovasjon i tråd med samfunnet og innbyggjarane sine behov.

Politikk:



Kommunestyret har 35 medlemmer med varamedlemmer, valde av dei røysteføre innbyggjarane i kommunen, etter reglar fastsett i lov. Valet gjeld for den kommunale valperioden. Kommunestyret er det øvste kommunale organ og har det totale ansvar for kommunen si samla verksemd, slik det går fram av kommunelova.

Formannskapet har 9 medlemmer i tillegg til varamedlemmer valde av kommunestyret etter dei reglar som går fram av kommunelova. Ordførar leiar møta i formannskapet. I tillegg til det ansvar og dei gjeremål som er pålagde



formannskapet direkte etter kommunelova, har formannskapet hovudfokus på utvikling av kommunen, med følgjande særlege ansvarsområde og gjeremål:

- Overordna politiske leiing- og samordningsoppgåver
- Leia og samordna arbeidet med årsbudsjett, handlingsplan og økonomiplan
- Budsjett- og rekneskapsoppfølging
- Interkommunalt samarbeid
- Gjennomføring av kommunale investeringsoppgåver
- Styre for Næringsfondet
- Sal- og skjenkesaker
- Ta initiativ og få utgreidd viktige politiske saker.
- Utvida mynde i hastesaker, jf. Kommunelova § 11-8
- Formannskapet fører kontroll med at vedtak innanfor ansvarsområdet sitt blir utførte.

Annankvart møte i formannskapet har også dette året vore gjennomførte hos bedrifter i kommunen, møta har vore på Hatlestrand Oppvekstsenter (06.03.), Husnes Helsesenter (15.05.), Rosendal Fjordhotel (Budsjettsamling og f. møte 16.10.), Kvinnherad Arena (Budsjettmøte og f.møte 13.11.) Det har vore orienteringar i frå Nasjonalforeningen for folkehelsen og lokale helselag, Kvinnherad Næringservice, SKL, Atheno og Invest in Sunnhordland.

UTVAL OG RÅD:

Levekårsutvalet er oppretta i medhald av § 5-3 i kommunelova og har 7 medlemmer i tillegg til varamedlemmer, valde for 4 år. Leiar og nestleiar er valde av kommunestyret. Utvalet kan innanfor sitt mynde og ansvarsområde ta initiativ og få utgreidd viktige politiske saker.

Plan, Teknikk og miljø utvalet er oppretta i medhald av § 10 pkt. 1 - 3 i kommunelova og har 7 medlemmer i tillegg til varamedlemmer, valde for 4 år. Leiar og nestleiar er valde av kommunestyret. Utvalet sitt verkeområde skal, innafor grensene av dei aktuelle lovar og forskrifter, i hovudsak rettast mot saker som gjeld offentlege tenester og samfunnsutvikling i offentlig og privat regi.

Forvaltningsutvalet er oppretta i medhald av § 5-3 i kommunelova og har 7 medlemmer i tillegg til varamedlemmer, valde for 4 år. Leiar og nestleiar er valde av kommunestyret. Utvalet sitt verkeområde skal, innafor grensene av dei aktuelle lovar og forskrifter, i hovudsak rettast mot saker og løyve som gjeld privatpersonar og private rettssubjekt. Private reguleringsplanar går til PTM.

Investeringsutvalet er oppretta i medhald av § 5-3 Kommunelova. Utvalet har 5 medlemmer i tillegg til varamedlemmer, valde for 4 år. Leiar og nestleiar av utvalet er vald av kommunestyret. Utvalet rapporterer til kommunestyret når kommunedirektøren har sine kvartalsrapporteringar. Utvalet innstiller til kommunestyret. Utvalet har delegert mynde til å ta avgjerd i saker som er nemnde ovanfor, avgrensa mot lov, kommunestyret sine oppgåver og delegerte fullmakter til kommunedirektøren.

Adminstrasjonsutvalet er eit partsamansett utval oppretta med heimel i kommunelova § 5-2, jamfør Hovudavtalen del B § 4. Partsamansett utval der 3 representantar er politisk valte og 2 arbeidstakarrepresentantar. Leiar og nestleiar vert valt av kommunestyret. Ordførar eller varaordførar skal vera med i utvalet.

Eldrerådet er oppretta i medhald av kommunelova § 5-2 bokstav e. Eldrerådet har 5 medlemmer med personlege varamedlemmer; - 4 av medlemene er valde frå organisasjonar for dei eldre, og 1 medlem frå



politikarar, valde av kommunestyret for den kommunale valperioden. Kvart kjønn skal vera representert med minst 40 %. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Politisk valt representant er råda til å ikkje vera leiar og nestleiar. Eldrerådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Rådet får komme til kommunestyret i løpet av året og orientera om arbeidet sitt. Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne er oppretta i medhald av kommunelova § 5-12. Rådet har 5 medlemmer med personlege varamedlemer. - 4 av medlemene er valde blant personar med funksjonsnedsetting eller deira pårørandeorganisasjonar, og 1 medlem frå politikarar, valde av kommunestyret for den kommunale valperioden. Kvart kjønn skal vera representert med minst 40 %. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Politisk valt representant er råda til å ikkje vera leiar og nestleiar. Rådet får komme til kommunestyret og orientera om arbeidet sitt ein gong i året. Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem personar med funksjonsnedsetting. 34 Rådet skal kvart år leggja fram melding til kommunestyret om verksemda si. Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar.

Ungdomsrådet er eit rådgevande og lovpålagt folkevalt organ jf. kommunelova § 5-12. Rådet er sett saman av 7 ungdomar som representerer aldersgruppa 13 – 19 år. Kvar representant skal ha eit personleg varamedlem. Val på kandidatar til ungdomsrådet skal organiserast som demokratiske val på skulane i løpet av mars månad, partalsår. Kandidatane treng ikkje vera medlem av elevrådet ved skulen dei representerer. På skulane er det elevrådet som organiserer valet. Det er ønskeleg med mest mogleg lik kjønnsfordeling, og at alle ungdomsmiljø er representert.

Oversikt politiske møte 2025:

Utval:	Tal møte 2025	Tal saker 2025
Kommunestyret	9	123
Formannskapet	10	71
Forvaltningsutvalet	8	77
Levekårsutvalet	8	47
Plan, teknikk, miljøutv.	7	45
Administrasjonsutvalet	5	19
Investeringsutvalet	5	15
Eldrerådet	10	
Ungdomsrådet	6	
Rådet for menneseke med nedsett funksj.evne	9	

Politisk sekretariat:

2 tilsette (1,4 årsverk): Tilsette har ansvar for dei politiske møta. Det omfattar møteinnkalling, deltaking på alle møta med unnatak av ungdomsråd, administrasjonsutval og investeringsutvalet. Ansvar for protokoll. Ansvar for kommune-tv (Web). Dei tilsette har også fått tildelt oppgåver rundt kommunal vigsel som kommunane har overteke. Etter kommunevalet og krav i ny kommunelov er det no fleire faste utval enn tidlegare, noko som medfører meirarbeid for sekretariatet og det er pr. i dag knappe ressursar knytt til sekretariatet. Dette går ut over andre oppgåver.



Arbeidsgjevar

Kvinnherad kommune er den største arbeidsgjevaren i kommunen med om lag 1260 årsverk og 1700 tilsette. Kommunen er ei kunnskapsbedrift der tilsette og leiarar saman utgjer den viktigaste ressursen for å yta gode tenester. Den vedtekne arbeidsgjevarstrategien byggjer på kommunen sine verdiar og handlar om å skapa tillit og utvikla gode relasjonar mellom ulike funksjonar og rollar i kommunen.

Kommunen som arbeidsgjevar har fokus på å:

- Utvikla og behalda eigne tilsette
- Rekruttera
- Fremja likestilling mellom kjønn
- Fremja likestilling for innbyggjarar med etnisk bakgrunn
- Leggja til rette for kunnskapsdeling og kompetanseutvikling eigne tilsette
- Leggja til rette for eit arbeidsmiljø med fokus på nærvær, meistring og variasjon, humor og glede

Kommunen hatt fokus på heiltidskultur også i 2025. Praksis er at når ei stilling vert ledig skal vedkomande leiar undersøkje i eininga/avdelinga om nokon i deltidsstilling vil auka opp sin stillingsprosent.

Del heiltidsstillingar i Kvinnherad har gått frå 45,4% i 2021, til 53,1% i 2025. Gjennomsnittleg stillingsprosent har auka frå 73,6 % til 77,9%. Det har vore ei god utvikling dei siste åra. Når ein les desse tala er det viktig å kjenna til at kommunen har mange små stillingar t.d. i brannvernet, helgevaktstillingar i omsorgsyrka og badevakter med i desse tala, desse stillingane er ikkje stillingar som kan aukast, og dei vil naturleg dra ned prosenten.

Det er også viktig å hugsa at nokre tilsette sjølv vel å gå i redusert stillingsprosent i periodar av arbeidslivet. Slike ynskje om reduksjon i stilling kan vera knytt til ulike livsfasar, helse og familie.

Samhandlingsformer partane i arbeidslivet

Uformell kontakt - Informasjon - Drøftingar - Forhandlingar

Samhandlingsmøte mellom hovudtillitsvalte (HTV), hovudverneombod (HVO) og arbeidsgjevar på overordna nivå skjer i hovudsak ein gong kvar månad. Samarbeidet har ein eigen Teamskanal, og her vert lagra årshjul, oversikt partssamansett arbeid, sakliste og referat frå møta. Dei enkelte tenesteområda har i tillegg møteplan for HTV og HVO innan eigne tenesteområde.

I 2025 føregjekk samarbeid om mellom anna desse sakene:

- Lønspolitisk plan, revidering kvart år
- Sak om seniorpolitikk
- Lærlingar og fast tilsetting etter endt læretid - nytt vedtak i administrasjonsutvalet hausten 2025
- Lokale forhandlingar (kapittel 3 og 5)
- Revisjon permisjonsreglement

Arbeidsmiljølova, hovudavtalen og hovudtariffavtalen (HTA)

Definerer rammer for tilsette sin rett til medbestemming og involvering.



Løn - lønspolitisk plan

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Dei fleste store yrkesgruppene i kommunen er plassert i kapitel 4, og har løn i høve til sentralt fastsett minsteløn, med eventuelle justeringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre grupper får løna si fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane. Dette gjeld for kapitla 3 og 5.

Ved tilsetjing i einskilde stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå i tilsvarande stillingar og bransje, kompetanse, rekrutteringsbehov og krav frå søkjar. Lønsskorridorar i lønspolitisk plan skal vera førande for kapitel 3 og 5, knytt til stillingskodar og minimum/maksimum løn i stillingane.

I 2025 vart det gjennomført lokale lønsforhandlingar i kap. 3 og 5. Kommunedirektør vurderer at lønsoppgjret ikkje endra lønstilhøva mellom kvinner og menn.

Lønspolitisk plan vert revidert (mindre revidering) etter at lønsoppgjret er avslutta.

Kompetanse

Å sikra oppdatert og/eller ny kompetanse er ei utfordring for kommunen. Å utvikla eigne tilsette ved å yta økonomisk støtte til ny og oppdatert kompetanse vil vera svært viktig vidare framover. Slik støtte vert i dag belasta budsjettet i den enkelte sektor. Dette kjem i tillegg til øyremerka midlar kommunen får frå stat og fylkeskommune.

MerKompetanse heiter kommunen sitt e læringsverktøy. Alle tilsette har tilgang. Alle kursa er kvalitetssikra og tilpassa dei ulike tenesteområda.

Likestilling - Deltid og midlertidigheit

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
1 374	343	232	30	626	160

Kommentar til tabell likestilling - deltid og midlertidigheit:

Snittløn omfattar alt arbeidsvederlag (ordinær løn, overtidsgodtgjersle og andre variable tillegg), jamfør lønsskartleggingsplikta.

Likestilling

Kommunen skal følgja krava i lova og ha gode prosessar knytt til rekruttering og tilsetjing for å ivareta korrekt kjønnsfordeling, mangfald, like moglegheiter og likeverdige rett til deltaking for alle tilsette uavhengig av kjønn, alder, nasjonalitet, etnisitet, funksjon og bakgrunn. Kjønnsfordeling mellom kvinner og menn syner som førre år, at over 80% av kommunen sine tilsette er kvinner. Kommunen har ei utfordring når det gjeld å rekruttera menn i barnehagane, skulane og i pleie og omsorgsyрке. Her er truleg løna ein viktig faktor fordi kommunen greier ikkje alltid å konkurrera med privat næring.

Diskriminering

Likestillings- og diskrimineringslova skal fremja likestilling, sikra like moglegheiter og rettar og hindra diskriminering knytt til etnisitet, nasjonalitet, avstamming, hudfarge, religion og livssyn. Kvinnherad kommune forhold seg lojalt til Hovudtariffavtalen når det gjeld tilsetjingar og fastsetjing av løn.

Hovudtariffavtalen har nøytralt lønssystem som i tillegg til stillingskode baserer seg på den tilsette sin formal- og realkompetanse. Partssamarbeid ved utlysingar, tilsetjingar og forhandlingar har fokus som



eit ledd i arbeidet med å forhindra diskriminering og sikra at personalarbeid er i samsvar med aktuelt lov og regelverk.

Likestilling - Løn

	Antall ansatte		Årsverk		Kjønnsfordeling i %		Gj.snitt årslønn		Kvinner si gjennomsnittlege løn i prosent av menn si løn	Gj.snitt stillingsprosent		Gj.snitt ansiennitet	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
KS stillingsgruppe													
Kap 3 - Ledere kap. 3.4.1	2	2	2,00	2,00	50,00 %	50,00 %	1 112 494	1 211 939	91,79 %	100,00 %	100,00 %	30,00	41,00
Kap 3 - Ledere kap. 3.4.2	28	15	24,59	14,16	65,12 %	34,88 %	896 333	884 578	101,33 %	99,29 %	100,00 %	28,48	27,67
Kap 3 - Ledere kap. 3.4.3	1	1	-	-	50,00 %	50,00 %	-	-	-	-	-	-	-
Kap 4 - Stillingskoder for arbeidsleder/formann, leder og fagleder	80	32	60,31	10,69	71,43 %	28,57 %	706 530	582 993	121,19 %	87,51 %	35,28 %	27,40	25,33
Kap 4 - Stillinger uten særskilt krav til utdanning	298	78	142,70	41,42	79,26 %	20,74 %	451 278	451 409	99,97 %	55,14 %	58,68 %	16,79	14,76
Kap 4 - Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger	368	99	272,84	41,42	78,80 %	21,20 %	515 133	528 843	97,41 %	85,02 %	43,01 %	24,74	21,32
Kap 4 - Stillinger med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning	15	1	14,04	-	93,75 %	6,25 %	530 276	-	-	112,41 %	-	18,69	-
Kap 4 - Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning	346	52	289,86	43,00	86,93 %	13,07 %	605 927	617 555	98,12 %	95,10 %	87,39 %	19,99	20,50
Kap 4 - Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning	114	14	97,64	11,06	89,06 %	10,94 %	656 699	645 959	101,66 %	93,47 %	93,06 %	23,32	21,92
Kap 4 - Adjunkt med tilleggsgutdanning og Stillinger med krav om 5-årig U/H-utdanning	74	19	67,48	18,90	79,57 %	20,43 %	702 893	694 968	101,14 %	95,59 %	99,47 %	23,96	22,23
Kap 4 - Lektor og Stillinger med krav om mastergrad	15	3	12,10	2,58	83,33 %	16,67 %	678 650	675 049	100,53 %	99,22 %	100,00 %	11,70	14,67
Kap 4 - Lektor med tilleggsgutdanning	17	5	13,20	4,80	77,27 %	22,73 %	754 664	711 049	106,13 %	88,04 %	100,85 %	16,36	13,53
Kap 5	54	23	44,24	19,78	70,13 %	29,87 %	780 150	819 799	95,16 %	88,77 %	86,09 %	20,94	23,50
Kap 5 - Stillingskoder for ledere	2	5	2,00	5,00	28,57 %	71,43 %	828 835	787 216	105,29 %	100,00 %	100,00 %	28,50	19,00
Kap 5 - Utdanningsstillinger	0	1	0,00	-	0,00 %	100,00 %	0	-	-	0,00 %	-	0,00	-
Andre stillinger	30	1	3,84	-	96,77 %	3,23 %	359 775	-	-	16,96 %	-	18,43	-
Andre stillinger - Utdanningsstillinger	20	6	13,87	2,79	76,92 %	23,08 %	447 011	444 034	100,67 %	94,21 %	78,33 %	1,64	1,70
Total	1 372	341	1 061,71	220,57	80,09 %	19,91 %	575 390	586 725	98,07 %	86,63 %	68,66 %	21,15	19,28



Kommunen har eit tariffsystem der dei fleste tilsette blir løna etter krav til utdanning for dei spesifikke stillingane, og etter lønsansiennitet (kapittel 4). Flesteparten, det vil seie om lag 90 %, av dei kommunale tilsette er plassert i dette lønnskapittelet etter Hovudtariffavtalen. Dette systemet skal vere uavhengig av kjønn, etnisk opphav eller andre «utanforliggjande» forhold. Det er vedkomande si formelle og reelle kompetanse i samsvar med tariffsystemet som skal vere gjeldande for lønsutvikling, saman med føringar partane legg til grunn for lønsdanning. Tilsette i like stillingar, med like funksjonar, lik ansiennitet og med likt utdanningsnivå skal ha lik løn.

I kapittel 4, som omfattar dei største stillingsgruppene i kommunen, er lønsskilnadene mellom kvinner og menn gjennomgåande små. I fleire av dei største gruppene ligg kvinner si løn på mellom 97 og 106 % av menn si løn. Dette tyder på at det sentralt regulerte lønssystemet og ansiennitetsbasert lønsutvikling verkar utjamnande. Dei store stillingsgruppene i kapittel 4 i kommunen er innan omsorg, helse og sosial, og sektor oppvekst.

I kapittel 5, der løn i hovudsak vert fastsett lokalt og individuelt, er lønsskilnadene mellom kvinner og menn noko større enn i kapittel 4. Kvinner tener i snitt 95,16 prosent av menn si løn. Menn har òg noko høgare gjennomsnittleg ansiennitet, som kan bidra til delar av skilnaden. Samstundes krev resultatane ein forsiktig tolking, då kapittel 5 omfattar relativt få tilsette og enkeltløner kan gi store utslag på gjennomsnittet

Sjukefråvær

Sjukefråvær

	Fråvær korttid	Fråvær langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,10 %	5,86 %	8,96 %
Årleg sjukefråvær 2025	3,07 %	5,85 %	8,92 %
Sjukefråvær 4. kvartal 2024	3,49 %	6,53 %	10,02 %
Sjukefråvær 4. kvartal 2025	3,20 %	6,46 %	9,66 %

Samfunnsutvikling:

Normalt ligg det samla sjukefråveret i sektoren på 3 – 4 %. Frå fjerde kvartal 2024 var det ein markert auke frå 7 – 8 % i oktober som i februar 2025 kulminerte med 16 – 17 % fråver. Gjennomsnittleg sjukefråver i 1. kvartal 2025 var framleis så høgt som 12,38 %, det vart teke aksjon på det, og det har vore nedgang resten av året. I 4. kvartal var fråveret kome ned i 6,84 %.

Det er gjennomført kartlegging av status og moglege årsaker, og detaljane vert rapportert til kommunedirektøren og personalkontoret saman med ei tiltaksliste. Oppsummert ser det ikkje ut til å vere direkte årsakssamanheng mellom sjukefråveret og forhold på arbeidsplassen.

Oppvekst:

Det samla fråveret i Sektor oppvekst for 2025 er 8,43%. Dette er lågare enn for forrige år, og under målsettinga (8,5%) for Kvinnherad kommune.

Fråverer variera mellom einingane. Nokre einingar har svært høgt sjukefråvær. For einingar med høgt samla fråvær er det i hovudsak langtidsfråvær som er høgast. Det kan vera vanskeleg å få tak i vikar, både til kort- og langtidsfråvær. Dette blir opplevd som belastande for leiarar som tar vikartimar, for andre tilsette og kvaliteten på tenestetilbodet.

Omsorg, Helse og Sosial:

Sektoren har eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 9,68 %. Av dette gjeld om lag 60 % langtidsfråvær, som



kommunen får refusjon for. Det er særleg to einingar som har høgt sjukefråvær: institusjonstenestene og heimetenestene.

Sjukefråværet har vore særleg høgt i enkelte vintermånader. Dette skuldast mellom anna covid-19, større utbrot av forkjøling og norovirus mot slutten av året.

Teknikk og Miljø:

Sjukefråværet hos Teknikk og miljø har gått litt ned med nesten eit prosentpoeng frå 2024, då det var 7,06 % Det er gledeleg.

Administrasjon:

Sjukefråværet i sektoren i 2025 var 10,5% som er ein auke i høve 2024. Auken er høg, og alt fråværet er kartlagt i høve arbeidsrelatert eller anna type fråvere. Sjukefråvere er fylgt opp med samtalar, dialogmøte og oppfølgingsplanar. Tiltak er sett i verk der det er mogleg. Heimekontor, digitale verktøy, fleksibel arbeidstid og tilrettelagde arbeidsplassar for å nemna nokre tiltak.

I denne sektoren er dei frikjøpte tillitsvalte og alle lærlingane også representert.

Lærlingane hadde eit samla sjukefråvær på 12,2 % som er lågare enn fjoråret. Oppfølging skjer både sentralt og ute i einingane.

Frikjøpte tillitsvalte sitt fråvere er 1,3%. Dette er ein vesentleg nedgang frå 2024.

Sjukefråvær per månad

Type	Område/eining	Okt	Nov	Des	2025	2024
Korttid	Samfunnsutvikling	2,62 %	4,11 %	4,19 %	2,93 %	2,11 %
Langtid	Samfunnsutvikling	7,62 %	8,54 %	8,08 %	7,87 %	3,93 %
Samla	Samfunnsutvikling	10,24 %	12,65 %	12,28 %	10,80 %	6,04 %
Korttid	Oppvekst	1,13 %	2,72 %	3,23 %	2,88 %	3,05 %
Langtid	Oppvekst	4,54 %	2,98 %	4,06 %	5,55 %	5,86 %
Samla	Oppvekst	5,67 %	5,70 %	7,29 %	8,43 %	8,90 %
Korttid	Omsorg Helse og Sosial	1,76 %	3,83 %	3,67 %	3,38 %	3,38 %
Langtid	Omsorg Helse og Sosial	4,83 %	4,62 %	6,25 %	6,30 %	6,26 %
Samla	Omsorg Helse og Sosial	6,58 %	8,45 %	9,92 %	9,68 %	9,64 %
Korttid	Teknikk og Miljø	0,60 %	2,65 %	3,22 %	2,32 %	2,26 %
Langtid	Teknikk og Miljø	4,50 %	2,95 %	2,14 %	3,87 %	4,81 %
Samla	Teknikk og Miljø	5,10 %	5,61 %	5,36 %	6,19 %	7,07 %
Korttid	Administrasjon	1,09 %	3,51 %	3,28 %	2,78 %	2,63 %
Langtid	Administrasjon	4,19 %	3,50 %	7,71 %	5,92 %	5,09 %
Samla	Administrasjon	5,27 %	7,01 %	10,99 %	8,70 %	7,72 %
Korttid	Sum sjukefråvær	1,43 %	3,30 %	3,46 %	3,07 %	3,10 %
Langtid	Sum sjukefråvær	4,74 %	3,94 %	5,22 %	5,85 %	5,86 %
Samla	Sum sjukefråvær	6,17 %	7,24 %	8,67 %	8,92 %	8,96 %

Oppfølging av 10 faktor er ein kontinuerleg prosess og vert gjennomført i dei ulike einingane/avdelingane i organisasjonen.

Ny undersøking skal etter planen utførast i 2026.



10-faktor (tekst)

Internkontroll og HMT

Internkontroll

Compilo er Kvinnherad kommune sitt elektroniske system for internkontroll. Alle tilsette har tilgang til dette systemet. Her finn ein både overordna, felles retningslinjer, rutinar som grunnlag for styring, kontroll, avvikshandsaming, risiko og sårbarheitsanalyse (ROS), årshjul og rapportering og fagprosedyrar knytt til det enkelte arbeidsområdet. Det vert jobba kontinuerleg med vidareutvikling og vedlikehald av kommunen sitt kvalitetssystem. Systemet kan og nyttast til forbetningsforslag og til varsling.

Alle prosedyrar og rutinar er gjenstand for revisjon gjennomsnittleg éin gong per år.

Helse Miljø og Tryggleik (HMT)

Hovudmål: HMT-arbeidet skal fremja trygge og gode arbeidsplassar med trivsel og arbeidsglede i Kvinnherad kommune.

HMT-systemet skal fremja eit forbetningsarbeid i kommunen innan:

1. Arbeidsmiljø og tryggleik
2. Førebygging av helseskade
3. Vern av det ytre og indre miljø mot forureining

HMT-arbeid har fokus på forbetring. Det skal vera løysingsorientert og synleg i alle ledd i organisasjonen.

Opplæring

Kommunen har e-læringskurs i HMT opplæring. Vernetenesta har to samlingar for verneombod i kommunen kvart år. I desse samlingane er det lagt inn drøftingstema i gruppene som relaterar seg til dette e-læringskurset. Det at verneomboda kjenner rolla si, er viktig for dei tilsette. Elektronisk HMT kurs i *Merkompetanse* portalen vart godkjent i tilsynet som eit 40 timars kurs.

Kvinnherad kommune har oppretta det vil kallar for ei HMT gruppe. Denne gruppa består av to personar og hovudverneombodet. Gruppa har jevnleg møter der ulike tema blir drøfta. Resultatet av arbeid i denne gruppa kan t.d. vera ein ny prosedyre.

Gjennom 2025 har det vore utarbeida fleire ROS analysar knytt til vald og truslar m.o.t. tilsette sin arbeidssituasjon, noko som arbeidstilsynet også har etterspurd.

Bedriftshelsetenesta som kommunen nyttar heiter Falck. Nytt anbudsgrunnlag vart utarbeida i løpet av 2025 der Falck på nytt vart valt fram til 2028 med opsjon på 1+1 år.

Arbeidsmiljø Utvalet (AMU) hadde fire møte i 2025 med hovudfokus på endringar i verneområde, oppfølging av vernerundar, sjukefråvær, budsjett og tilsyn. Det vart også gitt orienteringar om beredskap, heiltid, varslingsrutinar og arbeidsmiljøtiltak.



Tilsyn:

Gjennomførte tilsyn 2025/2026

Stad	Tilsynsmynde	Tema
Malmanger skule og SFO	Arbeidstilsynet	Psykiske plager - vald og truslar
Uskedalen skule og SFO	Arbeidstilsynet	Psykiske plager - vald og truslar
Husnes/Undarheim barneskule	Arbeidstilsynet	Psykiske plager - vald og truslar
Sunde skule	Arbeidstilsynet	Psykiske plager - vald og truslar
Barn og familie v/ barneverntenesta	Arbeidstilsynet	Psykiske plager - vald og truslar
Barn og familie v/Kvinnherad ungdomssenter	Arbeidstilsynet	Psykiske plager - vald og truslar
Teknikk og miljø v/ prosjektavdelinga	Arbeidstilsynet	Arbeidsvilkår - offentlige oppdragsgivere - lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter - oppfølgingstilsyn
Helse, omsorg og sosial v/ Heimetenesta	Statsforvaltaren	3 Klagesaker
Helse, omsorg og sosial v/ Heimetenesta	Statsforvaltaren	Eigenkartlegging av helsetenester til heimebuande eldre
Helse, omsorg og sosial v/Bu og Habilitering -Omstun	Arbeidstilsynet	Psykiske plager - vald og truslar
Helse, omsorg og sosial v/Aktivitet, læring og meistring	Arbeidstilsynet	Psykiske plager - vald og truslar
Kommunedirektøren	Statsforvaltaren	Tilsyn om kommunal beredskapsplikt (tilsynet starta i 2025 og vil bli avslutta i 2026)
Kommunen fører tilsyn med t.d. førebygging av brann i heile kommunen, både intern i eigen organisasjon, men også hos andre offentlege eller private verksemder.		
Kven har ført tilsyn	Kor mange tilsyn	Kommentar
Brann og redning	53	Interne og eksterne bygg
El tilsyn	3	I Hatlestrand barnehage, Hatlestrand skule og SFO og Ølve barnehage
Miljøretta helsevern		Har både lovpålagte interne tilsyn og andre tilsyn gjennom året

Alle tilsyna utløyser mykje papirarbeid og dette året har arbeidstilsynet hatt mykje fokus i Kvinnherad kommune. Dette var venta fordi andre Sunnhordlandskommunar hadde tilsvarande tilsyn året før.

Dei aller fleste [tilsyna](#) er avslutta og lukka, men nokre står få att fordi tilsyna vart utført seint på året og det er naturleg at arbeidet med å lukka avvika tek tid og varer ut i 2026.



Avvik:

Tal avvik vert rapportert administrativt kvar måned og er ein del av kvartalsrapporteringane til politisk nivå. Det er lagt ut god informasjon om kolries melda avvik til alle tilsette via intranett, der det også er laga ei oversikt over dei tre ulike kategoriane avvik og kva som er definert som varsling.

Når det gjeld HMT avvik har organisasjonen litt å arbeida med når det gjeld avvik på HMT/Tenestemottakar/Tekniske høve. Det var registrert 1001 avvik. Av desse var alvorgraden låg på vel 59,7%, middels 29,6 % og høg på 10,7%.

Framleis er det Sektor omsorg, helse og sosial som er flinkast å melda avvik. Mykje godt arbeid er gjort i denne sektoren som kjem andre til gode.

Varsling

Varslingsrutinane er eit område som kommunedirektør og resten av organisasjonen framleis har ekstra fokus på. Arbeidet er knytt til både system, kunnskap og haldningsskapande arbeid i organisasjonen. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

- LEIF OVE MIKKELSEN, 08.04.2026
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, 08.04.2026



Oppfølging av mål og satsingsområder

Grøn

Målsettingar

- Kvinnherad som kommune og samfunn skal vere ein netto nullutsleppskommune innan 2040
- Kvinnherad som kommune og samfunn tek vare på naturen og har ei berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk

Mål

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	Ønska resultat 2025	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator	
Kvinnherad som kommune og samfunn skal vere ein netto nullutsleppskommune innan 2040	Kvinnherad er eit lågutsleppssamfunn der det er lett å leve klima- og miljøvenleg	Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	87,0 %	91,8 %	Her har vi sett på biobrensel og fyringsolje opp mot totalt energiforbruk.	
		Andel km tilrettelagt for syklende i prosent av alle kommunale veier (prosent)	17,0 %	16,3 %		
		Prosentandel EL-bil av den kommunens bilpark.	13,0 %	15,1 %		
Kvinnherad som kommune og samfunn tek vare på naturen og har ei berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk	Kvinnherad tek vare på naturen og sikrar naturmangfald og økosystem på land og i sjø	Reinsing av kommunalt avløp.	76,0 %	74,0 %		
		Styrkja og vidareutvikla landbruket og andre naturbaserte næringar i Kvinnherad	Avvirka skog for sal	30 000	40 849	
		Godkjent nydyrka areal (dekar)	55	39		
		Jordbruksbedrifter	240	241		
		Omdisponering av dyrka jord til andre formål enn landbruk (dekar)	5,0	33,1		



Frisk

Målsettingar

- Kvinnherad er eit samfunn med små skilnader
- Kvinnherad kommune gjev gode tenester i alle fasar av livet
- Kvinnherad kommune skal jobbe for å oppretthalde ein variert og inkluderande frivillig sektor
- Kvinnherad kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar
- Kvinnherad skal vera ein trygg kommune med god beredskap

Mål

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2025	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Kvinnherad er eit samfunn med små skilnader	Elevar i barne- og ungdomsskulen har lågt fråvere	Førebygging og tidleg innsats	Born i familiar med vedvarande låg inntekt	8,0 %		
			Grunnbemanningen i barnehage	5,1	5,6	
	Inkluderande miljø i alle fasar av livet		Oppvekst og levekår - Vedvarende lavinntekt (husholdninger) (0-17 år)	8,0 %		
			Plaget av ensomhet, ungdom 13-18 år	19,0 %	19,0 %	
			Unge utenfor arbeid, utdanning og opplæring, 15-29 år	5,7 %		
	Lik tilgang på tenester av god kvalitet i alle livsfaser		Brukarundersøking om kvalitet på tenester	1		
	Sikra ungdomar lærlingplass og utdanna fagpersonell til heil, fast stilling i Kvinnherad kommune		Tal lærlingar i fast stilling etter endt læretid	10	7	
	Tilgang på tenester for innbyggjarane våre		Antall lærere som oppfyller kompetansekravene for tilsetting, jf. opplæringsloven § 17-3 og privatskoleloven § 4-2	15000	176	
	Kvinnherad kommune	Brukarane opplever eit				



Årsmelding 2025

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
gjev gode tenester i alle fasar av livet	heilskapleg og effektivt tenestetilbod, prega av samordning, kontinuitet, likeverd og eit felles mål. Prinsippa som gjeld er tidleg- og tverrfagleg innsats	Effektiv digital kommunikasjon med innbyggjarane	67,0 %	81,8 %	18,2 % av dei utsende breva vart distribuert som papirpost. Dette skuldast både at enkelte mottakarar har reservert seg mot digital kommunikasjon, og at brev som ikkje vert opna digitalt innan fastsett frist, vert ettersendt som papirpost.
		Formålsbygg skal vera av god kvalitet og tilfredsstillende krav til innemiljø.	Avsette investeringsmidlar til utvikling / oppgradering av formålsbygg.	10 500 000	10 500 000
		Fullførte vernerunder(i %)	55,0 %	44,0 %	
		Innmeldte bygg-tekniske avvik etter vernerunder.	65,0	82,0	
		Pålegg frå aktuelle tilsynsmynde knytt til formålsbygg.	30	132	
	Innbyggjarane opplever å få god infrastruktur på vatn, kommunale vegar og tilpassa bustadutvikling.	Antal avvik på drikkevassparameter i hht til drikkevassforskrifta	0,0	2,0	
		Lekkasjeprosent på kommunalt vatn	36,0 %	39,0 %	Prosenten har gått opp, då det er utvikla anna måte å rekna på.
	Innbyggjarane, både barn og vaksne, opplever å ha gode kultur- og fritidstilbod	Frivillig: Tal arrangement i arrangementsportalen Friskus	400	226	



Årsmelding 2025

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	Ønska resultat 2025	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		Frivillig: Tal utlån i utlåssentralen Bua	2 000	3 162	
		Kultursenter: Musikk/scene/føredrag (tal førestillingar)	2 500	5 150	
	Kvinnherad kommune syner anerkjenning av veteranar og tilsette har kjennskap til veteranar sine særskilte behov.	Møtepunkt med ordførar årleg. Markering ved bauta Husnes og Rosendal.	1	1	
Kvinnherad kommune skal jobbe for å oppretthalde ein variert og inkluderande frivillig sektor	Lik tilgang på tenester og samarbeid mellom sektorane	Tal utleigeavtalar med innbyggjarar, leige av formålsbygg.	335	1 127	
		Tal utleigeavtalar med lag og organisasjonar	4 700	3 750	
Kvinnherad kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar	Dei tilsette i Kvinnherad kommune opplever og bidrar til, kommunen har eit høgt nærvær	Sjukefråvær	8,2 %	8,9 %	
	Kvinnherad kommune er ein lærande organisasjon	10 faktor - Rolleklarheit nr. 6	4	Ingen 10 Faktor undersøking i 2025. Ikkje aktuelt.	
	Kvinnherad kommune har fokus på heiltidskultur.	Gjennomsnittleg stillingsprosent	76,0 %	83,6 %	
		Resultat frå 10 faktor kompetanse og kunnskapsdeling	4,0	Ingen 10 faktor undersøking i 2025	
	Kvinnherad kommune jobbar aktivt for å rekruttera og behalda medarbeidarar med fagleg og realkompetanse.	Tal lærlingar	26	26	
		Tal tilsette med fagutdanning skal aukast	40,0 %	31,0 %	
		Turnover	12,0 %	14,2 %	Nedgang i frå 2024, har ikkje nådd målet



Årsmelding 2025

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	Ønska resultat 2025	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Kvinnherad skal vera ein trygg kommune med god beredskap	Kvinnherad kommune skal ha gode førebyggjande og operative tenester	Antal førebyggjande tiltak etter §11, 1 ledd bokstav a. i brann og eksplosjonsvernloven	90,0	25,0	
		Antal gjennomførte tilsyn av fyringsanlegg i bustad og utført feiing.	4 000	3 535	
		Antal tilsyn av særskilte brannobjekt	129	54	
		Opplæring til tilsette i handtering av data	100	75	Det ligg KINS kurs (innføring i data og datasikkerheit) i startpakken for alle tilsette i læringsportalen Merkompetanse. Tal gjennomførte prøvar vert målt v/personalansvarleg.
	Samordning av lokal beredskapsinnsats for å avgrensa skadeverknader ved uønska hendingar	Tal gjennomførte felles øvingar	2	2	

Attraktiv

Målsettingar

- Kvinnherad skal ha gode rammevilkår for eit allsidig og aktivt næringsliv. Full lokal sysselsetjing skal oppretthaldast og styrkast
- Kvinnherad som kommune skal gjere alt som er mogleg for å oppnå ny folketalsvekst
- Vegsamband og offentleg kommunikasjon i, til og frå Kvinnherad må forberast kontinuerleg

Mål

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	Ønska resultat 2025	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Kvinnherad skal ha gode rammevilkår for eit allsidig og aktivt næringsliv. Full lokal sysselsetjing	God dialog mot næringsliv med råd og rettleiing	Dialogmøte med næringslivet	4	4	



Årsmelding 2025

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	Ønska resultat 2025	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator	
skal oppretthaldast og styrkast		Rangering Kommune-NM	120			
	Tilrettelegge næringsareal med utbygd infrastruktur.	Antal m2 solgt næringsareal siste år	5 000	12 174		
		Plan: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid reguleringsplaner		499		
		Tilgjengeleg næringsareal klar for sal (ant. m2)	25 000	42 542		
	Kvinnherad som kommune skal gjere alt som er mogleg for å oppnå ny folketalsvekst	Kvinnherad legg til rette for gode bustadareal	Bustadbygging	50,0	42,0	
Kvinnherad legg til rette for gode kultur- og fritidstilbod som aukar innbyggjarane sin livskvalitet			Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	3,0 %	5,0 %	
Kvinnherad legg til rette for gode oppvekstkår		Barnehage: Foreldreundersøking - ute- og innemiljø	4,6	4,1		
		Barnehage: Foreldreundersøkinga - barna sin trivsel	5,0	4,7		
		Elevunders. 10. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	4,1	3,6		
		Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	4,1	3,5		
		Fullført introduksjonsprogram - flyktningar	100,0 %			
		Fødselstal	125,0	116,0		
		KVALITET: Trivsel elever 10.trinn gjennomsnitt	4,4	4,2		
		KVALITET: Trivsel elever 7. trinn	4,4	3,9		
Vegsamband og offentleg kommunikasjon på i, til og frå Kvinnherad må forbetrast kontinuerleg		Kvinnherad kommune skal satsa på trafikktryggingstiltak, der mjuke trafikkantar har hovudprioritet og universell utforming er ivaretatt	Antal enkeltvedtak særleg farleg skuleveg til elevar	70	81	
			Brutto investeringsutgifter i	1 700	1 222	



Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	Ønska resultat 2025	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		kr pr. innbyggere, komm. veier og gater			
		Tal dødsulykker på vegar i Kvinnherad kommune.	0	1	
		Tal trafikkulykker på vegar i Kvinnherad, omfang frå lettare skada til dødsulykker.	8	10	
	Kvinnherad skal utvikla og forbetra kommunikasjon på veg og sjø til og frå Kvinnherad	Avsette årlege investeringsmidlar i gode spleiselag mellom kommunen og fylkeskommunen	22 000 000	11 800 000	
		Passasjertal - bestillingstransport	0	10995	

Kommunen sine satsingsområde

Visjon og verdier:

Saman om utvikling og gode tenester

Legg til grunn at me saman skal skapa eit aktivt og godt samfunn

Respekt – Omsorg – Tydeleg - Ærleg

Kommunen sine fire verdier skal vera styrande for utøving av arbeidet og då særleg i samhandling mellom tilsette.

Tydelege verdier

I kommunal sektor er det dei folkevalde som vedtek overordna mål og prioriteringar, og dermed dei ytre rammer for korleis utøva leiarskap. Leiarar skal kjenna til rammene som er gjevne gjennom lov- og regelverk, reglar, rutinar og retningslinjer, og kan då nytta handlingsrommet sitt på ein god måte. Dette gjer leiarane tryggare i rolla si, og saman med evne til etisk tenking, vil det gje legitimitet til dei avgjerdene leiarane må ta.

Tydeleg mandat

Kommuneleva set rammer for kommunen sitt samfunnsoppdrag og for styring og leiding av ein kommune. Kommunestyret er øvste organ for dei folkevalde og fattar vedtak på vegner av kommunen så lenge ikkje anna er styrt av lov eller delegering. Folkevalde har delegert arbeidsgjeveransvar og budsjettansvar til kommunedirektør, som har delegert vidare i organisasjonen. Kva som er delegert er difor ei viktig avklaring for våre leiarar slik at dei kan nytta seg av heile det handlingsrommet ei har mynde til. Å vera leiar inneber å kunna ta val og prioritera for å nå måla saman med andre.

Hovudmål:

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument, og legg premiss for alt anna planarbeid og driftsinvesteringsbudsjett som ligg i handlingsdelen. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i juni 2022. Kommuneplanen byggjer på berekraftsmåla og set desse inn i lokal kontekst. Med utgangspunkt i berekraftsføremål er det i kommuneplanen skildra 10 hovudmål for Kvinnherad, sortert i perspektiva **Grøn, Frisk og Attraktiv**.

- Vegsamband og offentleg kommunikasjon



- Folketalsvekst
- Gode rammevilkår for næringslivet
- Netto null-utsleppskommune
- Berekraftig utvikling av jord-skog- og fjordbruk
- Samfunn med små skilnader
- Variert og inkluderande frivillig sektor
- Gode tenester til innbyggjarane i alle fasar av livet
- God beredskap
- Attraktiv arbeidsgjevar

I handlings- og økonomiplan 2024-2027 vart det for første gang knytt indikatorar til desse hovudmåla, for å synleggjere måloppnåinga av måla. Føremålet er å synleggjere om kommunen er på veg mot dei overordna målsettingane i samfunnsdelen og om ulike drifts- og investeringstiltak bidreg positivt til desse. Slik kan det også målast om iverksatte tiltak har den samfunnseffekten som ønska. I denne årsmeldinga er det rapportert på desse indikatorane som er mogleg å finne under satsingsområda Grøn, Frisk og Attraktiv.

FN sine berekraftsmål:

Kvinnherad kommune sitt arbeid med å implementera FN sine berekraftsmål skjer først og fremst gjennom plansystemet, i tillegg skjer implementering gjennom administrativ verksemdsstyring. Eit av tiltaka er at alle saker som vert lagt fram for politisk handsaming skal vera vurdert i høve økonomisk berekraft, miljø og klima berekraft, sosial berekraft og berekraftsføremål 17 om samarbeid. Det er såleis eit fokus på å styrkja innsatsen knytt til desse fire berekraftsmåla.

Økonomisk berekraft:

Stabilitet i den økonomiske politikken er eit mål for Kvinnherad. For å ivareta kommunen si økonomiske berekraft er det innført handlingsreglar for driftsbudsjett, investeringsbudsjett og finansforvaltning. Fokus på økonomistyring, med gode system for oppfølging og rapportering, skal bidra til økonomisk handlingsrom.

Dei frie inntektene ligg over gjennomsnittet for norske kommunar, medan kostnadsnivået er høgare enn samanliknbare kommunar. det er høge ambisjonar og høgt tempo for investeringar, og gjeldsgraden er over nivået i handlingsregelen. Ein av strategiane i samfunnsdelen er fokus på i alle samanhengar å jobba for auka effektivisering og redusera driftskostnader. Dette arbeidet må vidareførast i økonomiplanperioden.

Samarbeid på tvers:

Tverrsektorielt samarbeid internt og eksternt, regionalt og nasjonalt har vore fokus i året som gjekk og er ein føresetnad for å nå måla i kommuneplanen. Arbeid med temaplanar på viktige område har starta opp, og i planarbeidet vert det gjennomført omfattande medverknadsprosessar med andre kommunar, fylkeskommune, næringsliv, innbyggjarar, politikar og frivillige. Samarbeid må vidareførast framover og formaliserast gjennom kunnskapsdeling, aktivitet og felles prosjekt.



Samfunnsutviklar

Befolkningsutvikling og sysselsetting er element som kan fungere som temperaturmålarar på samfunnsutviklinga i kommunen, og som indikatorar på kor attraktiv kommunen vert oppfatta å vere som stad å bu og arbeide. I tillegg vil utviklinga i folketal og sysselsetting påverke kommunal økonomi og Kvinnherad-samfunnet generelt.

Den positive befolkningsutviklinga i Kvinnherad held fram. Ved utgangen av 2025 hadde Kvinnherad 13.236 innbyggjarar, ein auke på 61 innbyggjarar i løpet av året, i følge tal frå SSB. Talet på fødslar og dødsfall var innanfor forventa nivå, og gav eit fødselsunderskot på 13 personar.

Netto innvandring frå utlandet bidrog til ein vekst på 23 personar i 2025, mot 27 personar i 2024.

Hovudårsaka til den positive befolkningsutviklinga dei siste åra er at innflyttinga til Kvinnherad frå andre kommunar har vore høgare enn utflyttinga. I 2025 flytta 52 fleire personar til kommunen frå andre delar av Noreg enn ut av kommunen. I 2024 var tilsvarande tal 48. Sidan 2000 har det i gjennomsnitt vore netto utflytting på 62 personar årleg.

Befolkningsutvikling - Kvinnherad kommune	2022	2023	2024	2025
Innbyggjarar ved inngangen av året	13 017	13 058	13 089	13 175
Fødde	129	118	127	116
Døde	151	115	114	129
Fødselsoverskot	-22	3	13	-13
Innflyttingar	375	447	375	380
Utflyttingar	314	415	302	305
Nettoinnflytting	61	32	73	75
Folketilvekst	41	31	86	61
Innbyggjarar ved utgangen av året	13 058	13 089	13 175	13 236



Sysselsettinga i kommunen hadde ein vekst på 70 sysselsette frå 6508 til 6578 personar i arbeid. redusert frå 6516 personar i 2023 til 6507 i 2024. Auken i yrkesdeltaking har hatt ein positiv trend dei siste åra.

Jordbruk, skogbruk og fiske hadde ein god relativ vekst i 2025, men det var sekundærnæring og helse- og sosialtenester som bidrog med den største auken i tal sysselsette. Det var størst nedgang i offentlig administrasjon og undervisning.

Sysselsette i Kvinnherad kommune	2024	2025	Endring i 2025	i %
00-99 Alle næringer	6508	6578	70	1 %
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	379	398	19	5 %
05-43 Sekundærnæringer	2013	2043	30	1 %
45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	1583	1582	-1	0 %
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	211	198	-13	-6 %
85 Undervisning	506	497	-9	-2 %
86-88 Helse- og sosialtjenester	1622	1663	41	3 %
90-99 Personlig tjenesteyting	148	151	3	2 %
00 Uoppgitt	46	46	0	0 %

Oppvekstkår

Med utgangspunkt i Barnekonvensjonen og FN sine berekraftsmål arbeider Kvinnherad kommune målretta for å gi barn og unge gode oppvekstkår. [Oppvekstkårplan](#) (2020-2030) har seks områder fokus; god omsorg, god helse, god utdanning, god fritid, fullverdig liv, vern mot overgrep

Kvinnherad kommune er [BTI - kommune](#), og har stort fokus på tidleg innsats, samhandling, medverknad og det å gi rett hjelp til rett tid. Det betyr at alle tilsette skal ha høg kompetanse i å førebygge, fange opp og følge opp barn sine ulike utfordringar. I dette er intern og ekstern samhandling i "laget rundt barn/unge", for barnet sitt beste, sentralt. Barnehagar og skular har etablert system for interne - og eksterne ressursteam. Det er svært formålstenleg at helsesjukepleiar og rådgjevar frå PPT deltar i einingane sine eksterne ressursteam.

Som ein del av Oppvekstreforma vert det arbeidd med førebyggjande plan for omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Alle tenester rundt barn og unge skal bidra i å førebygge og avdekke at barn vert utsette for fysisk, psykisk, seksuell og digital vald, og gir dei kunnskap om kva vald og overgrep er. Kvinnherad kommune har samarbeidd med Ullensvang kommune i å utarbeide kompetanseløftet - *E de greitt*. Formålet med dette er å auke kunnskapen om vald og overgrep for alle som arbeidar i tenestene, og at denne kunnskapen skal førast vidare til barn og unge.



Grøn Næringspark



Utkast plankart mars 2026

Politisk sak og vedtak i KS 22.05.25 om utbygging av første del av gjennomfartsveg med infrastruktur i Grøn Næringspark. Kalkulert kostnad 25 MNOK.

Sal av 12174 m2 tomt til Hardanger Biogass kr 7.790.786 juni 2025

Kontrakt tildelt Byggservice AS for bygging av 450 meter med tilkomstveg og gang- og sykkelsti med tilhørende infrastruktur av vatn, spelvatn, straum og veglys og to kulvertar i betong over Småolderbekken. Oppstart november 2025.

Områdereguleringsplanen for Grøn næringspark omfattar om lag 484 daa, der meir enn 200 daa er nye utbyggingsområde.

Kvalitetssikring og bestilling av nye plandokument blei gjort hausten 2025: Bestillinga inkluderar:

- Detaljering av vegar gjennom feltet, ny veg til Fagne og utviding av parkeringsplass for Hydro skal inn i reviderte plandokument.
- Planomtalen bør seie noko om korleis ein kan nytte tomta på eksisterande tipp til næringsformål. Plan for massehandtering
- Planområdet blir utvida til å ta med sjøområde for å legge til rette for djupvannskai
- Rapport om grøn sirkulær infrastruktur frå 2022 skal innarbeidast i plandokument
- Utarbeiding av rekkefølgekrav

Arbeid i styringsgruppe i Grøn Næringspark. Dialog med fleire interessentar bl.a. datasenter og aktørar innan utvikling og drift av hamn. Fokus på å få til industriell symbiose blant aktørane som vil etablere seg i Grøn Næringspark. Tett dialog med Grøn Region Vesland



Murat Mirata foredrag Kvinnheradskonferansen 2025: *Krafta i industriell symbiose*

Heradstun

Heradstun omsorgsbustadar representerer eit viktig steg i kommunen sitt arbeid for inkludering og livskvalitet.

Arbeidet med Heradstun starta allereie i 2015 med at nokre foreldre til born og unge med omfattande funksjonsnedsettingar presenterte eit behov for tilrettelagde bustader med heildøgnsomsorg som borna deira kunne etablere seg i når dei vart vaksne.

Sommaren 2025 stod endeleg bygget ferdig med 8 omsorgsbustadar, personalbase og fellesareal på den gamle barnehagetomta i Rosendal. Bygget er moderne og tilrettelagt for individuell oppfølging, tryggleik og sosialt fellesskap. Prosjektet er utvikla i samarbeid med brukarane og deira pårørande for å sikre gode løysingar i kvardagen.

Bufellesskapet bidreg til å styrke bumiljøet lokalt, bidreg til å styrke personar med nedsett funksjonsevne sine rettar (CRPD), samstundes som det har skapt rundt 20 arbeidsplassar i eit attraktivt fagmiljø innan helse og omsorg.

Tiltaket viser kommunen si rolle som ein aktiv samfunnsutviklar med fokus på berekraftige menneskelege og tekniske velferdsløysingar.

Samferdsle

Samferdsle

I Kvinnherad er det 232 km fylkesveg, av dette er vel 90 km regionale hovudvegar. Det finst ikkje lenger nasjonale hovudvegar i Kvinnherad. Til saman utgjer fylkesvegnettet i Kvinnherad 4,2 % av fylkesvegane i Vestland og i vårt fylke er det berre tre kommunar som har meir fylkesveg enn Kvinnherad. Det er 9 ferjekaiar og det er - noko avhengig av teljemåten - 11 ferjesamband til/frå og internt i Kvinnherad. Kvinnherad har særst tungvinn tilknytning til resten av Sunnhordlandregionen og til fylkessenteret Bergen.

Fylkesvegnettet har preg av eit stort og aukande vedlikehaldsetterslep.

Mange barn i Kvinnherad har utrygg skuleveg. Fleire bygder langs dei mest trafikkerte fylkesvegstrekkjene manglar tilfredsstillande gang- og sykkelvegar.

Ungdom har få moglegheiter til å ta seg fram med buss til fritidsaktivitetar. Med stivare ruter vil buss- og snøggbåttilbod tene innbyggjarar og næringsliv betre. Kollektivtilbodet både på sjø og land treng såleis auka tal på avgangane, få betre korrespondanse og meir effektive ruter.

Kommunen har årlege budsjettmidlar til nye vegljøs, trafikktrygging, og vedlikehald av vegar, kaiar og bruer på det kommunale vegnettet.

Men kommunen sin største innsats med samferdsle er konsentrert om fylkesvegnettet, dette i samarbeid med Vestland fylkeskommune. Fysiske tiltak vil gi trafikktrygging og betra trafikkavvikling, som gir betre rammevilkår for næringslivet, og gjera det enklare å bu i Kvinnherad samtidig som ein ev. har arbeidsplass utanfor kommunen.



Det er blitt arbeida med, og blir arbeida vidare med bl.a. desse prosjekta:

- Ferjeavløysingsprosjektet Fjelbergsambandet.
- Reguleringsplanar: Porsvik - Opsanger, Sandvoll, Sæbøvik - Eidsvik, Ranavik hurtigbåt/ferjekai, Nordrepodlen - Austrepodlen.
- Ei god kopling mellom Kvinnherad og E39, forprosjekt for innkorting av ferjesambandet Stord - Kvinnherad.
- Utgreiing om ev. interkommunalt hamneselskap, Stord, Kvinnherad og ev. andre.
- Forprosjekt nytt ferjestø Varaldsøy.
- Forprosjekt trafikktrygging Løfallstrand.
- ROS analyse Fureberg tunnelen.
- Forprosjekt Sæbøvikbrekko (betra trafikkavvikling, betra trafikktrygging og førebygging i høve kvikkleire).
- 2 felts veg og G/S veg Sæbøvik - Eidsvik, delvis finansiert, arbeider med restfinansiering.
- Punktutbetring FV 500, Austrepollen- Ranavik (prioritert i RTP), spesielt Reset - Ranavik .
- Punktutbetring Høylandsbygdvegen.
- Trafikktrygging Gjermundshamn.
- Gjennomføring av «Kvinnheradpakken I»: Finansiert, og i stor grad utført: Lundssvingane, kollektivknutepunkt Rosendal, kollektivknutepunkt Husnes, Furebergfossen bru, Krokaparsellen, GS veg Herøysundet, Trafikktrygging generelt, Kaldestadvegen. Ikkje finansiert: Sæbøvik - Eidsvik (2 felts veg og GS veg), Porsvik - Opsanger (vegutbetring og GS veg), Sandvoll (ny Handeland bru og GS veg).
- Plan for "Kvinnheradpakken II", finansiert med statlege skredsikringsmidlar, fylkeskommunale midlar, kommunale midlar, MVA- refusjon og ev. bompengar.

Kraftkommunen Kvinnherad

Kraftkommune

Kvinnherad kommune er ein stor vasskraftkommune. Dette fører med seg utbyggingar i fjellet og linjer som skal føra straumen vidare. Kommunen har god dialog med Statkraft og Ullensvang kommune og har hatt 9 møter i 2025. Føremålet med desse møta er gjensidig informasjon om kva som rører seg i forbindelse med vilkårsrevisjonen og Mauranger 2 utbygginga.

Sunnhordland Kraftlag (SKL) har fått konsesjon på utbygging av eit effektkraftverk i Blådalen. Dei kom i gang med dette arbeidet i november 2025.

Statnett skal føra ei 420kV linje gjennom Kvinnherad. Her vart det levert politiske høyringsvar til linja i februar 2025. Statnett fekk inn svært mange høyringsvar der Rosendal fekk mykje merksemd. Dette gjorde at Statnett måtte bruka heile vårperioden til å gå gjennom alle høyringsvara. Deretter bad NVE Statnett om nye [utgreiingsprogram](#) der ein m.a. skal sjå på ulike måtar å koma seg gjennom diverse områder som fekk gjennomslag i høyringsfråsegna.

Statnett har også gjennom 2025 arbeida med transformatorstasjonen på Husnes. Detaljplanen vart sendt til NVE i mai/juni og vart godkjent. Dei fekk konsesjon i desember og samtidig fekk dei anleggskonsesjon og ekspropriasjonsløyve.



Beredskap

Beredskap

Dei siste åra har beredskap stått høgt på dagsorden for kommunedirektøren.

Januar 2025 kom [Totalberedskapsmeldinga](#) der statsministeren gav kommunane og alle innbyggjarane ein «marsjordre» om å koma i gang med beredskapsarbeid som inkluderte innbyggjar, næringsliv, frivillige og militæret til å samarbeida og utnytta felles ressursar i planverket og i øvingar. I mai 2025 kom den [nasjonale sikkerheitsstrategien](#) som skulle vera ein raud tråd i vårt planverk. Kommunen fekk også vedteke ein overordna totalberedskapsplan.

Det har vore fleire utsendingar til ulike fagsamlingar knytt til Beredskap gjennom året.

Kommunedirektøren har gjennomført 2 møter i vårt lokale Beredskapsråd. Dette rådet vart etablert i 2022 og utvida i 2024/25.

Øvingar og hendingar i 2025

Det har vore gjennomført 2 øvingar saman med Statsforvaltaren og 1 øving med VannVest. Så kom stormen AMY tidleg i oktober og Kommunal Beredskaps Leiing (KBL) fekk testa ut det som hadde vore øvd på. Det oransje farevarselet utløyste fleire møter med Statsforvaltaren og internt i kommunen. Vaktmannskapa vart tatt med i vurderingane rundt farevarselet som kom i forkant av stormen. I denne situasjonen hadde kommunen aktivisert på det meste 36 personar, som var ute og rydda vegar og andre tilhøve som stormen førte med seg. I tillegg til alle dei som BKK hadde ute, og Fylkesvegane sitt mannskap. I etterkant av denne hendinga vart det laga ei ny sjekklister som ein skal nytta neste gong det blir oransje eller raudt farevarsel for vind.

Oppfølging av klima

Innleiing

Kvinnherad kommune sitt klimamål er at «Kvinnherad som kommune og lokalsamfunn skal vera ein netto nullutsleppskommune i 2040». Målet er forankra i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Netto nullutslepp betyr at vi ikkje slepp ut meir klimagassar enn naturen vår klarar å halda på. Kvinnherad har høge utslepp av klimagassar samanlikna med andre kommunar rundt oss, noko som hovudsakleg skuldast aluminiumsproduksjonen på Husnes. Samstundes har me store areal med karbonrik skog, som vil binda opp ein monaleg mengde. Dermed kan målet om netto nullutslepp vera mogleg å nå.

Klimabudsjettet og klimarekneskapan tek utgangspunkt i Miljødirektoratet sine kommunevise utsleppstal. Siste tala er frå 2024, og talgrunnlaget er enno mangelfullt.

Klimabudsjettet for 2025 var det første av sitt slag i Kvinnherad kommune. Vi er førebels i startgropa med å etablere klimabudsjett som styringsverktøy, og har difor ikkje det endelege svaret på korleis vi skal nå målet om netto nullutslepp i 2040. Det kan vera ei utfordring å få nøyaktige utrekningar av kor mykje utsleppsreduksjon dei einstilte tiltaka i klimabudsjettet vil gje. Vi treng både å betra eigen kompetanse, og vi treng at dei nasjonale utsleppstala og berekningsmetodane vert betre og meir treffsikre enn i dag. Håpet er at kontinuerleg arbeid med tiltak som vi veit bidreg til utsleppsreduksjonar, gjer at vi nærmar oss 2040-målet sjølv om det tilgjengelege kunnskapsgrunnlaget vårt per i dag er avgrensa.




Nedanfor er nasjonale tal for klimaotslepp vist. Dei er fordelt kommunevis, og vi kan sjå både utvikling over tid og samanlikning mot andre. I det store biletet hadde Kvinnherad stabilt utslepp tilsvarande +/- 240.000 tonn CO2-ekvivalentar per år fram til 2020. Ei stor auke i aluminiumsproduksjonen ved Hydro Husnes resulterte i eit hopp på meir enn 70 % til 2021, før dei neste to åra viste ein fin nedgang. Men i 2024 var det på ny auke på snautt 7 % rekna mot året før.

Utslepp per innbyggjar i Kvinnherad er om lag det doble som for Vestland fylke samla. Utan industriproduksjonen ville utslepp per innbyggjar i Kvinnherad vore om lag som i kommunane Bømlo og Voss.

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp i tonn



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	Kvinnherad	Stord	Voss herad	Bømlo
Industri, olje og gass	253 349,2	0,0	610,5	105,3
Luftfart	0,0	214,3	0,6	0,0
Oppvarming	963,8	1 396,6	2 291,2	623,9
Sjøfart	28 918,3	27 741,6	447,3	35 154,7
Avfall og avløp	2 197,0	4 702,4	3 453,0	342,9
Veitrafikk	12 874,0	17 045,5	29 218,1	7 562,0
Annen mobil forbrenning	5 978,1	4 539,3	6 638,7	3 748,7
Bruk av produkter med fluorgasser	1 679,4	2 487,9	2 601,0	1 674,1
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0




Årsmelding 2025

Jordbruk	20 995,5	3 731,2	30 742,7	8 239,2
Sum	326 955,3	61 858,9	76 003,0	57 450,9

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp i tonn



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	1 916,3	1 739,2	1 772,0	1 392,8	1 311,5	970,2	992,0	1 069,9	1 210,3	963,8
Industri, olje og gass	146 457,7	150 541,3	152 599,0	147 233,2	148 404,3	169 388,7	353 063,0	298 574,3	233 601,2	253 349,2
Veitrafikk	15 955,9	15 098,2	14 007,6	14 523,2	14 060,0	13 313,7	13 591,0	13 646,2	13 448,8	12 874,0
Sjøfart	44 301,6	44 347,8	37 148,7	32 383,8	35 736,4	24 792,6	23 435,3	29 263,2	27 458,6	28 918,3
Avfall og avløp	2 830,9	2 984,8	2 130,7	2 033,8	1 976,2	1 965,6	1 829,3	2 160,4	2 112,2	2 197,0
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	22 749,8	22 283,3	21 775,9	21 599,7	21 383,5	21 139,8	20 856,3	20 563,0	20 128,0	20 995,5
Annen mobil forbrenning	4 723,0	4 483,6	4 670,0	5 624,1	3 007,9	5 002,1	5 816,7	5 829,4	5 579,0	5 978,1
Bruk av produkter med fluorgasser	1 983,1	1 968,9	1 989,7	1 925,4	1 947,0	1 915,3	1 856,2	1 749,6	1 767,0	1 679,4
Sum	240 918,	243 447,	236 093,	226 716,	227 826,	238 488,	421 439,	372 855,	305 305,	326 955,
	4	0	6	0	8	0	9	9	2	3

Utslepp av klimagassar per innbyggjar

Dokumentet er signert digitalt av:


- LEIF OVE MIKKELSEN, 08.04.2026
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, 08.04.2026

Forsiglet av



Posten Norge

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalantar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalantar


	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Kvinnherad	18,2	18,3	17,8	17,2	17,3	18,2	32,3	28,6	23,4	25,0
Stord	3,8	3,7	4,0	4,1	3,9	3,3	3,1	3,2	3,3	3,2
Voss herad	5,9	5,9	5,6	5,6	5,4	5,1	5,1	5,1	4,8	4,6
Vestland	15,4	16,9	14,1	13,7	12,5	12,6	16,7	12,9	11,8	13,0
Kostragruppe 08	29,7	29,5	29,2	27,8	27,7	25,7	24,3	24,9	25,0	35,4
Bømlo	5,5	5,3	5,0	4,9	5,1	5,1	5,0	5,1	5,0	4,7
Sum	78,6	79,7	75,7	73,3	71,8	70,0	86,5	79,9	73,3	85,9

Klimaregnskap

Gjennomsnittleg klimafotavtrykk



Årsmelding 2025



Highcharts.com

Dokumentet er signert digitalt av:

- LEIF OVE MIKKELSEN, 08.04.2026
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, 08.04.2026

Forseglet av



Posten Norge

Oppfølging av vedtak og oppdrag

Status oppdrag for kommunen

Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Bustadutvikling	Vidareført frå 2024: Ber kommuedirektør legge fram ei sak, der ein jobber fram kommunens strategi for å stimulere til bustadvekst og at kommunen tar ei aktiv rolle i utviklinga av dette. Saka skal komme til kommunestyret innan mai 2024. Det skal satsast på byggjing av nye kommunale utleigebustader, gjerne i samarbeid med private aktørar òg/eller bustadbyggjelag. Det skal leggjast til rette for at det kan byggjast på enkelttomter i områder utan byggjefelt.	Ferdig	Sak med framlegg til retningslinjer for bruk av midlane avsette i investeringsbudsjettet vart fremja og vedteke i kommunestyremøtet i september 2025. Søknadsordninga er etablert og kunngjort, og første tildeling til søkarar vart gjort av formannskapet i møte 13.11.2025.
Fjellhaugen-området	Vidareført frå 2024: «Kommunestyret ber om at det blir laga ein heilskapeleg plan for Fjellhaugen-området mtp utvikling for idrett og rekreasjon, reiseliv, landbruk (beiteføremål) og næringsutvikling. Kommunestyret løyver kr 1.000.000,- til planarbeidet. Arbeidet skal føregå i dialog med SKL.	Iht. plan	Det er sett av kr 1 mill. i investeringsbudsjett til ein heilskapeleg plan for Fjellhaugen område i 2025. Det har vore møte mellom Kvinnherad kommune og Fjellhaugen skisenter AS og vi har fått innspel til aktuelle tiltak i området. Sak til formannskapet om presisering av mandatet i løpet av vår 2025. Endeleg godkjenning om SKL-utbygging i Olje og energidepartementet vart gitt vår 2025. Arbeid med samarbeidsavtale med SKL er starta. Oppdraget er no presisert til å gjelde eit reguleringsplanarbeid, og dette er i oppstart.
Forprosjekt trafiksikring Løfallstrand	Vidareført frå 2024: Det vert løyvd 500 000 kroner for forprosjekt trafiksikring Løfallstrand i 2024.	Forsinka	“ Planprosjektet som skulle erstatte eksisterande vegstrekning, «Kote 70», er skrinlagt. Det er difor behov for å gjere trafikktryggingstiltak på eksisterande veg. Fylkeskommunen skal gjere ei vurdering av kapasitet og tilgjengeleg midlar for utarbeiding og samfinansiering av forprosjekt. Vi har enno ikkje fått bekrefting frå VLFK på om dei vil vera ansvarlige for utarbeiding av forprosjekt, men VLFK har i Budsjett og økonomiplan 2026-29 no sett av 500.000 i midlar i 2026 til oppstart av forprosjekt for FV500 Løfallstrand
Grønn Næringspark	Vidareført frå 2024: Kommunedirektøren skal leggje fram ein rapport som tek føre seg framdrifta for Grøn Næringspark. Kvinnherad kommune skal i løpet av 2024 byggja den planlagte vegen som knytter Husnes sentrum til Grøn Næringspark. I same periode skal Kvinnherad kommune	Forsinka	Vegnett er i hovudsak detaljprosjektert, og viste seg å bli meir omfattande enn planlagt m.a. grunna omsynssone og sårbarheitsanalyse for ein eksisterande gassleidning. Det er også gjort koordinering og avklaringar opp mot Fagne, Statnett og Hardanger Biogass vedrørende deira



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	<p>starte arbeidet med utfylling av sjøareal. Ved behov for finansiering utover budsjetterte midlar, skal det leggjast fram eiga sak om dette i kommunestyret. Prosjektet skal ikkje finansierast ved nedsal i kraftfondet.</p>		<p>detaljprosjektering i området. Tilhøvet til private grunneigarar og ordningar for å dekke kostnader ved gradvis utbygging av framtidig infrastruktur har vist seg krevjande, men naudsynt, å løyse i plansamanheng. Forslag til reguleringsplan nærmar seg klart, og det vert arbeidd for å få dette på høyring. Kompleks infrastruktur stiller ekstra krav til plangrunnlaget, må kailøysinga utgreiast.</p>
Hattebergvassdraget	<p>Vidareført frå 2024: Greia ut om at fallrettane i Hattebergvassdraget kan tilbakeførast til Kvinnherad Kommune.</p>	Ikkje starta	<p>Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å starte dette arbeidet.</p>
Heiltid og sjukefråvær	<p>Heiltidskultur skal framleis vera i fokus. I 2022 viste tal at 47,6 % av dei tilsette i Kvinnherad kommune jobba heiltid. I 2023 var det 49,7 % tilsette som jobba heiltid. Ved utgangen av 2025 skal heiltidsgraden vere minimum 53%. Ved utgangen av økonomiplanperioden er det mål om at heiltidsgraden skal vere minst 60%.</p> <p>Kommunestyret har som mål at det totale sjukefråveret i Kvinnherad kommune vert redusert med 1 prosentpoeng årleg i økonomiplanperioden.</p>	Iht. plan	<p>Arbeid med heiltid og sjukefråvere skjer overordna frå personalavdeling knytt til retningsliner og rutinar, praktisk oppfølging skjer i den enkelte sektor. Heiltidskultur inneber å tenkja nytt rundt korleis tenestene og arbeidstida vert organisert og er eit arbeid som skjer i samhandling med hovudtillitsvalte og hovudverneombod. Det følgjer av Hovudtariffavtalen kap. 1 § 2, punkt 2.3 at arbeidstakar som hovudregel skal tilsetjast i heiltidsstillingar i samsvar med arbeidsmiljølova 14-1 b, og dette vert ivareteke i alle utlysingar av ledige stillingar. Unntak skal grunngjevast.</p> <p>Heiltids % ved utgangen av 2025: Ved utgangen av 2025 var heiltidsprosenten på 77,9 % (2024: 76,5 %). Kommunen har fleire tilsette i små stillingar som ikkje let seg auka, døme brannvern, helgevakt-stillingar (studentar osv).</p> <p>Tal deltidstilsette desember 2025: Kvinner 471 Menn 99</p> <p>Samla sjukefråvere desember 2025: 9,5 % Dette er stabilt i høve tal for tidlegare år (9,3% i 2024). 2,3 % korttidsfråvære (eigenmeldings dagar og arbeidsgjevarperiode 16 dg) 7,2 % langtid (frå dag 17)</p>
Satsing på lærlingar	<p>Kvinnherad kommune skal ha som mål å ha 2 lærlingar per 1000 innbyggjar. Dette må jobbast med kontinuerlig for å sikra kompetanse og folketalsauke.</p>	Iht. plan	<p>Ansvar for budsjett ,utlysing og tilsetjing/fordeling av lærlingressursar er lagt til Administrasjon, medan dagleg oppfølging og rettleiaransvar ligg til dei enkelte sektorane og tenestestadene. Det vert jobba mykje med felles føringar og oppfølging av lærlingane på tvers av sektorar og einingar. I sektor omsorg, helse og sosial er oppfølging og samordning av</p>



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Tannlegekontor Rosendal	Vidareført frå 2024: Kommunedirektøren skal i første kvartal 2024 leggje fram ei sak med forslag til eigna tannlegelokal i Rosendal. Saka skal óg ta føre seg evt. kostnadar med opprusting av tilgjengeleg lokale til tilfredsstillande standard.	Forsinka	<p>lærlingar no organisert slik at ein stilling i sektoren har spesielt ansvar for å samordna opplæringa mellom dei ulike tenestestadane i sektoren. Det skjer i samråd med personalavdeling og lagleiarar/instruktørar ute i einingane.</p> <p>Evaluering av garantiordning for fast stilling for lærlingar (<u>helse og oppvekst</u>) vart lagt fram for administrasjonsutvalet 5. juni 2025. Saka vart sendt i retur til administrasjonen for nye vurderingar basert på innspel frå utvalet. Ny sak vart fremja i administrasjonsutvalet den 04.12.2025. Her vart gjort nytt vedtak som lyder slik:</p> <p>VEDTAK: Kvinnherad kommune skal tilby fast, full stilling til lærlingar etter fullført læretid og bestått fagprøve.</p> <p>Lærlingane i organisasjonen er fordelt på faga, tal pr. 31.12.2025:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Byggdriftar • Helsefagarbeidar 8 • Barne- og ungdomsarbeidar 2 • IT-drift • Dataelektronikar 1 • TAF lærlingar 1 • Menn i helse 1 • Fagbev på jobb reinhaldsoperatør 2 <p>Fagprøvar pr. 31.12.2025:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helsefagarbeidarar 8 • Byggdriftarar 2 • Barne- og ungdomsarbeidarar 3 • It-driftsfag 1 • Fagbrev på jobb reinhaldsoperatør 1
			<p>Kvinnherad kommune har ved ulike høve kontakta Vestland fylkeskommune etter verbalvedtaket, der ein har ønska tilbakemelding på arealbehov etc og stilt seg viljug til å bistå med å finna eigna lokale.</p> <p>Pr desember 2025 er det Ingen endring i saka.</p> <p>Det har vore fleire forsøk på å komma i kontakt med fylketstannlegen. Tilbakemeldingane er at dei må behandla dette internt før dei kan komma med ei tilbakemelding til Kvinnherad kommune. Det er undersøkt om det finnast lokalar i</p>



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			<p>Rosendalsområde. her er det blitt forspurd i ein konkurranse i samband med leige av lokale til helsestasjon. Det er mogleg å etablera 2 tannlegekontor på kort varsel til tannklinikk i om dette vert prioritert. Overordna strategi om tannhelsestenesta skal opp til behandling i VLF.</p> <p>Det har også vore samtalar med Rosendal utvikling som har engasjert seg i saka. har har Kvinnherad kommune i lag med Rosendal utvikling sett på moglege lokalstasjonar for ein tannklinikk i Rosendal..</p>
Tiltak personal/seniorpolitikk	Vidareført frå 2024: Kommunedirektøren skal leggje fram ei sak med forslag til tiltak for å få eldre til å stå lengre i jobb i Kvinnherad kommune.	Iht. plan	<p>Ei partssamansett arbeidsgruppe har kartlagt, vurdert og greia ut ulike tiltak som omhandla kommunen sin seniorpolitikk, og korleis arbeidsgjevar kan bidra for å få tilsette til å stå lengre i arbeid. Dette arbeidet vart lagt fram som eiga sak for Administrasjonsutvalet i februar 2025. Det tiltaket som utvalet samla seg om er at alle tilsette i målgruppa (55-58) skal få tilbod om ein eigen seniorsamtale, slikt tiltak medfører ikkje meirkostnad for kommunen, men kan etter utvalet si mening bidra til at tilsette gjer meir bevisste vurderingar om val mellom vidare arbeid eller pensjon. Saka med felles innstilling frå kommunedirektør og administrasjonsutval vart lagt fram for kommunestyret den 30. oktober.</p> <p>Saka vart sendt frå kommunestyret tilbake til kommunedirektør med utsetjingsforslag og bestilling om å utarbeida ein seniorpolitisk strategi for å behalda arbeidstakarar lengst mogleg. Tillitsvalte skal involverast.</p> <p>Slik står saka ved årsskifte 2025/26. Drøftingar må takast opp att, og administrasjonsutvalet vil vera ein arena der dette kan takast opp att.</p>
Uskedalen aktivitetshus	Vi ber om ei politisk sak der ein vurderer Kvinnherad kommune sin bruk av Uskedalen aktivitetshus, saka skal ta føre seg, driftsfrom, inklusiv handtering av kapitalkostnadane for bygget.	Ferdig	Sak vart levert til kommunestyret i april 2025.
Utgreiing av eit kommunalt omsorgstilskot til foreldre med omsorg for barn mellom 13-19 månader.	Kommunedirektøren får i oppgåve å utgreie eit kommunalt omsorgstilskot til foreldre med omsorg for barn mellom 13-19 månader. Føresetnad er at barnet ikkje har full barnehageplass.	Ferdig	Utgreiinga er ferdig. Lagt fram for leveårsutvalet 09.09.25 og i kommunestyret 30.10.25. Vedtak: tatt til vitande



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	<p>Utgreiinga skal inkludera:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Oversikt over liknande kommunale omsorgstilskot i andre kommunar med erfaringar frå desse 2. Forslag til administrativ organisering av tilskotet 3. Forslag til kriterie for å kunne motta tilskotet 4. Økonomisk analyse av innføring av eit tilskot <ol style="list-style-type: none"> a. Økonomisk konsekvens ved månadleg utbetaling av eit tilskot på 3000kr, 5000kr og 7000kr. b. Økonomisk konsekvens for kommunal barnehagetenest <p>Tidsfrist:</p> <p>Utgreiinga skal leggjast fram som sak innan september 2025.</p>		
<p>Utgreiing av heileigd kommunalt aksjeselskap for næringsseigedomar</p>	<p>Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie moglegheita for å organisere kommunen sine næringsseigedomar i eit heileigd kommunalt aksjeselskap. Utgreiinga skal inkludere:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Oversikt over eksisterande næringsseigedomar <ul style="list-style-type: none"> ○ Kartlegging av eigedomsmassen som kan overførast til selskapet, med tilhøyrande økonomiske, juridiske og tekniske vurderingar. 2. Formål og målsetjingar for selskapet <ul style="list-style-type: none"> ○ Definere kva selskapet skal oppnå, som til dømes effektiv forvaltning, auka avkastning, fremjing av lokal næringsutvikling og bevaring av kommunale interesser. 3. Fordelar og ulemper ved selskapsmodellen <ul style="list-style-type: none"> ○ Ein analyse av økonomiske, juridiske og organisatoriske konsekvensar, inkludert kostnader knytt til oppretting og drift av selskapet. 	<p>Ferdig</p>	<p>Sak er handsama og vedteke i kommunestyret.</p>



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	<p>4. Juridiske og økonomiske vurderingar</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Gjennomgang av krav i kommunelova og aksjelova, samt vurdering av overføringsprosessar, skattespørsmål og eventuell risiko. <p>5. Styringsmodell og kontrollmekanismar</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Forslag til korleis kommunen kan sikre nødvendig politisk styring og kontroll over selskapet, mellom anna gjennom generalforsamling, eigarskapsmeldingar og retningsliner for selskapet sitt arbeid. <p>6. Erfaringar frå andre kommunar</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Samling av relevante døme og erfaringar frå kommunar som har gjennomført liknande tiltak, med vekt på suksessfaktorar og utfordringar. <p>7. Konsekvensar for tilsette og brukarar</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Vurdering av kva innverknad overføringa vil ha på kommunale tilsette, eksisterande leigetakarar og andre relevante aktørar. <p>8. Framdriftsplan og kostnadsverslag</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Skissering av ein plan for eventuell etablering av selskapet, inkludert tidslinje, kostnadsverslag og finansieringsløyisingar. <p>Tidsfrist: Utgreiinga skal leggjast fram for kommunestyret innan Juni 2025 med ei tilråding om vidare prosess og eventuelle vedtak som må fattast.</p>		
Utgreiing av kommunale eigedomar i kommunalt eigd aksjeselskap	Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie moglegheita for å organisere kommunen sine bustader i eit heileigd kommunalt aksjeselskap. Målet er å leggje til rette for ei meir aktiv forvaltning av kommunale bustader, auke byggeaktiviteten og styrkje den langsiktige forvaltninga av eigedomsmassen.	Ferdig	Sak er handsama og vedteke i kommunestyret.



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	Utgreiinga skal inkludere:		
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kartlegging av eigedomsmassen <ul style="list-style-type: none"> ○ Ein oversikt over alle kommunale bustader som er aktuelle for overføring til eit kommunalt aksjeselskap. 2. Formål og målsetjingar for selskapet <ul style="list-style-type: none"> ○ Definere korleis selskapet kan bidra til å oppnå kommunen sine mål innan bustadpolitikk, samfunnsutvikling og auka byggeaktivitet. 3. Juridiske og økonomiske vurderingar <ul style="list-style-type: none"> ○ Analyse av lovmessige rammer, økonomiske konsekvensar og potensielle skattefordelar ved overføring av eigedomsmassen til eit selskap. 4. Modellar for styring og kontroll <ul style="list-style-type: none"> ○ Forslag til korleis kommunen kan sikre eigarskap, styring og politisk kontroll over selskapet, inkludert retningsliner for selskapet sitt arbeid. 5. Finansieringsløyisingar og konsekvensar <ul style="list-style-type: none"> ○ Vurdering av finansieringsbehov og moglegheiter, samt konsekvensar for kommunens budsjett og økonomiplan. 6. Tiltak for å auke byggeaktiviteten <ul style="list-style-type: none"> ○ Konkretisere korleis eit kommunalt eigd selskap kan bidra til å stimulere til nybygging og tilrettelegging for bustadutvikling. 7. Framdriftsplan for etablering av selskapet <ul style="list-style-type: none"> ○ Skissering av ein mogleg tidsplan for oppretting av selskapet og implementering av nødvendige tiltak. 		
	<p>Tidsfrist: Saka skal leggjast fram for kommunestyret innan utgangen av juni 2025, med ei</p>		



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	tilråding om vidare prosess og konkrete tiltak for å etablere eit kommunalt eigd aksjeselskap.		
Utgreiing av leige av areal til helsesentertjenester i Rosendal	<p>Kommunedirektøren får i oppgåve å fremja ei sak for kommunestyret, der leige av areal til helsesentertjenester i næringsbygg i Rosendal vert utgreidd.</p> <p>Kommunedirektøren får fullmakt til å gå så raskt som mogleg i gang med utgreiinga og kontakte moglege samarbeidspartnarar for å få på plass dei nødvendige vurderingane.</p> <p>Utgreiinga skal inkludere:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Behovsvurdering <ul style="list-style-type: none"> ○ Ein analyse av areal- og funksjonsbehov for helsesentertjenestene, inkludert krav til universell utforming. 2. Samlokalisering med fylkestannrøkta <ul style="list-style-type: none"> ○ Vurdering av moglegheiter for å inkludere Fylkestannrøkta i helsesenteret, med fokus på effektiv utnytting av areal og synergieffektar mellom tenestene. 3. Økonomiske vurderingar <ul style="list-style-type: none"> ○ Ein gjennomgang av kostnader knytt til leige, tilpassing av lokala og driftsutgifter. 4. Tilgjengelige alternativ <ul style="list-style-type: none"> ○ Kartlegging av relevante næringsbygg i Rosendal som kan huse helsesenteret, med ei vurdering av lokasjon, tekniske fasilitetar og avtalevilkår. 5. Tidsplan for gjennomføring <ul style="list-style-type: none"> ○ Ein realistisk framdriftsplan for forhandlingar, kontraktinngåing og etablering av helsesenteret i nye lokale. <p>Tidsfrist: Saka skal leggjast fram for kommunestyret innan utgangen av Mars 2025</p>	Ferdig	Sak i Formannskapet 27.03.25. Leigeavtale signert. Prosess med ombygging er starta.



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Utgreiing drift/investering av idrettsanlegg og kultur	Vidareført frå 2024: Kommunedirektøren skal innom første halvår 2024, leggje fram ei sak som tek føre seg følgjande pkt. innom frivillighet, idrett og kultur: Kommunal og privat drift og investering av ulike anlegg/tiltak i Kvinnherad kommune Kommunale tilskotsordningar for drift, vedlikehald og investeringar Vurdering av dagens tildelingskriterier og eventuelle forslag til endring/korreksjon av disse for å sørge for effektiv bruk av kommunale midlar Det skal også i utgreiast innretting for kommunale bygg for frivillige, lag og organisasjonar.	Ferdig	Det nye levekårsutvalet handsama i mai og juni dei fyrste sakene knytt til kulturtilskot, og administrasjonen orienterte og drøfta erfaringar med utvalet for å få det med i det vidare utgreiingsarbeidet. Utgreiinga vart levert som referert skriv til kommunestyret i november 2025.
Utgreiing: Korleis trygga, forenkla og betre kvardagen for eldre i eigen heim.	Kommunedirektøren får i oppgåve å gjere ei utgreiing med sikte på at fleire eldre skal kunne bu og trivst lengre heime. Særskilt bes det om at rolla til heimetenesta (heimesjukepleie etc.) og eining aktivitet og rehabilitering vert vurdert. Utgreiinga skal ta føre seg: <ol style="list-style-type: none"> 1. Identifisering av behov og føresetnader for at eldre skal ha eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø i eigen heim. 2. Identifisering av tiltak som kan trygga og betre kvardagen for eldre som bur heime, samt tiltak som vil gjere det lettare for eldre å bu lengre i eigen heim. 3. Vurdering av om dagens tenestetilbod er tilstrekkeleg for å svara på identifiserte behov, føresetnadar og tiltak i pkt. 1 og 2. 4. Konkrete forslag til tiltak/endringar i Kvinnherad kommune som kan støtta og styrka tenestene som er retta mot eldre som bur heime. 5. Økonomisk konsekvens av føreslegne tiltak. <p>Utgreiinga må sikra delaktigheit frå både tilsette, tillitsvalde og brukarar.</p> <p>Tidsfrist:</p> <p>Utgreiinga skal leggjast fram for kommunestyret som eiga sak innan oktober 2025.</p>	Ferdig	Sak til kommunestyret vart handsama den 30.10.25.
Årsturnus	Årturnus er eit godt og viktig redskap for iht. plan planlegging av arbeid som går over heile døgnet, heile året. Kvinnherad kommunestyre ber om at einingar med slik aktivitet innfører årsturnus.	Iht. plan	Turnusgruppa (arbeidsgjevar, HTV NSF og representant Fagforbundet, HVO) i OHS har utarbeidd ny avtale for Årsplan for perioden 2026-2028. Denne er det i mai månad gjennomført presentasjon av og



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	<p>Administrasjonsutvalet får i oppgåve å følge opp arbeidet med årsturnus.</p>		<p>opplæring i for alle avdelingsleiarar, verneombod og tillitsvalde i sektoren.</p> <p>Det er planlagt eit steg 2 og eit steg 3 i opplæringsrekka knytt til årsturnus; steg 2 partssamarbeidet og rutinen for dette, steg 3 teknisk opplæring i Årsturnus/årsplan i Notus.</p> <p>I Bu- og habilitering har 2 avdelingar ønske/planar om opp-start av årsturnus i 2026. Begge avdelingane er godt i gang med forarbeidet til ny grunnturnus, bemanningsplan og oppgåvedeling.</p> <p>Dei resterande avdelingane i Bu- og habilitering har turnusar med særordningar som i mindre grad er eigna for årsturnus/årsplanlegging. Dette er turnusar med stor andel av døgnbaserte arbeidstidsordningar (medlever) og turnus med lange vakter på 14 t. Begge desse arbeidstidsordningane er svært regulerte i lov og forskrift og difor utfordrande med tanke på fleksibilitet og valfridom for tilsette. Ei føremon med desse arbeidstidsordningane, til liks med årsturnus, er auka andel heiltid (100% stillingar) og auka kontinuitet i døgndrift (færre personar).</p> <p>Oppstart av Heradstun hausten 2025 medfører stor omlegging av drifta i fleire av bufellesskap i Bu- og habilitering. Ny drift og nye behov må avklarast for ein kan vurdere endring av arbeidstidsordningane i dei involverte bufellesskap.</p> <p>Villatunet bufellesskap er pr. mai klar med ny grunnturnus. Avdelingsleiar og tillitsvalde + VO treng teknisk opplæring i Notus for å starte arbeidet med å ta i bruk årsplan i 2026.</p> <p><i>Alle avdelingar i institusjonane og heimetenestene (Halsnøy, Husnes, Rosendal og Ølve) organiserer no arbeidstida til dei tilsette i årsturnus.</i></p> <p><i>VER Visma Ressursstyring er i haust gått over til sky-drift. Kommunen har samstundes gått til innkjøp av ny turnusplanlegger, Smartplan – denne er KI basert og kan generere turnusløysingar ut frå kompetansebaserte bemanningsplanar og andre gitte kriterier for kvar einskild avdeling og/eller tilsett.</i></p> <p><i>Smartplan er eit verktøy som gjev god ressursutnytting, samstundes som det legg til rette for auka andel heiltid.</i></p>



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			<i>Fleire avdelingar øver seg no i bruk av verktøyet og er i testfase/prøver seg fram med ulike KI-baserte turnusløyisingar i årsplan.</i>

Planoppfølging

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Arkivplan	Planstrategi 2024-2028 har rullering av administrativ arkivplan som prosjekt til gjennomføring i 2025.	Forsinka	I prosess. Arkivplan er ikkje ein type oppdrag som har ein sluttdato, den er under kontinuerleg oppdatering og eit verktøy for organisasjonen.
DR besøksmål Bondhusdalen	Gjeldande planstrategi har detaljregulering besøksmål Bondhus som prosjekt til gjennomføring 2021- 2022. PlanID: 20220001Konsulent: 3RW. Finansiering: P5317Arkivsak: 2022/581.	Forsinka	Planarbeidet starta opp i 2022. Det har vore gjennomført medverknad gjennom informasjonsmøte, open kontordag og synfaringar. Det vart gjennomført 1. gangsbehandling av planforslaget i 2024, og detaljregulering vart lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i 2024/2025. Planen skal sluttbehandlast i første kvartal av 2026.
DR Fjelbergsambandet	Gjeldande planstrategi har detaljregulering Fjelbergsambandet som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2021. Opphavleg starta planarbeidet i september 2017 med planforslag til høyring oktober - desember 2017. Pause i planarbeidet ma. grunna usikkerheit ved utbyggingskostnadar og bruteknologi, samt finansiering. Kommunestyret har vedteke at arbeidet skal prioriterast, og fylkeskommunen vil delta i arbeidet.PlanID: 20170006. Konsulent: Norconsult.Finansiering: P5220. Arkivsak: 2017/3016 og 2022/306.	Ferdig	Planframlegg var til høyring vinter 2023/24. Høyringssvar med varsel om motsegner krav tilleggsutgreiingar og auka kostnadane ved planarbeidet . Eige sak om finansiering mm. til kommunestyret i juni 2024. Avklaring av motsegner hausten 2024. Kommunestyret vedtok planen i møte 10.04.2025. Planarbeidet vert no rekna som fullført. Om det kjem klage etter kunnngjering av plan blir oppdraget som sådan teke opp att viss det må gjerast endringar.
DR Industriområde Årsnes	Gjeldande planstrategi har detaljregulering Årsnes industriområde som prosjekt til gjennomføring 2022 - 2023.PlanID: Ikkje tildeltKonsulent: ABO Stord asFinansiering: P5315.Arkivsak: 2021/3299 og 2022/1143	Forsinka	Forprosjekt utarbeidd i 2022. Vestland fylkeskommune har ikkje ynskt tilkomst til området over ferjekaien, men etter ekstra utgreiing har fylkeskommunen hausten 2024 opna for dette. Forprosjekt er ferdig og det er 26.06.2025 meldt oppstart av planarbeidet med planprogram på høyring på grunnlag av dette. Frist for å kome med merknad og innspel vart sett til 05.09.2025. Møte med Mowi vart halde 8. oktober før utarbeiding av plandokument. Administrasjonen og konsulenten ABO arbeider no vidare med planforslaget, med grunnlagsinformasjon og nødvendig kunnskapsgrunnlag.



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
DR Lundsbyggene gang og sykkeveg	Gjeldande planstrategi har detaljregulering Lundsbyggene gang- og sykkeveg som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2021. PlanID: 20200006. Konsulent: Norconsult. Finansiering: P5336/S9982. Arkivsak: 2020/1894 og 2022/224.	Forsinka	Oppstart planarbeid vart kunngjort oktober 2020. Det har blitt arbeidd mykje med å rydde i fleire avkjøringar langs vegen. Løysing for ny bru over Storelva er teikna eit stykke vest for eksisterande bru. Arkeologiske undersøkingar på utvalde stader innanfor planområdet er gjennomført. Planforslag sendt på høyring i mars 2025. 12.06.2025 vart det halde særskilt møte med grunneigarane på Osaholmen kring ny veg til båthamna. Aktuelle partar fekk utvida merknadsfrist til 14.07.2025. Vidare framdrift i planarbeidet er noko avhengig av budsjett situasjonen. Arbeidet står i ro til budsjettavklaringar er gjort.
DR Ny ferjekai Varaldsøy	Detaljregulering Skjelnesodden ferjekai som prosjekt til gjennomføring 2020-2024. Planarbeid ikkje starta. Vidare prosess er avhengig av avklaring frå veigeigar Vestland fylkeskommune. PlanID 20190005. Konsulent: Abo. Finansiering: P5221. Arkivsak: 2019/865.	Forsinka	Planarbeid vart starta, men er sett på vent grunna manglande medverknad og avklaring frå Vestland fylkeskommune, som ev. vil verta eigar av kaianlegget. Kvinnherad kommune retta i 2023 forventningar og førespurnadar til fylkeskommunen etter vedtak i kommunestyret, men utan å få respons. Hausten 2023 freista administrasjonen å finna alternativ løysing som både tilfredsstillar føringane i Regional transportplan og kommunen sitt mål om flytting av ferjekaien. Vedtak i kommunestyret desember 2023 om å be fylkeskommunen vurdere flytande, flyttbar konstruksjon for ferjekai. Kontakt med fylkeskommunen om dette våren 2024, førebels utan konklusjonar frå deira side. Fylkeskommunen har ved rullering av sine transportplaninvesteringar i 2025 slege fast at det behov for ny ferjekai og tilleggs kai, og at prosjektet treng planavklaring. Kvinnherad kommune har sett av noko midlar til planlegging og kan gå i spleiselag med fylkeskommunen om det er vilje til å flytte ferjekaien.
DR Næringsområde NN-1	Gjeldande planstrategi har detaljregulering av fire næringsområde som prosjekt til oppstart og dels gjennomføring 2022 - 2024. Dette skal vere ei oppfølging av areal som blir lagt ut til næringsføremål i ny arealdel til kommuneplanen. Arealdelen er førebels ikkje vedteken, men eitt av dei fire næringsareala er etter formannskapsvedtak prioritert for oppstart. Reguleringsplan Landa (Halsnøy) skal legge til rette for næring, trafikk sikring og mogleg bustadbygging. PlanID: 20240001. Konsulent: Norconsult as i	Forsinka	Tema for planen er bruk og etterbruk av steinbrotet på Landa (Halsnøy), samt trafikk sikring og nye busslommar langs fylkesvegen. Det er søkt og gitt konsesjon for fortsatt drift av steinbrotet. Formell planstart vart publisert i 3. kvartal 2025 og ein sikter på endeleg planvedtak i løpet av 2026. Dette oppdraget var del av planstrategi 2019-2023 og blir vidareført i planstrategi 2024-2028 under oppdraget kalla DR: Næringsområde Landa.



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	innleiande fase. Utarbeiding av planen i eigen regi. Finansiering: P5318 Arkivsak: 2022/792.		
DR Opsanger-Porsvik	Gjeldande planstrategi har detaljregulering trafikkisikring Opsanger - Porsvik som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2022. Dette er del av Kvinnheradpakken og planstart avventer endeleg finansiering der.	Forsinka	Oppstartmøte for planarbeidet vart halde i desember 2023 og ope møte vår 2024. Planarbeidet skjer i regi av Vestland Fylkeskommune. Første halvår 2025 har det m.a. vore jobba med aktuelle alternativ for bruløysing på Opsanger, noko som er eit viktig premiss for kostnadane ved utbygging. Plangrensa vart kunngjort utvida i april 2025 for å ivareta og planlegge for utbetring av kurve i Vikefjellsvegen. Administrasjonen deltar jamt i prosjektmøter med forslagsstillar for å ivareta kommunen og innbyggjarane sine behov. Framdrifta legg opp til planforslag oversendt kommunen sommar 2026.
DR: Næringsområde Landa	Planstrategi 2024-2028 har detaljreguleringsplan for næringsområde Landa som prosjekt til gjennomføring i 2024-2025. Finansiering: P5318/8004. Arkivsak: 2022/792. PlanID: 20240001.	Forsinka	Meldt oppstart planarbeid 19.11.2025. Gått gjennom merknader frå oppstart . Det skal tingast konsulenthjelp til utgreiingar. Forventa plan til 1. gangs behandling 3. kvartal 2026.
DR: Planar for fortetting av bustadområde	Planstrategi 2024-2028 har planar for fortetting av bustadområde som oppgåve/fokusområde til gjennomføring i 2026-2027.	Ikkje starta	Praktiske løysingar vert førebudd i rullering av arealdelen til kommuneplanen.
DR: Ølve sentrum, Husa bru	Planstrategi 2024-2028 har detaljreguleringsplan for Husa bru, med mogleg utviding til sentrale delar av Ølve, som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027.	Ikkje starta	Avventar vedteke rullering av arealdelen til kommuneplanen. Deltaking i planlegging må avklarast med Vestland Fylkeskommune som har oppstart her som føretsetnad for byggeløyve Husa Bru.
KDP idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Gjeldande planstrategi har rullering av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som prosjekt til gjennomføring 2021.	Forsinka	Kortsiktig del (handlingsprogrammet) vert rullert årleg. Rullering av langsiktig del er ikkje starta.
KDP Regionsenteret Husnes	Gjeldande planstrategi har utarbeiding av kommunedelplan for regionsenteret Husnes som prosjekt til gjennomføring 2021. Planprogram vedteken 2019.	Ikkje starta	Planprogram vedteken 2019, men må no reknast utdatert. Det er stor aktivitet i Husnesområdet og høg takt i private og offentlege byggeprosjekt. Planbehovet må sjåast opp mot dette dette for å få naudsynt fleksibilitet. Planarbeidet vart difor lagt til vurdering i ny planstrategi. Ny planstrategi vart vedteken av kommunestyret i juni 2025, og der er reguleringsplan senterområde på Husnes lagt inn som prioritert planoppgåve til



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			erstatning for tidlegare oppdrag med kommunedelplan.
KDP Samferdsle	Gjeldande planstrategi har utarbeiding av kommunedelplan for samferdsle som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2021. Planprogram vart vedteke sept. 2020. Kommunedelplan for samferdsle er delt i tre delar: Del 1: Overordna mobilitetsstrategiar. Konsulent: Eigenproduksjon i kommunen. Del 2: Rullering av trafikksikringsplanen. Arbeidet er slutført og denne av planen vart endeleg godkjent i kommunestyret 24.06.2021. Konsulent: Eigne tilsette og Norconsult. Arkivnr. 2020/875 Del 3: Hovudplan for vegar i kommunen, inklusive vegnorm. Konsulent: Eigne tilsette og Norconsult. Arkiv nr. 2020/2454 og 2022/1726.	Ferdig	Ny planstrategi vart vedteken i kommunestyret juni 2025, og inneheld ikkje Kommunedelplan samferdsle, men vart erstatta av eit oppdrag med kommunal transportplan med plan for hamner. Det opphavlege planarbeidet vil såleis bli omforma. Pågåande prosessar som reguleringsplanar, spleiselag med fylkeskommunen etter innspel til rullering av Regional transportplan, Kvinnheradpakken og andre prosjekt, som til dømes arbeidet med innkorting av ferjesambandet Kvinnherad–Stord er aktuelle tema også i det nye oppdraget.
KDP Strategisk næringsplan	Gjeldande planstrategi har utarbeiding av kommunedelplan for næring (strategisk næringsplan) som prosjekt til gjennomføring 2020-2021. Planprogram vedteke 2019. Delar av kommunedelplanen er utarbeidd og vedtatt (reiselivsplan og cruisestrategi). Arkivnr. 2018/2058.	Ikkje starta	Kommunen sitt strategiske næringsarbeid vart sterkt prega av perioden med koronapandemi og ressursane måtte omprioriterast. Erfaring frå planarbeidet så langt som det kom tilseier at planoppdraget bør vurderast på ny mtp. form og innretting. Slik vurdering vart gjort ved utarbeiding av ny planstrategi for perioden 2024 - 2028, og oppdraget vart ikkje vidareført.
KDP: Kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Planstrategi 2024-2028 har kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som prosjekt til gjennomføring i 2025-2026.	Ikkje starta	Kortsiktig del (handlingsprogrammet) vert rullert årleg. Rullering av langsiktig del er ikkje starta. Dette oppdraget er ei vidareføring nemnt i planstrategi 2024-2028, og var også med i førre planstrategi.
KDP: Kommunedelplan naturmangfald	Planstrategi 2024-2028 har kommunedelplan naturmangfald som prosjekt til gjennomføring i 2024-2026. Finansiering: Søker statleg finansiering.	Forsinka	Ein del arbeid som kan gjenbrukast her er gjort i samband med rullering av arealdelen til kommuneplanen.
KDP: Kommunedelplan vassforsyning og avløp	Planstrategi 2024-2028 har kommunedelplan vassforsyning og avløp som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027. Arkivsak: 2025/694.	Iht. plan	Oppstart av planarbeidet i 2025 med høyring og offentleg ettersyn av planprogram. Det er føresett fastsetting av planprogram i første kvartal i 2026. Framdriftsplanen legg opp til 1.



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			gangsbehandling (andre kvartal) og 2. gangsbehandling (fjerde kvartal) i 2026.
KDP: Transportplan med plan for hamner	Planstrategi 2024-2028 har kommunal transportplan med plan for hamner som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027. Skal vere ei strategisk prioritering av samferdsleoppgåver. Vil òg ha tema som kollektivtransport, særlege tiltak for grupper som eldre, barn og unge.	Ikkje starta	Innhald frå rullering av arealdelen til kommuneplanen kan innarbeidast.
KP Arealdel	Gjeldande planstrategi har rullering av arealdel til kommuneplan (KPA) som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2021. Planprogram vedtatt 29.04.2019. PlanID: 20190007. Konsulent: Eigenproduksjon. Underleverandørar: ABO Stord as, Akons as. Finansiering: ANS5030. Arkivnumre: 2018/1367 (samla Kvinnherad 2050, planprogram) 2019/1860 (innspel til arealdel) 2022/719 (arealdel).	Forsinka	Planforslag er utarbeidd og kommunestyret vedtok i møte 20.04.2023 å sende arealdelen til høyring og leggje den ut til offentlig ettersyn. Målsettinga var stadig å få planforslaget vedteken innan utgangen av valperioden, men grunna innkomne motsegner og generelt mange merknadar til planforslaget viste dette seg umogleg. Hausten 2023 og våren 2024 vert det gjort ytterlegare utgreingar for ma. å tilfredsstillende dokumentasjonskrav, det er gjennomført dialogmøte med Statsforvaltaren og det vert arbeidd med å løyse krav frå fylkeskommunen, NVE og andre. I tillegg må kartløysinga kraftig omarbeidast. Ei politisk arbeidsgruppe er etablert for å styrke innsatsen i sluttfasen av planarbeidet. Denne gruppe har drøfta innretting og framdrift, og det vert sikta mot ny høyring i 1. kvartal 2026.
KPA: Tematisk rullering av arealdelen til kommuneplanen	Planstrategi 2024-2028 har temarullering KPA for areal til fritid og turisme som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027. Finansiering: ANS5030.	Ikkje starta	Det blir oppstart etter at rullering av arealdelen til kommuneplanen er gjennomført. Enkelte tema frå pågåande rullering bør få særleg merksemd i arbeidet.
KPA: Vidareføre pågåande rullering av arealdelen til kommuneplanen	Planstrategi 2024-2028 har rullering av arealdelen frå 2018 som prosjekt til ferdigstilling i 2024-2025. Finansiering: ANS5030. Arkivsak: 2018/1367, 2019/1860 og 2022/719.	Forsinka	Dialogar om motsegn og merknadar avslutta. Plankart er oppdatert. Utgreingar om strandsone, nytt forslag til forbodslinje mot sjø. Gjennomgang føresegn. Planskildring skrive på nytt. Konrektisering av sentrumsstruktur. Gjennomgang konsekvensutgreiing heile planen. Rapport om sjøområda. Ny konsekvensutgreiing for sjøområda. Leggast på høyring og offentlig ettersyn våren 2026.
KPS: Teknisk justering av samfunnsdelen	Planstrategi 2024-2028 har teknisk justering av samfunnsdelen til kommuneplanen som prosjekt til gjennomføring i 2024-2025. Finansiering: ANS5030.	Forsinka	Meldt oppstart planarbeid 16.12.2024. Planprogram utarbeida, men ikkje stadfesta politisk. Prosess rundt senterstruktur i arealdelen til kommuneplanen kan vidareførast i arbeidet.

Dokumentet er signert digitalt av:

- LEIF OVE MIKKELSEN, 08.04.2026
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, 08.04.2026

Forseglet av



Posten Norge

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Mal for ROS og akseptkriterium	Planstrategi 2024-2028 har oppdatering av risiko- og sårbarhetsanalyser og akseptkriterium for risiko i arealplanar som prosjekt til gjennomføring i 2024-2027.	Ikkje starta	
OR Grøn Næringspark	Gjeldande planstrategi har områderegulering Grøn næringspark (Husnes) som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2021. Planprogram fastsett av kommunestyret desember 2021. PlanID: 20200005Konsulent: Norconsult. Finansiering: P5490Arkivsak: 2019/341.	Forsinka	<p>Planen er under utarbeiding etter oppstart og vedteke planprogram i 2021. Varsling om utviding av planområdet vart gjort hausten 2023 for å få med tilstrekkeleg areal til kai- og hamneføremål.</p> <p>Det er gjort koordinering og avklaringar opp mot Fagne, Statnett og Hardanger Biogass vedrørende deira planar i området. Første halvår 2024 vart modellar for grunnverv og utbygging/finansiering av infrastruktur utvikla.</p> <p>Planarbeidet er omfattande med kompleks infrastruktur, også grunna omsynssone og sårbarhetsanalyse for ein eksisterande gassleidning samt undersøkingar i sjø for kaiområdet. Revidert forslag til reguleringsplan er forventa vår 2026.</p>
OR Rosendal	Gjeldande planstrategi har områderegulering Rosendal som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2021. Planprogram fastsett oktober 2020. PlanID 20190002. Konsulent: 3RW. Finansiering: Løyving frå tildelte havbruksfondsmidlar. Arkivsak: 2019/394 og 2022/437.	Forsinka	<p>Planarbeidet vart starta vår 2020 etter forarbeid med folkemøte og stadfesta planprogram. Parallell sak om storleik og plassering av idrettshall var til politisk behandling hausten 2022.</p> <p>I september 2024 vart planforslag lagt ut til høyring. Varsel om motsegn frå statleg mynde motteke i desember 2024. Det er gjennomført dialogmøte med regionale mynde, og merknadsbehandling vart gjort våren 2025. Justeringar er utført og naudsynt avklaring kring vegløyving er gjort med Vestland fylkeskommune.</p> <p>Planen må på ny høyring pga. større endingar etter første høyring. Revidert planframlegg vart lagt fram til plan-, teknikk- og miljøutvalet sitt møte 11. november, og planforslaget vert vidare justert etter endringar vedtekne av utvalet. Ny høyring estimert til våren 2026.</p>
OR Sunde		Forsinka	Planarbeidet vart starta vår 2020 etter forarbeid med folkemøte, moglegheitsstudie og stadfesta planprogram. Planforslag utarbeidd i 2023 og 2024 og sendt på høyring oktober 2024. Gjennomført nytt folkemøte på Sunde i desember 2024. Stort engasjement særleg knytt til vegnett.



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			Varsel om motsegn frå statleg mynde motteke i januar 2025. Gjennomført dialogmøte med Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune. Krav om utgreiingar av ma. straumføring og sedimentundersøking i sjø ved Nesjaneset. Grunna mogleg større ekstra kostnad kan det vere behov for politisk behandling undervegs.
OR: Lokalsenter Sæbøvik	Planstrategi 2024-2028 har områdeplan for senterområdet Sæbøvik som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027.	Ikkje starta	Avventer oppstart til det er gjort vedtak for ny arealdel til kommuneplanen.
OR: Lokalsenter Uskedalen	Planstrategi 2024-2028 har områdeplan for senterområdet Uskedalen som prosjekt til gjennomføring i 2025-2028.	Ikkje starta	Avventer oppstart til det er gjort vedtak for ny arealdel til kommuneplanen.
OR: Regionsenter Husnes	Planstrategi 2024-2028 har områdeplan for senterområde Husnes som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027.	Ikkje starta	Avventer oppstart til det er gjort vedtak for ny arealdel til kommuneplanen.
Overordna ROS	Planstrategi 2024-2028 har rullering av overordna risiko- og sårbarheitsanalyse som prosjekt til gjennomføring i 2025.	Iht. plan	Kvinnherad kommune har hatt tilsyn med kommunal beredskapsplikt i kommunen. Rapporten etter tilsynet kom i slutten av mars. Den overordna Ros-analysen er gitt avvik på /lovbrot og den må omgjerast for å stetta lovkrava. ROS-analysen er byrja på og ein ser for seg at dette prosessarbeidet vi gå ut året.
Planvask	Planstrategi 2024-2028 har prosjekt for evaluering og oppfølging av reguleringsplanar (planvask) som oppgåve til gjennomføring i 2025-2027.	Ikkje starta	Avventer oppstart til det er gjort vedtak for ny arealdel til kommuneplanen.
Regional reiselivsstrategi	Planstrategi 2024-2028 har samarbeid med Visit Hardangerfjord om regional reiselivsstrategi som oppgåve til gjennomføring i 2025-2027.	Iht. plan	Kvinnherad blir del av ny reiselivsstrategi for Hardanger. Arbeidet vert drive av destinasjonsselskapet Visit Hardangerfjord der Kvinnherad kommune er medlem.
Sakshandsaming som kan bidra til vekst	Planstrategi 2024-2028 har sakshandsaming som kan bidra til vekst som oppgåve til gjennomføring i 2024-2027.	Iht. plan	Det skal gjerast gjennomgang av gebyrinnretting og gebyrnivå i byggesaksbehandlinga, samt rutinar og samhandling med søkjarar og andre aktørar.
TP frivilligplan for Kvinnherad	Gjeldande planstrategi har temaplan for frivilligheit (frivilligplan) som prosjekt til gjennomføring 2021-2022. Arkivnr. 2018/1847.	Ferdig	Planarbeidet er fullført og planen vart vedteken av kommunestyret 27.11.2025.



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
TP Plan for friluftslivet sine ferdselsårer	Gjeldande planstrategi har utarbeiding av temaplan for friluftslivets ferdsleårar som prosjekt til gjennomføring 2021.	Forsinka	Planarbeid sett i gang, men mykje av jobben med utarbeiding av planen står att og andre oppgaver har fått prioritet framfor slutføring av dette planarbeidet.
TP: Beredskapsplan IT	Planstrategi 2024-2028 har beredskapsplan IT (temaplan) som prosjekt til gjennomføring i 2025.	Forsinka	Beredskapsplan IT er i prosess. It sjef, rådgjevar IT, beredskapsjef og leiar Administrasjon deltok på ei beredskapsøving i Bergen i regi av Digivestland for vestlandskommunar, Statsforvaltar og DSB der mellom anna dette var felles tema. Planen vert utarbeidd i tråd med føringa herifrå.
TP: Beredskapsplan Kvinnherad brann og redning	Planstrategi 2024-2028 har beredskapsplan Kvinnherad brann og redning (temaplan) som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027.		
TP: Bustadsosial handlingsplan	Planstrategi 2024-2028 har rullering av bustadsosial handlingsplan (temaplan) som prosjekt til gjennomføring i 2025-2026.		
TP: Førebyggjande plan for omsorgssvikt og åtferdsvanskar	Planstrategi 2024-2028 har førebyggjande plan for omsorgssvikt og åtferdsvanskar (temaplan) som prosjekt til gjennomføring i 2024-2025.		
TP: Kommunikasjonsplan	Planstrategi 2024-2028 har kommunikasjonsplan (temaplan) som prosjekt til gjennomføring i 2025.	Forsinka	Kommunikasjonsplan er i prosess og blir lagt fram for pol behandling våren 2026. Planen inneheld vedlegga årshjul for arbeidet, rutinar for kontakt med media og krisekommunikasjon.
TP: Landbruksplan	Planstrategi 2024-2028 har landbruksplan med jordvernstrategi og strategi for verneskog (temaplan) som prosjekt til gjennomføring i 2027-2029.	Iht. plan	Arbeidet med ny landbruksplan er starta opp og det vert teke sikte på vedtak i løpet av 2026.
TP: Oppvekstkår – handlingsdel	Planstrategi 2024-2028 har rullering av handlingsdelen til temaplan for oppvekstkår som prosjekt til gjennomføring i 2025-2026.		
TP: Overordna beredskapsplan	Planstrategi 2024-2028 har rullering av overordna beredskapsplan som prosjekt til gjennomføring i 2025.	Ferdig	Saka er handsama og vedteke 18.09.2025 i kommunestyret
TP: Plan for rehabilitering av	Planstrategi 2024-2028 har overordna plan for rehabilitering av kommunal		



Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
kommunal bygningssmasse	bygningssmasse (temaplan) som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027.		
TP: Temaplan for plasthandtering	Planstrategi 2024-2028 har temaplan for plasthandtering som prosjekt til gjennomføring i 2025-2027.	Ikkje starta	
TP: Temaplan for turisme	Planstrategi 2024-2028 har rullering av temaplan for turisme som prosjekt til gjennomføring i 2025.	Iht. plan	Ny reiselivsplan er under arbeid og det vert teke sikte på vedtak i løpet av 2026.

Dokumentet er signert digitalt av:

- LEIF OVE MIKKELSEN, 08.04.2026
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, 08.04.2026

Forseglet av



Posten Norge

Kommunen sine tenesteområde

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesteområde

Sektoren har ansvar på mange område: Bibliotek, kulturarenaer og kulturadministrasjon, næringsutvikling, jord- og skogbruk, vilt- og fiskeforvaltning, turisme og vertskap, frivillig innsats, kommuneplanlegging, klimaarbeid og naturvern, folkehelse, byggesak og reguleringsplanlegging, geodata, miljøretta helsevern og eigedomsskatt.

Det er fem avdelingar i sektoren:

- Avdeling kulturarena
- Kvinnherad bibliotek
- Avdeling Frivilligsentralar
- Næringsavdeling
- Byggesak- og geodataavdeling

I tillegg er desse faga og tenestene direkte underlagt sektorleiar: kulturadministrasjon, strategisk planlegging, nærings sjef og rådgjevar.

Innanfor rammene av kommuneplanen for Kvinnherad har sektoren målsettingane under som overordna retningslinjer for verksemda:

Auke innbyggjartalet

Å oppretthalde, og helst auke innbyggjartalet er viktig for at lokalsamfunn og kommuneorganisasjon kan ha god økonomi og utvikle gode tenester. Alderssamansetjing, balanse i talet jenter/kvinner og gutar/menn, gjennomsnittsalder og andre demografiske faktorar spelar saman med folketalet og avgjer om Kvinnherad har sosial og økonomisk berekraft.

Robust næringsliv

Eit variert næringsliv og høg sysselsettingsgrad utgjer ryggrada i samfunnet. Det er difor viktig at eksisterande verksemdar har gode utviklingsmoglegheiter og at Kvinnherad er attraktivt for nye etableringar.

Trygt samfunn

Kvinnherad skal vere ein trygg plass å bu. Ikkje berre når det gjeld det openberre med trafikktryggleik og naturfare, men med særleg omsyn til oppvekstmiljø og alderdom, god folkehelse og berekraftig naturforvaltning. Kort sagt: Gode føresetnadar for å leve gode liv

Viktige hendingar

Kulturtenester, anleggsutvikling og frivilligheit

- Tal spelemiddelsøknadar til idrett er stabilt. Det er vedtatt å utarbeide eigen strategi for nærmiljøanlegg og ute-område for oppvekst. Til kulturbygg er det fremja og godkjent 3 spelemiddelsøknadar.



- Det er rehabilitert og etablert to kommunale kunstgrasbanar med organisk innfyll, som med dette representerer den nye generasjonen kunstgras.
- Alle tilgjengelege kulturtilskotsmidlar vart utbetalt gjennom søknadsordningane.
- Fondet for forskottering av spelemidlar er utnytta godt av organisasjonane, både innan idrett, kultur og friluftsliv.
- Kulturadministrasjon er involvert i ei større portefølje av anlegg for idrett, friluftsliv og kultur. Ei meir heilskapleg forvaltning av desse anlegga er under utvikling tverrsektorielt, og i samarbeid med offentlege såvel som private og frivillige ressursar.
- Den kulturelle skulesekken har hatt eit rikholdig program, som mellom anna har hatt Baroniet Rosendal, Folgefonnsenteret, Bøkkerverkstaden, Bokbussen og Gurine som arenaer. Til saman 60 arrangement med 1150 deltakarar.
- Biblioteket si figurteaterframvisning av eigenproduksjonen "Unni og Gunni reiser" på turné til alle barnehagane.
- Oppstart av tøyveskebibliotek i nokre barnehagar
- Bokbussen på turne til alle skulane med teaterframvisning utanfor bussen
- Biblioteket var vallokale ved førehandsrøystinga til stortingsvalet og bokbussen var omreisande vallokale i bygdene.
- Kulturprisen 2025 vart tildelt Øystein Skaala for særleg forteneestefull frivillig innsats kulturlivet i Kvinnherad og langvarig formidlar av lokal historie og kultur.
- Kulturstipendet vart i 2025 tildelt Emma Røyrvik Olderkjær for filmproduksjonen "5450 Sunde" - Filmen om kvardagsheltane.
- Frivilligprisen 2025 vart tildelt Tormod Olav Myklebust som nesten to tiår har utvist ein usedvanleg innsats for menneske i naud.
- Med hjarte for alle i Kvinnherad - Opne hus for å motverke einsemd ved å arrangere gratis møteplassar og transport kvar veke i heile kommunen.
- Oppstart av fritidskortet Kvinnherad - ei økonomisk støtteordning som skal bidra til at barn og unge får høve til å delta i organiserte fritidsaktivitetar - uavhengig av familien sin økonomi.
- Frivilligplan - frivilligpolitisk plattform 2025 - 2027 vedteke. Målet med ein frivilligpolitikk er at kommunen skal legge tilrette for at frivilligheita får gode vilkår slik at dei kan skape gode aktivitetar.
- Gjennomført frivilligbørs for første gang i Kvinnherad.
- Kvinnherad kultursenter hadde over 40 000 publikummarar innom døra i 2025.
- Husnes Kino hadde ein markant auke på 25% meir besøkande enn i 2024 etter mykje arbeid med konsept og marknadsføring.

Næringsutvikling, arealforvaltning og anna samfunnsutvikling

- Jordbruksproduksjonen i Kvinnherad er stabil, trass vanskelege tider med prisauke og endra vilkår for drift. Det var 242 søkarar av produksjonstilskot og 104 søknadar i regionalt miljøprogram.
- Skogbruket har høgt aktivitetsnivå har hogstrekkord med hogst av 65 519 m³ tømmer og 52 850 m³ tømmer gjekk over Børnes tømmerkai etter oppgraderinga av denne.
- Reiselivet i kommunen melder om ein god sesong, med litt variasjonar etter kor vørsensitivt produktet deira er.
- Gjennomført tilflyttarsamling, fagmøte for landbruk og tre innspelsmøte i samband med rullering av temaplan reiseliv og temaplan landbruk.
- Planstrategi for valperioden vart vedteken
- Reguleringsplan for Fjelbergsambandet godkjent



- Nytt aktsemdkart for kvikkleire gjort gjeldande for Kvinnherad
- Bestillingsbuss inn i sitt andre av tre prøveår. Skifte av operatør og noko utflating i brukartal
- Utgreiing om interkommunalt hamneselskap
- Forprosjekt for innkorting av ferjesambandet Stord - Kvinnherad
- Regodkjenning som trafikkisikker kommune
- Første runde med stimuleringsmidlar til private bustadfelt

Medarbeidarsamtale

Årlege medarbeidarsamtalar er gjennomført stort sett som planlagt.

Avvik

I sektoren vart det meldt til saman ni avvik i 2025, dei fleste i kategorien HMT men ingen av dei med høg alvorgrad. Tilsette vert oppmoda til å nytte kommunen sitt kvalitets- og internkontrollsystem for å levere avvik ved systembrot og uønskete hendingar. Erfaring tilseier at ikkje alt vert rapportert, så leiarmøte, partsmøte og medarbeidarsamtalar vert også brukt for fange opp uønskete hendingar. I 2025 var det eit aukande fokus på trugande åtferd, risiko ved aleinearbeid og psykiske påkjenningar over tid.

10-faktor

Både i dei einskilde avdelingane og på sektornivå har resultatata frå førre 10 faktor-undersøking blitt følgt opp gjennom året. Motivasjon til å bidra til andre si måloppnåing (prososial motivasjon) og rolleklarheit er to faktorar som det har vore fokusert på særskilt, mellom anna på felles fagdagar for alle tilsette i sektoren.

I sektoren vert ein mal frå 10-faktor nytta i medarbeidarsamtalene.

Årsverk

	Faktiske årsverk fjor 2024	Faktiske årsverk 2025	Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024
Org.eining	Total	Total	Total
Sektorstab	4,01	4,00	-0,01
Kulturarena	6,77	5,48	-1,29
Kvinnherad bibliotek	5,73	5,80	0,07
Frivilligsentralar	2,42	3,42	1,00
Avdeling Næring	6,90	6,80	-0,10
Avdeling Byggesak og geodata	13,34	14,58	1,24
Total	39,17	40,08	0,91

Årsverk (tekst)

Grunna noko svikt i budsjetterte inntekter er fleire budsjetterte stillingar halde ledige. Sektoren har generelt ei nøktern tilnærming til ressursbruk i oppgåveløysinga.

Kommentar til status økonomi



Sektoren har samla sett eit underforbruk på 5,4 % i 2025. Budsjettet vart halde sidan fleire ledige stillingar har vore haldne vakante gjennom året og langtidssjukemelde har ikkje vore erstatta med vikar. Lønsutgiftene hamna såleis ca. 12 % under budsjett. Vakansane har gitt særskild merkbar underbemanning i Avdeling kulturarena, kulturadministrasjonen, Avdeling frivilligsentralar og Avdeling byggesak og geodata. Noko av tenesteproduksjonen har vore supplert med innleige; dette viser att som utgifter til tenestekjøp.

På kulturfeltet er det strame rammer og endra bruksmønstre som gjer det krevjande å halde budsjettet, det gjeld særleg Avdeling kulturarena med Kvinnherad Arena, Kulturhuset Husnes og Husnes kino. Kinoen har gjennom året vist ei gledeleg utvikling både fagleg og økonomisk, og Avdeling kulturarena gjekk ut av 2025 med eit markert underforbruk. Kvinnherad bibliotek har i stor grad lege på budsjett, men hamna til slutt ut med eit lite overforbruk. Avdeling frivilligsentralar har vore prega av vakansar og langtidssjukemeldingar som har gått ut over tenesteproduksjonen. Aktivitetsnivået har likevel vore høgt, men sidan nokre sentrale oppgåver har fått forvanska oppstart har det gitt eit relativt stort underforbruk av budsjetterte midlar.

Driftsrekneskapen til oversiktsplanlegging (kommuneplan og områderegulering) er prega av høg aktivitet og dermed relativt store utgifter. Dette tenesteområdet har difor gått med eit markert overforbruk.

Sektoren har fem sjølvkostområde: Behandling av private forslag til reguleringsplanar, bygge- og delingssaker, oppmålingsforretning, eigedomsseksjonering og utsleppsløyve og tilsyn etter forureiningslova. Eventuelle underskot på gebyrområda etter plan- og bygningslova, eigarseksjonslova eller matrikkellova må subsidirast over dei frie midla til kommunekassen med mindre kommunen allereie har opparbeidd seg eit sjølvkostfond. For 2025 var det ikkje opparbeidd fond for noko område.

Gebyrinntektene innafor sjølvkostområdet byggesak vart for 2025 nedjustert med kr. 1 mill.kr. som eittårig tiltak, og i rekneskapen viste det seg å treffe godt slik at det vart balanse mellom faktiske og forventa inntekter på dette området.

For oppmålingsforretning vart det ikkje gjort tilsvarende nedjustering av budsjetterte gebyrinntekter, og her viser rekneskapen at inntektene vart berre halvparten av det budsjetterte. Det er få teikn til at denne utviklinga vil få vesentleg betring på kort sikt; årsaken ligg i færre store bygge- og delingssøknadar no enn tidlegare og ei gebyrinnetting som ikkje treff optimalt på sakstype/naudsynt ressursbruk.

For private forslag til reguleringsplanar vart inntektene høgare enn budsjettert, men likevel med eit stort gap mellom gebyrinntekter og faktiske utgifter. Det er utbreidd praksis at kommunar ikkje tek seg fullt betalt for sine utgifter på dette feltet.

For eigarseksjonering er det små summar i omløp, men inntektene gjekk noko over budsjett. Utslepp og forureiningstilsyn har heller ikkje store summar, men inntektene gjekk vesentleg over budsjett.

I tabellen under er det vist kalkulerte sjølvkostresultat i 2025 for dei ulike områda. Dette er ikkje eit oversyn over budsjett/rekneskap men ei berekning av kva kommunen kan ta i betaling sett opp mot dei faktiske gebyrinntektene. Kolonna "Dekking" viser delen av utgiftene som gebyrinngangen står for; snur ein reknestykket viser det at kommunen subsidierer mellom 27,9 % og 72,4 % av dei ulike gebyra. Til saman subsidierte kommunen ca. 5 mill.kr. over driftsbudsjettet til dette i fjor.



Sjølvkostområde	Inntekter	Gebyrgrunnlag	Resultat	Dekking
Private reguleringsplanforslag	371.388	1.345.179	- 973.791	27,6 %
Byggesak	3.173.881	5.731.738	- 2.557.857	55,4 %
Oppmåling	1.257.645	2.569.931	- 1.312.286	48,9 %
Eigarseksjonering	63.500	165.801	- 102.301	38,3 %
Utsleppsløyve og forureiningstilsyn	121.364	168.346	- 46.982	72,1 %

Oppsummering tiltak

Underforbruk på løn (vakansar) har vegd opp for inntektssvikten gjennom i året. Grunna underbemanning på fleire område må dei fleste ledige stillingane fyllast, og dette vil gjere det ytterlegare krevjande å halde budsjettet i 2026. Samstundes som ein ser at vakante stillingar har gitt balanse i rekneskapet, kan ein også sjå at underbemanninga har gitt stor slitasje på kollegia i fleire tenesteområde.

Det er behov for å justere forventa gebyrinntekter for bygge- og delingsaker. Kuttet på 1 mill.kr. i 2025-budsjettet for budsjetterte byggesakgebyr trefte godt, men det er ikkje vidareført for 2026. Det blir difor krevjande å halde budsjettet både for byggjesak og oppmåling. Det er starta arbeid for revidering av gebyrregulativet med sikte på auka treffsikkerheit i sjølvkostdekkinga. Vonleg kan dette rette noko på situasjonen.

Organisering av kulturtenestene er under endring, m.a. med mål om robust drift og meir effektiv ressursutnytting. Kultursenteret må tilpassa seg ein situasjon med auka kostnadsnivå ved arrangement. Reinhold og byggdrift av Kvinnherad Arena har fått styrka budsjett i 2026, og vonleg vil det gi positive utslag for aktivitetstilbodet i kommunen si storstove.

Innan arealforvaltninga bør utgifter til kommunen si områdeplanlegging i større grad dekkast over investeringsbudsjettet enn kva som er tilfelle i dag. Driftsbudsjettet er lite rusta og berre måteleg eigna til å dekke slike utgifter.

Totaloversikt drift - fordelt på kontogrupear

Beløp i 1000

	Rev. bud hiå. 2025	Rekneskap hiå. 2025	Avvik hiå.	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025
Lønn	41 116	37 967	3 149	40 327	41 116
Refusjon lønn	-250	-2 082	1 832	-250	-250
Sum Lønn	40 866	35 885	4 981	40 077	40 866
Drift	11 692	15 006	-3 314	11 692	11 692
Kjøp av produksjon	7 653	16 801	-9 148	7 653	7 653
Overføringer	6 903	7 211	-308	6 903	6 903
Finansutgifter	2	1 423	-1 421	2	2
Sum Utgifter	26 250	40 442	-14 192	26 250	26 250
Brukerbetaling	-10 006	-9 856	-150	-10 006	-10 006
Refusjoner	-1 552	-13 215	11 663	-1 552	-1 552



Årsmelding 2025

	Rev. bud hiå. 2025	Rekneskap hiå. 2025	Avvik hiå.	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025
Overføringer	-860	-526	-334	-860	-860
Finansinntekter	-250	-1 125	875	-250	-250
Sum Inntekter	-12 668	-24 723	12 055	-12 668	-12 668
Netto resultat	54 448	51 604	2 844	53 659	54 448

Oppvekst

Skildring av tenesteområde

Oppdraget til sektoren er å gi gode tenester til barn/unge (0-25 år) og familiene deira.

Sektor oppvekst har tenestetilbod frå følgjande kommunale einingar:

- 9 barnehagar
- 13 grunnskular
- Kulturskule: Målgruppe: born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring, vaksne, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikk- og kulturlivet i kommunen.
- Vaksenopplæring
- Barn og familie:
 - Helsestasjon (jordmortenesta, skulehelsetenesta og helsestasjon for barn og foreldre)
 - PP - tenesta
 - Barnevern
 - Avlastning- og butiltak (Villatoppen og Liljetun)
 - Familiestøtte
 - ungdomsteam
 - familieteam

Lovverket som tenestene er heimla i:

- Barnehagelova med forskrifter
- Opplæringslova med forskrifter
- Lov om barnevern
- Lov om kommunale helse og omsorgstenester
- Helsepersonell-lova
- Pasientrettighetslova
- Lov om helseregister

Oppvekst status

Tekst	2024	2025
Fødselstal	127	116
Tal barn i barnehage - haust. (private og kommunale)	628	635
Tal barn i barnehage med vedtak om spesialpedagogisk hjelp	23	22
Tal barn i barnehagen med vedtak om individuell tilrettelegging	22	20
Tal elevar 1. - 4. vår	499	492



Tal elevar 5. - 7. vår	433	426
Tal elevar 8. - 10.	486	475
Tal vedtak ind.tilrett. 1. - 4.	25	24
Tal vedtak ind.tilrett. 5. - 7.	41	46
Tal vedtak ind.tilrett. 8. - 10.	43	49
Tal elevar i kulturskulen	281	270
Deltakarar i vaksenopplæringa på grunnskuleområdet	9	10

Status tenesteområde

Temaplan for Oppvekst legg føringar for gode oppvekstkår for barn og unge. Seks område er definert som grunnleggande; god fritid - god omsorg - god helse - god utdanning - fullverdig liv og vern mot overgrep

Barnehage: Per desember 2025 gjekk 635 barn i barnehage i Kvinnherad. Dette er ein auke på 7 barn frå året før. Av dette hadde 345 barn plass i kommunal barnehage. Dette er ein auke frå forrige år. Den årlege foreldreundersøkinga er ein viktig del av føresette sin medverknad på barnehagetilbodet. Foreldreundersøkinga syner at barna trivest godt i barnehagen. Oppleving av god omsorg, trivsel og utvikling er det som skjer i prosessane i samspelet mellom barn – vaksne, og mellom barn – barn. Føresette er mindre nøgde med barnehagen sitt inne- og utemiljø, og opplever bemanninga som knapp.

Skule og SFO: Per 01.10.25 var det 1393 elevar i Kvinnheradskulen. Dette er 25 elevar færre enn til same tid året før. Elevane i 1. -4. trinn har tilbod om gratis SFO-tilbod, morgon og ettermiddag. Tilbodet følgjer skuleruta. Etter at gratis SFO vart innført i januar 2022, har det vore jamn auke i tal elevar som nyttar seg av SFO. Per oktober 2025 hadde 471 av 492 elevar i 1. - 4. trinn SFO - tilbod.

Elevundersøkinga syner at elevane i stor grad trivest på skulen, og opplever god støtte frå lærarane og dei heime. Som tidlegare år, er det lågast skår på elevane si oppleving av elevdemokrati og medverknad, vurdering for læring og motivasjon. Elevundersøkinga for 2025 syner ein auke i tal elevar på 7.trinn som opplever mobbing.

Barn og Familie: Tenestene har fokus på tidleg innsats, tverrfagleg samhandling, kontinuitet og heilskap i tiltaka for barn, unge og familiar som treng det.

Kulturskulen: Hausten 2025 har Kulturskulen 270 elevar fordelt på 328 elevplassar, då nokre elevar har fleire tilbod. Elevar frå familiar med låg inntekt kan nytta kulturskulen gjennom bruk av fritidskort.

Vaksenopplæringa: Ti elevar deltar i førebuande opplæring (grunnskule) for vaksne. Vaksenopplæringa har per desember omlag 70 elevar, dette er nedgang på 20 elevar frå forrige år.



Viktige hendingar

Viktige hendingar 2025:

- **Husnes barneskule:** prosjektet hadde god framdrift, med overtaking november 2025. Første skuledag for elevane var 05.01.26.
- **Samlokalisering Skarveland -Valen skular:** Evavane frå Skarveland krins starta ved Valen skule hausten 2025. Planarbeidet for ny/rehabiliteret Valen skule er i gang.
- **Heildagsskule:** I april vedtok kommunestyret permanent drift av heildagsskulen ved Hatlestrand skule.
- **Uskedalen barnehage:** Frå hausten 2025 har barnehagen utvida med ei avdeling. Dette har bakgrunn i at Dønhaug barnehage avslutta drifta frå august 2025.
- **Varaldsøy barnehagen:** I tråd med vedtektene, vart barnehagen reopna august 2025.
- **Auke i grunnbemanning:** Etter vedtak i kommunestyret, fekk fire barnehagar auke i grunnbemanning frå august 2025.
- **Foreldrebetaling:** frå hausten 2025 vart foreldrebetalinga, nasjonalt, for barnehageplass redusert, til kr. 700,-. For Kvinnherad er det politisk vedtak om at barnehagebetalinga skal reduserast til kr. 400,- per mnd (frå august 2026)
- **Psykologteam:** Teamet er etablert på tvers av barn og familie - og rus og psykiatri. Saman med dei andre yrkesgruppene er dei med og kvalitetssikrar arbeidet og tenestetilbodet me gir.
- **Kompetanseløft:** Barnevernet og barn og familie har fått anerkjening nasjonalt for prosjektet "E det greitt" - det er ynskje om at dette prosjektet skal lanserast til landets kommunar.

Medarbeidarsamtale

Alle tilsette som har personalansvar har ansvar for éin gang i året å gjennomføra medarbeidarsamtale. Ut frå einingane sine årsmeldingar, ser det ut til at opp mot 100% av dei tilsette har hatt medarbeidarsamtale i 2025.

Avvik

Avvik

Samla tal registrerte avvik:

- **2024:** 131
- **2025:** 281

Det er registrert 150 fleire avvik i 2025 enn i 2024. Avvika er fordelt på dei ulike hovudområda jf. punkt under.

Noko av årsakene til auke i registrerte avvik har nok samanheng med at det siste året er arbeid målretta med å etablere gode rutinar for heilskapleg arbeid med internkontroll, der registrering og handtering av avvik er ein viktig del. I 2024 deltok alle skulane på rettleiing i regi av arbeidstilsynet i 2024 om førebygging og handtering av vald og truslar i skulen. I 2025 har fleire einingar/avdelingar i



sektoren hatt tilsyn på førebygging og handtering av vald og truslar. Det er utarbeida felles plan for vald og truslar i sektoren. Denne dannar grunnlag for det arbeidet som skjer i ulike einingar/avdelingar i sektoren.

- **Organisasjon/internt: 2024: 12 % - 2025: 14%.**

Avvika er hovudsakleg knytt til informasjon og kommunikasjon, tenesteproduksjon, samarbeid og samhandling, saksbehandling, samt materiell og utstyr.

- **Teneste/brukar: 2024 :31 % - 2025: 27%**

Avvika omfattar mellom anna vald og truslar, saksbehandlingstid, samt samarbeid og samhandling.

- **Helse, miljø og tryggleik: 2024: 57 % - 2025: 59%**

Avvik knytte til vald og truslar utgjør 45,2 %. Dei fleste avvika er rapporterte frå 2–3 einingar innan sektoren.

10-faktor

Einingane arbeidar kontinuerleg med resultatata frå 10-faktor.

Årsverk

	Faktiske årsverk fjor 2024	Faktiske årsverk 2025	Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024
Org.eining	Total	Total	Total
Sektorkontor oppvekst	8,60	7,00	-1,60
Halsnøy skule	34,68	34,87	0,19
Undarheim skule	38,65	36,41	-2,24
Sunde skule	16,96	15,67	-1,29
Bringedalsbygda skule	9,85	11,25	1,40
Valen skule	22,80	24,71	1,91
Skarveland skule	6,20	2,43	-3,77
Uskedalen skule	15,52	15,51	-0,01
Omvikedalen skule	15,78	14,67	-1,11
Øyatun Ungdomsskule	14,72	14,72	0,00
Husnes ungdomsskule	42,84	43,62	0,78
Rosendal ungdomsskule	23,34	21,71	-1,63
Malmanger oppvekstsenter	19,28	18,89	-0,39
Åkra oppvekstsenter	5,50	6,09	0,59
Nordsido oppvekstområde	23,36	25,64	2,28
Omvikedalen barnehage	11,60	11,43	-0,17
Uskedalen barnehage	10,35	13,28	2,93
Undarheim barnehage	23,97	22,37	-1,60
Myrane barnehage	24,58	28,86	4,28
Sunde barnehage	14,16	16,05	1,89
Bringedalsbygda barnehage	14,64	11,36	-3,28
Kulturskule	7,68	7,03	-0,65
Barn og Familie	74,46	79,06	4,60

- LEIF OVE MIKKELSEN, 08.04.2026
- NIELS JAKOB ERLINGSSON, 08.04.2026



Årsmelding 2025

Vaksenopplæring	11,32	11,86	0,54
Total	490,84	494,49	3,65

Årsverk (tekst)

Samla sett har sektoren fleire årsverk enn budsjettet legg føringa for.

Einingar med avvik i tal årsverk har

- vikarar for langtidssjukemeldte og tilsette i svangerskapspermisjon
- tilsett ekstra for å styrkje opplæringa for einskild elevar eller grupper (gjeld vedtak og/eller behov som er kome til i løpet av året)
- overlapp når tilsette til dømes skal ut i svangerskapspermisjon
- Barn og familie har færre årsverk, dette grunna vakante stillingar
- for barnehagane ligg òg tilsette som utfører tilrettelegging etter vedtak i denne oversikta. Dette er utgifter som blir refundert frå Sektorkontor - barnehage.
- auka grunnbemanning (Myrane 100%, Undarheim 100% , Uskedalen 80%)
- vikar for tilsett som har redusert stilling (20%) for deltaking i desentralisert barnehagelærer utdanning (Myrane 40%, Undarheim 20%)
- vikar for lærarar som tar vidareutdanning med vikarordning

Nokre einingar skal redusere i årsverk frå nytt barnehage- og skuleår.

Einingar med høgt avvik blir følgt opp.

Kommentar til status økonomi

For 2025 har Sektor oppvekst eit samla meirforbruk på 1,7%, dette er eit betre resultat enn året før, med meirforbruk på 5,1%

Meirforbruket er fordelt på ulike einingar/ansvar der omlag halvparten av einingane har meirforbruk og den andre halvparten mindreforbruk. Gjennom månadleg rapportering og årsmeldinga frå einingane vert årsaka til meirforbruket mellom anna relatert til:

Sektorkontoret: Meirforbruk 20,5%

- gjennomføring av vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i kommunale og private barnehagar. Kostnaden til dette formålet har vore jamn dei siste tre åra. Det har vore nedgang i tal vedtak siste åra, samtidig har vedtaka større omfang.
- det er mottatt mindre overføring/refusjon frå andre kommunar enn budsjettet med ift. fosterbarn i andre kommunar.

Skule og barnehage:

- auka lønsutgifter: for skule er dette knytt til auke i elevar som treng særskilt tilrettelegging. Siste åra har det vore auke i tal elevar med vedtak om individuell tilrettelegging. I tillegg er det også fleire elevar med høgt omfang, og som i hovudsak har behov for opplæring åleine.
- vikarløn: vikar ved korttidsfråvær: Nokre skular brukar eigne tilsette til vikar. Det er positivt og trygt for elevane å få opplæring frå kjente vaksne, men negativt for økonomien då det genererer overtid.



- manglende sjukelønsrefusjon ved langtids- sjukefråvær og ved fødselspermisjon: refusjonen til einingane dekker ikkje lønskostnadene fullt ut.
- heildagsskule: meirutgifter til gjennomføring av heildagsskulen, mellom anna etterfakturering på matlevering.

Barn og Familie: Samla mindreforbruk på 9,3%. Dette er mellom anna relatert til at det ikkje har vore vikar inne i stillingar der tilsette har vore i svangerskapspermisjon og/eller langtidsjukemeldte.

Kulturskule: Mindreforbruk på 3,9%

Vaksenopplæringa: Meirforbruk 18,7%. Dette er i hovudsak relatert til lønsutgifter

Oppsummering tiltak

God økonomistyring

- realistisk budsjett-tildeling
- følgje opp forbruk på fastløn og fastløn lærar månadleg for kvar eining
- periodisere utgifter og inntekter
- følgje opp einingar med avvik i rekneskap ift. budsjett
- sikre midlar til årleg årleg innkjøp av digitalt utstyr ift. IT - strategiplan for barnehage, grunnskule (estimert kostnad vel 2 mill)

Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar

Beløp i 1000

	Rev. bud hiå. 2025	Rekneskap hiå. 2025	Avvik hiå.	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025
Lønn	416 311	430 051	-13 740	406 355	416 311
Refusjon lønn	-16 945	-25 339	8 394	-15 323	-16 945
Sum Lønn	399 365	404 712	-5 346	391 032	399 365
Drift	34 162	34 842	-679	33 709	34 162
Kjøp av produksjon	25 742	27 041	-1 299	25 774	25 742
Overføringer	12 926	10 247	2 679	11 344	12 926
Finansutgifter	2	661	-659	2	2
Sum Utgifter	72 833	72 791	42	70 830	72 833
Brukerbetaling	-8 569	-8 344	-226	-8 256	-8 569
Refusjoner	-30 734	-35 257	4 522	-30 155	-30 734
Overføringer	-27 147	-19 528	-7 619	-27 147	-27 147
Finansinntekter	-228	-2 056	1 828	-228	-228
Sum Inntekter	-66 678	-65 184	-1 494	-65 786	-66 678
Netto resultat	405 520	412 319	-6 798	396 076	405 520



Omsorg Helse og Sosial

Skildring av tenesteområde

1. Bruk av vikarbyrå

Heimetenester - stort forbruk pga. manglende personell. Totalt 5,2 mill. på vikarbyrå, derav 1,4 mill. på Ølve.

Institusjon - manglende fag kompetanse og utfordring med rekruttering, spesielt ROSTunet.

Buhab - bruk av vikarbyrå finansiert med underforbruk på fastlønn.

Helse - ny utfordring på Hatlestrand, som ikkje var planlagt og forventa.

Ansvar	Rev. bud. niå.	Rekneskap niå.
► 402 Husnes/ Helsestunet	0	1 836 030
► 403 Rosendalstunet	0	4 841 342
► 404 Heimetenester	0	5 174 152
► 406 Bu- og Rehabilitering	0	3 278 726
► 409 Helse	10 717 000	13 524 457
Total	10 717 000	28 654 708

2. Gjennomsnittleg lengde på lengde korttidsplass etter eit sjukehusopphald (mål maks 2 veke)

Tal som er lengre enn 2 veker	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
KO etter sjukehusopphald	14	20	16	4	3	6	7	12	15	10	7	9
Rehabiliteringsopphald etter sjukehus	8	7	2	7	0	11	8	8	9	5	12	7

3. Andel brukarar med medisin-dispenser

4. Måltal for tryggleiksalarm som erstattar helsehjelp

Tal	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
Medisindispenser - EMED	19	19	19	19	25	23	23	22	25	25	25	26
Tryggleiksalarm (helsemessig) - VETRG	11	10	10	11	12	10	11	11	11	14	20	21
Kamerabasert tilsyn - VELKAM	12	13	13	18	16	22	21	22	21	25	22	24



Dørsensor - VEDTILS	11	10	10	13	10	11	12	12	12	25	29	40
GPS - VELF	9	8	8	10	10	11	11	9	9	9	9	10
Fallalarm - VELFA	1	1	1	4	9	10	12	10	10	12	16	17
Trygghetsalarm (med egen betaling) - TRY	292	293	296	296	282	271	275	281	285	286	292	293

Viktige hendingar

Utvikling og endring i sektoren

Sektoren er i kontinuerleg utvikling og endring. Vi satsar fortløpande på moderne verktøy som skal støtte dei tilsette i arbeidet, mellom anna gjennom bruk av velferdsteknologi. Samstundes møter vi brukarar med meir samansette sjukdomsbilete og aukande hjelpebehov, noko som stiller større krav til tenestene.

Arbeid innan helse- og omsorgssektoren er i dag mindre attraktivt enn for nokre år sidan. Vi opplever at arbeidskraft i aukande grad går til privat næringsliv og andre arbeidsgjevarar som kan tilby betre økonomiske vilkår eller meir fleksible arbeidsordningar.

Krevjande pasientar

Dei tilsette står i aukande grad overfor brukarar med komplekse og samansette behov. Omstillingsevne og fleksibilitet er avgjerande for å kunne levere forsvarlege og gode tenester. Dette krev målretta arbeid med arbeidskultur, evne til å stå i krevjande situasjonar og aktiv bruk av kompetanse på tvers av einingar.

Tidleg involvering og medverknad frå dei tilsette er difor svært viktig og blir teke på alvor.

Kommunen har dei siste åra starta arbeidet med å ta tilbake brukarar med særleg krevjande behov som tidlegare har vore plasserte hos private aktørar, mellom anna Stendi. Den første brukaren vart teke imot ved Husnestunet i desember 2025. Einingane samarbeider vidare om planlegging og tilrettelegging for neste brukar, med mål om å finne gode og berekraftige løysingar både for brukaren og kommunen.

Kamerabasert tilsyn

Første fase av prosjektet med kamerabasert tilsyn er avslutta. Dette inneber at Rosendaltunet no er klare til å ta i bruk kamerabasert tilsyn for alle aktuelle brukarar. Tenesta er behovsstyrt og føreset vedtak.



Per i dag er det i bruk om lag 25 løysingar for kamerabasert tilsyn i kommunen, fordelte slik:

- 1 ved Ølve
- 1 ved Husnestunet
- 1 i Pillavegen
- 3 ved Heradstunet
- resten ved Rosendaltunet

Vidare implementering er planlagt i løpet av 2026, med mål om å ta løysinga i bruk ved Halsnøytunet og i bufellesskapa i kommunen. Bruk av kamerabaser tilsyn vert vurdert som lovande, men føreset vedtak på teneste og samtykke frå brukar.

Rekruttering

Sektoren har store utfordringar knytt til rekruttering av både faste tilsette og vikarar. Dette er særleg merkbart i einingar som ligg perifert i utkant i kommunen, som Ølve og Halsnøy. I tillegg er det utfordrande å skaffe tilstrekkelege vikarar over 18 år.

Sektoren vurderer bruk av rekrutteringsfirma for å sikre nødvendig kompetanse i framtid. Til dømes innan helsetenestene (lege), der har vi rekruttert en lege som startar første kvartal 2026.. Sjølv om dette krev meir innsats i oppstart, framstår ordninga som eit lovande tiltak for å sikre stabil arbeidskraft over tid, med bindingstid. Dette kan gi lågare kostnader samanlikna med bruk av tradisjonelle vikarbyrå.

Framtidige tenester

Sektoren arbeider med å se på framtidig organisering og utvikling av tenestene. Dette er et nødvendig arbeid som har vore jobba med i kommunen over år, og er oppsummert som et naudsynt tiltak i helsepersonellkommisjonens rapport **Tid for handling** av 2025.

Med bistand frå ekstern konsulent i 2025, er det sett i gang ein prosess, for å utvikle ein utviklingsstrategi for institusjonstenestene og heildøgnsomsorg i framtidias Kvinnherad.

Med bakgrunn i demografisk utvikling kan kommunen forvente ein aukande del eldre innbyggjarar i åra som kjem. Dette krev omstilling i både tenestestruktur og måten tenestene blir leverte på. Av omsyn til avgrensa tilgang på arbeidskraft må kommunen i større grad enn i dag satse på heimetenester og førebyggjande tenester. Man må og i større grad tenke kommunale tenester i og ved Husnes og Rosendal.

I tillegg er det behov for å drøfte, avklare og sette retning for en framtidig strategi for Husnestunet og Halsnøytunet. Av den grunn er det satt ned ei arbeidsgruppe med politikere og administrasjon for å kunne finne gode grunnlag for beslutninger til framtidig institusjon og heildøgnsomsorg i kommunen vår.

Sektoren er i kontinuerleg utvikling og endring. Vi satsar fortløpande på moderne verktøy som skal støtte dei tilsette i arbeidet, mellom anna gjennom bruk av velferdsteknologi. Samstundes møter vi brukarar med meir samansette sjukdomsbilete og dermed aukande behov for hjelp.



Arbeid innan helse- og omsorgssektoren er i dag mindre attraktivt enn for nokre år sidan. Vi opplever at arbeidskraft i aukande grad går til privat næringsliv og andre arbeidsgjevarar som kan tilby betre vilkår eller meir fleksible arbeidsordningar.

Medarbeidarsamtale

Medarbeidar samtale er ein årleg og obligatorisk utviklingsamtale mellom næraste leiar og medarbeidar. Medarbeidar stemma er viktig og kommunalsjef har gjennomført medarbeidarsamtaler med alle sine leiarar siste året. Vidare har einingsleiarar samtale med sine avdelingsleiarar og avdelingsleiar skal ha samtale med tilsette i sine avdelingar. Gjennom desse samtalanane kan ein og få avdekt forventingar til kvarandre og moglegheit for fagleg utvikling. Dette tar leiaren med seg mellom anna vidare til arbeidet som blir gjort med sektoren sin kompetanseplan.

Avvik

I 2025 vart det 1842 avvik i sektoren. Avvika kan kategoriserast innanfor følgjande tre område:

Teneste/brukar

Hendingar og situasjonar som vedkjem tenestemottakarar (eksempelvis pasientar)

Organisasjon/internt

Hendingar og situasjonar knytt til interne forhold på arbeidsplassen. Dette vere seg samarbeid, organisering, avtaler osv.

Helse Miljø og Tryggleik (HMT)

Hendingar og situasjonar knytt til helse, miljøet eller tryggleiken til dei tilsette. Vidare også hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljøet på arbeidsplassen. Eksempel skade på utstyr.

Avviksmeldingane i sektoren er fordelt slik i 2025:

Teneste/brukar: **1266** = 51,4%

Organisasjon/internt: **453** = 18,4%

HMT: **744** = 30,2%

Det har vore ein auke frå 1534 meldte avvik i 2024 til 1842 meldte avvik i 2025, i sektor OHS samla. Auken er på **308** avvik.



Noko av auken kan skuldast fokuset sektoren har hatt på avvik og forbetningsarbeid i samband med Kvalitetsvisittane som er gjennomført i einingane. Ein har i kvalitetsvisittane hatt fokus på viktigeita av å melde avvik og forbetring som kan komme gjennom meldte avvik.

Når ein går inn i tala ligg auken primært hos Heimetenester (+ 113), Nav (+43) og Institusjonstenesta (+ 208).

For heimetenester er det heimeteneste sør, som står for hovuddelen av dei meldte avvika (326 av totalt 508). Det i hovudsak medisin avvik som er meldt for gruppene på Husnes og i hovudsak for fulle arbeidsliste som er grunn til avvika på Halsnøy.

Nav har ein dobling av tal meldte avvik i 2025 (37 til 80), og det er i all hovudsak sosialtenesta som har meldt desse. Dette skuldast i all hovudsak truslar mot tilsette.

Institusjonstenesta har ein nedgang totalt sett i Rosendal, men ein markant auke på Korttid og Langtidsopphald på Halsnøy, samt hos nattevaktene i sør. Her handlar avvika i stor grad om støy, vald/truslar og trakassering av personalet.

10-faktor

10 - faktor - systematisk arbeid med arbeidsmiljø og leiing

Kvinnherad kommune gjennomfører 10 faktor - annakvart år, sist i 2024. Undersøkinga vart ikkje gjennomført i 2025, men resultatata frå førre gjennomføring ligg til grunn for det kontinuerlege utviklingsarbeidet i sektoren. 10-FAKTOR gir kunnskap om forhold som forskning viser har betydning for kvalitet i tenestene, medarbeidarane si motivasjon og nærvær. Ho måler mellom anna meistringsorientert leiing, rolleklårleik, relevant kompetanseutvikling, samarbeid og arbeidsglede. Resultata vert brukte aktivt i leiargrupper og einingar for å identifisera styrkar og forbetningsområde, og dannar grunnlag for konkrete tiltak knytte til arbeidsmiljø, leiing og organisasjonsutvikling.

Årsverk

	Faktiske årsverk fjor 2024	Faktiske årsverk 2025	Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024
Org.eining	Total	Total	Total
Sektorkontor Omsorg, Helse og Sosial	3,42	2,75	-0,67
Institusjonar	200,59	197,32	-3,27
Heimetenester	125,64	121,05	-4,59
Bu- og Habilitering	135,66	128,17	-7,49
Rus og psykisk helsetenester	51,23	49,91	-1,32
Helse	30,21	34,15	3,94
Sosiale tenester	25,60	22,42	-3,18
Matforsyning	6,13	6,49	0,36
Aktivitet og Rehabilitering	39,53	38,22	-1,31
Total	618,01	600,48	-17,53



Årsverk (tekst)

Totalt har sektoren en forskjell på 8 årsverk mot budsjett.

Eining	diff i årsverk	kommentar
Sektor kontor	0,19	20% av kreft koordinator stilling som er dekket av team
HUS/ HAL	-5,92	noen oppseiing og langsiktig sjukmelding
ROS	6,33	ledige stillingane som er lyst ut
HT	0,41	BPA ordning frå april
BUHAB	7,41	endring av strukturen pga. Heradstund
RUPS	-1,89	sjukmelding og ikkje besett stilling av psykolog
Helse	0,21	ift. plan
Sosial Tenester	1,96	ift. langsiktig sjukmelding og pensjon stilling er ikkje besett enda (forsinkelse i rekrutteringsprosessen)
Matforsyning	-0,56	vikar ift. langsiktig sjukmelding
Aktivitet og rehabilitering	-0,11	ift. plan

Kommentar til status økonomi

Sektoren sitt rekneskap er utfordrande. Den viser 7,6% overforbruk.

På grunn av fleire utforsette hendingar og situasjonar, kor vi måtte reagere rask, for å sikre liv og helse, har det vore innleidd ekstra personell. Det største overforbruket er på heimeteneste (17 mill.) og institusjonane (17,5 mill.). Dei to einingane har hatt manglande bemanning pga. sjukdom. Det har vore nytta vikarbyrå gjennom heile året.

Særdeles behov har det vore i tenestene i utkantane av kommunen (heilt i sør og Ølve området). Vikarbyrå har også vore brukt i helseeininga. Hatlestrand helsesenter måtte leige inn vikarlege frå september og ut året. Den innleia utgjør omlag 4 mill. overforbruk.

Rask tilpassing av drift til nye behov, gjer at budsjettet ikkje følgjer opp fastsette rammar. Handtering av krevjande pasientar, og endring frå sovande til våken nattvakt i psykisk helse utgjer fleire tilleggs kostnader.

Sjølv om gjennomsnittlig sjukefråvær i 2025 låg mellom 9-10%, viser 4.kvartal 12%. Nokre avdelingar i institusjonstenestene og heimetenestene er sjukefråværet større enn snitt, og dette fylgjer vi no spesielt opp med ekstra nærvær tiltak.



Lønn (-25 mill. reelt 20,7 mill.)

- positiv verknad på lønnskostnader er finansiert av fond / tilskott (kompetanse stipend, trivsels vaktmeister, NAV tilskott, digital teneste på ROS, ernæring- tilskott i RUPS) - 1,2 mill. som er viset i reelt avvik
- utbetaling til legene (-3,4 mill.) er finansiert frå inntektene, hor er planlagt 100% inntekt - forskyving mellom konto artene.
- overforbruk på tillegg (-7,5 mill.) er knytt til sjukefråvær i løpet av året
- overtid (13,9 mill.) - dette ble brukt framfor innleie av vikar frå byrå
- positiv avvik på refusjon lønn finansierer avvik på intern vikar kostnader eller lønn ekstra hjelp
- avvik på introduksjon stønad skal dekkast av integreringstilskott i inntekts området

Utgifter (-36 mill. reelt 28 mill.)

- Drift (-25 mill. reelt 21 mill.)
 - kurs-utgifter og opplæringsplan er finansiert av tilskott frå Statsforvalter eller OU midlar (2 mill.), sjølv om de er vist her som utgifter
 - 1,6 mill. medisinske forbruksvarer eller utstyr, sjølv om det var stabilt etter 3. kvartal
 - 1 mill. matvarer - dette gjeld auke i mateprisane som ikkje vart finansiert i revidert budsjett
 - 18,5 mill. gjeld vikarbyrå og husleige - det har vore eit veldig stort behov for innleie spesielt i utkantane i kommunen (Ølve, Halsnøy). I tillegg er det legeteneste som har måtte bruke vikarbyrå
 - 0,5 vaskeri tenester
 - rest gjeld overforbruk på forskjellige postar knyttet til inventar eller tekniske utstyr
- Kjøp av produksjon (-5 mill.)
 - overforbruk - overliggje døgn (2,1 mill.)
 - samarbeid med Tysnes kommune (2,7 mill.) på Hatlestrand
- Overføringar (-0,7 mill.) - gjelder i stor del MVA
- Finansutgifter (-5 mill. reelt 1,3 mill.)
 - her er ca. 4 mill knytt mot avsetning til fond
 - litt høgare utbetaling frå sosial utlån (0,2 mill.)

Inntekter (+15 mill. reelt 3,5 mill.)

- Brukar betaling (+7 mill.) - dette baserer seg på innbyggjar inntekter, og av den grunn vanskelig å forut sjå
- Refusjonar (+6,7 mill. reelt 0,7 mill.)
 - inkluderer alle tilskott som kommune fikk (minst 4,3 mill.) - dette ble flyttet til fond og frigjorast til drift gradvis ved bruk eller behov
 - 3 mill. som er knytt til utbetaling til legene (30% inntekter og eigen andel)
- Overføringar (+2,8 mill.)
 - manglande inntekt frå integreringstilskott som skulle finansiere alle utgifter knytt til utlendingar. Visma viser inntektene på 24,6 mill., kor Framsikt viser kun 18,9 mill.
 - 1,8 mill. ALIS tilskott som skulle bli tatt imot lønn / driftsutgifter
- Finansinntekter (+5,6 mill.) gjeld forskjellige tilskott ordningar som ble flyttet til fond og frigjør i løpet av året



Oppsummering tiltak

1. tett samarbeid med personal avdeling - oppfølging av sjukefråvær
2. diskusjon, prosess og avklaringar om korleis vi kan sikre stabil bemanning i institusjonar - rekrutterings bonus vs rekrutterings firma vs vikarbyrå
3. jobbe på tvers av einingar - ta i mot krevjande pasientar med eksisterande bemanning ved å tilpasse bygningsmasse eller lokalisasjon
4. større bruk av digitalisering - korleis kan vi bruke digitale tilsyn i heimen
5. strengere tildeling av tenester til innbyggjarar

Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar

Beløp i 1000

	Rev. bud hiå. 2025	Rekneskap hiå. 2025	Avvik hiå.	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025
Lønn	582 350	614 039	-31 689	571 567	582 350
Refusjon lønn	-26 729	-34 835	8 106	-26 729	-26 729
Sum Lønn	555 621	579 204	-23 583	544 837	555 621
Drift	51 023	80 324	-29 301	39 776	51 023
Kjøp av produksjon	47 474	52 711	-5 237	46 845	47 474
Overføringer	26 134	26 895	-762	26 103	26 134
Finansutgifter	110	5 486	-5 376	110	110
Sum Utgifter	124 741	165 416	-40 676	112 833	124 741
Brukerbetaling	-32 300	-39 471	7 171	-32 300	-32 300
Refusjoner	-16 190	-22 839	6 650	-16 190	-16 190
Overføringer	-23 784	-20 926	-2 858	-23 784	-23 784
Finansinntekter	-516	-6 155	5 638	-516	-516
Sum Inntekter	-72 790	-89 391	16 601	-72 790	-72 790
Netto resultat	607 572	655 230	-47 658	584 881	607 572

Teknikk og Miljø

Skildring av tenesteområde

Sektor teknikk og miljø leverer ei rekkje tenester direkte til innbyggjarane, men også til resten av organisasjonen. Vi har fokus på god kvalitet og god profil med tanke på helse og miljø. Val av løysingar skal tuftast på høg fagleg og kostnadseffektiv kompetanse.

Sektor teknikk og miljø består av følgjande einingar:

1. Sektor stab
2. Eining for bygg og eigedom
3. Eining for prosjektering og utbygging
4. Eining for vatn og avløp
5. Eining for veg og park
6. Eining for brann og redning
7. Eining for reinhald

Sektor teknikk og miljø hadde 91,51 årsverk i 2025, tilsvarande 90,61 årsverk i 2024.

Dei ulike einingane leverer ulike tenester innanfor utvikling, forvaltning og drift av kommunale bygg og eigedomar, offentleg infrastruktur som veg, vassforsyning og avløpshandtering, handtering av overvatn,



flaum og ras, samt brann og redningstenester. Vidare har sektoren også ansvar for den kommunale bil- og maskinparken.

Renovasjon- og slaminnsamling vert utført av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS.

Nokre fakta:

- Bygg og eigedom driftar og vedlikehald totalt 124 350 kvadratmeter bygningsmasse.
- Deler av bygningsmassen byrjar å bli gammal og mange av dei tekniske installasjonane er langt over si forventa levetid.
- Vatn og avløp driftar 9 kommunale vassverk som forsyner ca 75 % av innbyggjarane i kommunen.
- På avløp er det 3 silanlegg, 30 slamavskiljarar og 34 pumpestasjonar.
- Kommunen har god dokumentert oversikt over tilstand og utfordringar i VA-anlegga og leidningsnett.
- Veg og park har ansvar for omlag 190 km kommunale vegar der omlag 60 % har fast dekke, kring 40 bruer, 15 kaiar, diverse parkareal, fleire idrettsanlegg, friområde og omlag 150 køyretøy, av desse 21 EL-bilar.
